

# Hjelp, redd meg frå uveret!

Ein diskursanalyse av farevarsla på Yr

av

Kjersti Olsnes



**Universitetet i Bergen**

*Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium*

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk

Våren 2024



# Forord

Det har vore eit spennande år å skrive denne masteroppgåva, gjennom året har både ekstremveret «Hans» og «Ingunn» gjort sin entre og påført samfunnet skade, til trass for litt uheldige konsekvensar har ekstremveret også inspirert og motivert meg gjennom prosessen. Det er stas å få undersøke og bidra på eit så aktuelt og spennande felt, som farevarsling er.

No som arbeidet er ferdig ynskjer eg å nytte høve til å takke fleire personar for å ha hjelpt og hatt tru på masterprosjektet mitt. Fyrst og fremst vil eg rette ein stor takk til min rettleiar, Helga Mannsåker, som har gitt stødig hjelp og rettleiing gjennom heile prosjektet. Gjennom tidlegare emnar har ho også vist kor gøy det kan vere å arbeide med språk, og at nordisk kan vere eit svært nyttig fag også utanfor klasserommet.

Eg vil også takke min andre rettleiar Anders Doksæter Sivle, frå Meteorologisk Institutt. Det har gitt trygghet å vite at eg har ein ekspert å spørje om store og små spørsmål i forbindelse med oppgåva. Han har kome med gode innspel, og bidratt til at eg opplever at prosjektet er viktig og kan bidra til betre farevarsling. I tillegg må eg få takke dei andre på Meteorologisk institutt som har bidratt gjennom å kome med ulike innspel og lest og kvalitetssikra innhaldet om farevarsla.

Eg vil også gjerne takke gjengen på lesesalen, deke har gjort året kjekt. Til slutt må eg også takke mamma og pappa. Mamma har tatt seg tid til å høyre på meg i tide og utide, noko som verkeleg har vore til stor hjelp dette året. Eg vil også takke pappa, for å ha tatt meg med på ski, og passa på at eg ikkje vart alt for oppslukt i oppgåva.

Kjersti Olsnes

# Innhaldet

|                                                        |            |
|--------------------------------------------------------|------------|
| <b>Forord</b> .....                                    | <b>iii</b> |
| <b>Tabellar</b> .....                                  | <b>vii</b> |
| <b>Figurliste</b> .....                                | <b>vii</b> |
| <b>1 Innleiing</b> .....                               | <b>1</b>   |
| 1.1 Tidlegare forskning .....                          | 2          |
| 1.1.1 Tidlegare forskning i norsk kontekst .....       | 3          |
| 1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål.....          | 7          |
| 1.3 Oppgåvas struktur.....                             | 8          |
| <b>2. Bakgrunn</b> .....                               | <b>9</b>   |
| 2.1 Eit kort historisk tilbakeblikk .....              | 10         |
| 2.2 Farevarsla i dag.....                              | 11         |
| 2.2.1 CAP-formatet .....                               | 11         |
| 2.2.2 Faregradering .....                              | 13         |
| <b>3 Teori</b> .....                                   | <b>15</b>  |
| 3.1 Språkleg kommunikasjon .....                       | 15         |
| 3.1.1 Språkhandlingsteorien .....                      | 15         |
| 3.1.1.1 Klassar av illokusjonære språkhandlingar ..... | 16         |
| 3.1.2 Relevanteorien .....                             | 18         |
| 3.1.2.1 Slutningsbasert kommunikasjon.....             | 19         |
| 3.3 Diskursklassifisering.....                         | 21         |
| 3.3.1 Sjanger.....                                     | 21         |
| 3.3.1.1 Analyse av sjangrar .....                      | 23         |
| 3.3.1.2 Sjangerskjema .....                            | 23         |
| 3.3.2 Teksttype.....                                   | 24         |
| 3.3.3 Digitale tekstar og sjanger.....                 | 27         |
| 3.3.3.1 Digitale tekstar .....                         | 27         |
| 3.3.3.2 Sjanger og skjermttekstar.....                 | 28         |
| 3.4 Samanfatning .....                                 | 28         |
| <b>4 Klarspråk</b> .....                               | <b>29</b>  |
| 4.1 Mottakarbevisstheit .....                          | 30         |
| 4.1.1 Kommunikasjonssituasjonar .....                  | 31         |
| 4.2 Struktur.....                                      | 32         |
| 4.3 Syntaks.....                                       | 32         |
| 4.4 Ord nivå .....                                     | 33         |
| 4.4.1 Fagtermar .....                                  | 33         |
| 4.5 Punktlistar .....                                  | 34         |
| 4.6 Samanfatning .....                                 | 35         |
| <b>5 Metode</b> .....                                  | <b>36</b>  |
| 5.1 Diskursanalyse .....                               | 36         |
| 5.2 Innsamling av data .....                           | 36         |

|                                                                                  |           |
|----------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| 5.3 Framgangsmåte .....                                                          | 39        |
| 5.3.1 Illokusjonære språkhandlingar .....                                        | 40        |
| 5.3.2 Kommunikativt mål .....                                                    | 41        |
| 5.3.3 Sjangerskjema .....                                                        | 41        |
| 5.3.4 Intendert mottakar .....                                                   | 42        |
| 5.3.5 Syntaktisk analyse.....                                                    | 42        |
| 5.3.6 Ordnivå: fagterminologi .....                                              | 43        |
| <b>6 Analyse .....</b>                                                           | <b>45</b> |
| 6.1 Kommunikativt mål.....                                                       | 45        |
| 6.1.1 Tekstekstern.....                                                          | 45        |
| 6.1.2 Tekstintern.....                                                           | 46        |
| 6.2 Sjangerskjema .....                                                          | 47        |
| 6.2.1 Farevarsel som ein argumenterende teksttype .....                          | 49        |
| 6.3 Klassar av illokusjonære språkhandlingar.....                                | 52        |
| 6.3.1 Illokusjonære språkhandlingar under overskrifta <i>anbefalingar</i> .....  | 52        |
| 6.3.1.1 Transport og reising .....                                               | 52        |
| 6.3.1.2 Unngå ferdsel .....                                                      | 53        |
| 6.3.1.2.1 Implisitt: unngå ferdsel.....                                          | 55        |
| 6.3.1.3 Følg med.....                                                            | 55        |
| 6.3.1.4 Følg myndigheites instruksjonar .....                                    | 56        |
| 6.3.1.5 Andre tiltak .....                                                       | 56        |
| 6.3.1.6 Beredskap .....                                                          | 57        |
| 6.3.1.7 Konsekvensar i anbefalingane.....                                        | 58        |
| 6.3.2 Illokusjonære språkhandlingar under overskrifta: <i>Konsekvenser</i> ..... | 60        |
| 6.3.2.1 Transport og reising .....                                               | 60        |
| 6.3.2.2 Utsett bygningar og infrastruktur.....                                   | 62        |
| 6.3.2.3 Utsett naturområde.....                                                  | 62        |
| 6.3.2.4 Andre konsekvensar .....                                                 | 63        |
| 6.3.2.5 Anbefalingar under konsekvenser.....                                     | 64        |
| 6.3.3 Klassar av språkhandlingar: <i>Beskrivelse</i> .....                       | 64        |
| 6.4 Intenderte mottakarar .....                                                  | 67        |
| 6.4.1 Geografi og tid.....                                                       | 67        |
| 6.4.2 Ulike anbefalingar til ulike intenderte mottakarar .....                   | 68        |
| 6.5 Syntaks.....                                                                 | 71        |
| 6.5.1 Setningsfragment .....                                                     | 71        |
| 6.6 Ordnivå.....                                                                 | 72        |
| 6.6.1 Fagtermar .....                                                            | 72        |
| 6.6.1.1 Fagtermar i NVE sine varsel .....                                        | 72        |
| 6.6.1.2 Fagtermar hos MET.....                                                   | 74        |
| 6.7 Oppsummering av funn.....                                                    | 75        |
| <b>7 Diskusjon .....</b>                                                         | <b>78</b> |
| 7.1 Kommunikativt mål.....                                                       | 78        |
| 7.2 Struktur.....                                                                | 80        |
| 7.2.1 Argumenterende Bølgemønster .....                                          | 81        |
| 7.2.2 Argumenterende blokkemønster.....                                          | 85        |
| 7.3 Punktlister .....                                                            | 87        |
| 7.3.1 Du- tiltale og direktive språkhandlingar .....                             | 88        |
| 7.4 Setningsfragment og fagterminologi.....                                      | 90        |
| 7.4.1 Setningsfragment .....                                                     | 90        |

|                                                    |            |
|----------------------------------------------------|------------|
| 7.4.2 Fagtermar .....                              | 91         |
| 7.4.2.1 Termbruk i teksten .....                   | 95         |
| 7.5 <i>Samanfatning av diskusjon</i> .....         | 96         |
| <b>8 Oppsummering og konklusjon</b> .....          | <b>97</b>  |
| <b>Litteraturlista</b> .....                       | <b>100</b> |
| <b>Vedlegg 1: transkriberte farevarsel</b> .....   | <b>104</b> |
| <b>Vedlegg 2: Skjermdumper av farevarsel</b> ..... | <b>118</b> |
| <b>Vedlegg 3: Fagtermar</b> .....                  | <b>125</b> |
| <b>Samandrag</b> .....                             | <b>134</b> |
| <b>Abstract</b> .....                              | <b>135</b> |
| <b>Profesjonsfagleg relevans</b> .....             | <b>136</b> |

## Tabellar

|                                                                                                                   |    |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Tabell 1 CAP-elementa .....                                                                                       | 12 |
| Tabell 2 Kjenneteikn ved ulike klassar av illokusjonære språkhandlingar henta frå Svennevig, (2020, s. 91). ..... | 17 |
| Tabell 3 Oversikt over analysematerialet.....                                                                     | 37 |
| Tabell 4 Anbefalingar om transport og reising.....                                                                | 53 |
| Tabell 5 Anbefalingar om å unngå ferdsel .....                                                                    | 54 |
| Tabell 6 Anbefalingar om å følge med .....                                                                        | 56 |
| Tabell 7 Anbefalingar om å følge myndigheitas instruksjonar .....                                                 | 56 |
| Tabell 8 Anbefalingar om andre tiltak .....                                                                       | 57 |
| Tabell 9 Anbefalingar til beredskap .....                                                                         | 58 |
| Tabell 10 Konsekvensar i anbefalingane .....                                                                      | 59 |
| Tabell 11 Konsekvensar for reising og transport.....                                                              | 61 |
| Tabell 12 Konsekvensar om utsett bygningar og infrastruktur.....                                                  | 62 |
| Tabell 13 Konsekvensar om utsett naturområde .....                                                                | 63 |
| Tabell 14 Andre konsekvensar.....                                                                                 | 63 |
| Tabell 15 Omgrep brukt i overskrift og i skildringa.....                                                          | 66 |
| Tabell 16 Geografisk og tidsmessig avgrensing i farevarsla.....                                                   | 68 |
| Tabell 17 Setningsfragment i form av substantivfraser .....                                                       | 71 |
| Tabell 18 antal fagtermar i NVEs farevarsel .....                                                                 | 73 |
| Tabell 19 Antal fagtermar i METs farevarsel.....                                                                  | 74 |

## Figurliste

|                                                                                                  |    |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Figur 1 Farevarsel henta frå Yr .....                                                            | 9  |
| Figur 2 Sannsynlegheit og farenivå henta frå Meteorologisk institutt (2023a) .....               | 14 |
| Figur 3 CARS modell for introduksjon henta frå Swales, (1990, s.141).....                        | 24 |
| Figur 4 fire komponentskjema henta frå Breivega og Johansen, (2016, s. 55).....                  | 25 |
| Figur 5 Minimal realisering av PL-skjemaet henta frå Breivega og Johansen (2016, s. 56)<br>..... | 25 |
| Figur 6 PL mønster henta frå Trikkonen Condit (1985, s. 37). .....                               | 27 |
| Figur 7 Struktur i farevarsla .....                                                              | 47 |
| Figur 8 Farevarsel MET2.....                                                                     | 50 |
| Figur 9 Illustrasjon farevarsel henta frå Yr.....                                                | 65 |
| Figur 10 Sjangerskjema for farevarsla på Yr .....                                                | 76 |
| Figur 11 MET8.....                                                                               | 82 |
| Figur 12 NVE4.....                                                                               | 83 |
| Figur 13 Skisse til nytt farevarsel .....                                                        | 84 |
| Figur 14 Eldre farevarsel .....                                                                  | 86 |
| Figur 15 døme på hybrid løysning henta frå Dyregrov, 2024. ....                                  | 95 |

# 1 Innleiing

Klimaet er i endring, og ifølge FN (2024) kan vi forvente oss meir ekstremver over heile kloden. Det er venta at det vert endring i nedbørsmonstret, og ein kan forvente meir ekstremnedbør, hetebølger, flaumar og orkanar, og at slike hendingar vil kome oftare. Slikt farleg ver kan ha ulikt skadeomfang, og det er viktig å få tilgang til god informasjon slik at ein kan gjere tiltak for å sikre liv og verdier. Korleis ein skal informere befolkninga om slike naturfarar, er eit viktig spørsmål. To av dei sentrale institusjonane som arbeider med slike spørsmål i Noreg, er Meteorologisk institutt, vidare forkorta MET og Norges vassdrags- og energidirektorat, vidare forkorta NVE.

Meteorologisk institutt varslar ver, overvakar klima, driv forskning og formidlar informasjon om ver og klima til ulike brukargrupper. Instituttet har utvikla og leverer ulike tenester til samfunnet (Meteorologisk institutt, 2017). Til dømes har dei saman med NRK tenesta Yr. Yr er ei teneste for vervarsel og anna meteorologisk informasjon. Noregs vassdrags- og energidirektorat ligg under Olje- og energidepartementet og skal forvalte vass- og energiressursar i landet. I tillegg vart dei også den statlege forvaltningsoppgåva innanfor skredførebygging (NVE, 2015). Både Meteorologisk institutt og Norges vassdrags- og energidirektorat er viktige for samfunnet når det kjem til ver som kan vere farleg og få store konsekvensar, da dei sender ut naturfarevarsel eller det som er betre kjent som berre farevarsel. Farevarsla vert sendt ut for å varsle innbyggjarane og beredskapsaktørar om farleg ver og andre naturfarar.

Farevarsla er ein relativt ny sjanger og vart lansert i 2018, før dette vart det brukt andre varslingsystem. Farevarsla har som føremål å gje informasjon om venta farleg ver, flaum og skredfare, i tillegg skal varsla kome med anbefalingar og informasjon om moglege konsekvensar som uveret kan gje. Varsla skal gje samfunnet moglegheit til å førebu seg på uveret slik at ein kan redusere skadeomfanget og sikre liv og verdier (Sivle, 2023a). Farevarsla vert distribuert gjennom forskjellige kanalar, som Yr, Varsom, og gjennom varsom si abonnementsløysing i tillegg til internasjonale sider som meteoalarm.org, kor ein kan få oversikt over farevarsla i Europa. Dei norske farevarsla er fordelt mellom MET og NVE. MET sender ut farevarsel for tretten ulike fenomen: Hetebølger, is, ising på skip, kuling- / stormvarsel for kyst og nære fiskebankar, lyn, polare lågtrykk, regn, styrtregn, skogbrannfare, snø, snøfokk, vind over land og vasstand langs kysten og fjordane (Meteorologisk institutt,



2023b). NVE sender ut fem ulike typar: Snøskred, flaum, jord-, sørpe- og flaumskred, fjellskred og isvarsel (Krøgli et al., 2020). Det er ikkje alle varsla som vert publisert på alle kanalane, på Yr finn ein til dømes ikkje fjellskred og isvarselet til NVE.

Dårleg ver kan koste samfunnet dyrt, og i det siste har det vore mykje dårleg ver. I 2023 vart det sendt ut omlag 1014 farevarsel, og da har ein berre talt med farevarsel som gjeld på land og ikkje dei varsla som vert sendt ut for hav og kyst (Olsson & Kristensen, 2024). At uver skapar skadar, kan ein også sjå på naturskadeerstatninga for 2023. Naturskadeerstatninga var høg, og anslaget er på ca. 3,8 milliardar kroner. Ekstremveret «Hans», som skapte fleire jordskred, flaum og overfløyning i Sør-Norge, i starten av august ser ut til å utgjere 40 % av dei samla naturskadeerstatningane for 2023 (Norsk Naturskadepool, 2024). For å møte utfordringane som kjem med ekstremver og andre naturfarar er det behov for fleire tiltak. Det trengs innovasjon for å gjere samfunnet og kommunane betre rusta for meir ekstremver. Blant anna må ein utvikle fuktsikre bygningar, lage løysningar for overvatn og ha gode varslingsystem. Det er viktig å sjå på dei ulike delane som gjer at naturskadane vert så store og dyre. Farevarsla er viktig for at beredskapsaktørars skal vere førebudd på ekstremver og anna farleg ver. Slik at dei kan stenge bruer, legge ut sandsekker eller sette i gang andre tiltak for å møte utfordringane med veret. Farevarsla er også nyttig for andre delar av befolkninga slik at dei som er i det gitte området kan sette inn tiltak for å minske skadane. Tiltak kan vere å feste trampolinen, legge om køyreruta eller flytte verdisaker vekk frå kjellaren.

## 1.1 Tidlegare forskning

Det er gjort mykje forskning på farevarsel i andre land, men ein finn få norske studiar. I denne delen kjem eg til å trekke fram nokre av den internasjonale forskinga, før eg gjer greie for relevant forskning gjort i norsk samanheng. Neußner (2021) gjennomført ein studie som tar føre seg korleis farevarsel vert brukt og kva ordningar som er i ulike land. Undersøkinga viser at det er eit stort mangfald av ordningar for farevarsel. Varsla vert til dømes formulert ulikt, antal varslingsnivå eller farenivå er ulik mellom land, og kva fargekode dei ulike nivåa har varierer. Likevel viser undersøkinga at det nokre trekk som er meir vanleg enn andre. Blant anna er det vanlegare å ha eit system med tre farenivå, og det er vanleg at desse nivåa vert kombinert med fargekoder og/eller tall (s. 12). Neußner trekk også fram at eit typisk trekk ved farevarsla er at varsla skal informere samfunnet om ein kommande eller pågåande trussel, og

at varsla ofte har med konsekvensar og råd om kva folk bør gjere. Ut ifrå undersøkinga er det også typisk at farevarsla er verbale, altså at språket står sentralt (s. 3).

Det er også gjort undersøkingar om kva effekt ulike typar informasjon og råd har på handlingane til folk, når det er venta farleg ver. Til dømes har Weyrich et al. (2018) undersøkt bruk av konsekvensar og anbefalingar i farevarsla. Den primære metoden for undersøkinga var ein randomisert kontrollundersøking der dei testa separate og kombinerte effektar av konsekvensar og anbefalingar, og undersøkte oppfatning av varsla og kva respons deltakarene ville ha hatt ut ifrå den informasjonen dei fekk. Undersøkinga viser at det å ha med element om kva konsekvensar veret kan ha og ha med generelle anbefalingar om kva ein eventuelt bør eller ikkje bør gjere kan ha god effekt på responsen på varsla. Altså aukar det sannsynlegheita for at mottakaren iverksett tiltak.

Eg har ikkje funnet nokre studiar som undersøker farevarsel som eigen sjanger verken i norsk eller internasjonal samanheng, men i Sverige har Nordman (1994) gjort ein interessant sjangeranalyse av vervarslinga i svenske og finlandssvenske aviser. Gjennom å undersøke språkbruken og andre trekk i varsla identifiserte ho fleire trekk som var typisk for sjangerens typografi, layout, struktur, syntaks, ordforråd og ordval. Ho kjem fram til at vermeldingane er ein minisjanger med eit avgrensa ordforråd og at sjangeren er prega av å vere ein fagtekst med fagspråk. Til tross for fagterminologien meiner ho at det er eit språk som lekmenn forstår. I tillegg har sjangeren ein relativt fast struktur. Det er noko variasjon mellom dei ulike avisene når det kjem til strukturen, og ikkje alle avisene bruker alle elementa, og rekkefølga på elementa kan variere noko. Ho finn også at syntaksen er prega av heilsetningar, i tillegg til setningsfragment i form av substantivfraser.

### 1.1.1 Tidlegare forskning i norsk kontekst

Det verker ikkje som at det er gjort så mange undersøkingar som omhandlar farevarsla spesielt i norsk samanheng, men vervarsling har i større grad blitt undersøkt. Eg vil seie at farevarsla er ein del av vervarslinga, men har i tillegg til prognosar nokre tilleggsinformasjon som til dømes kva konsekvensar veret vil ha, og kva ein bør gjere. Vervarsling er viktig for samfunnet og befolkninga, for kva ver som er i vente påverkar kva ein gjer og kva val ein tar. Eit godt vervarsel som er forståeleg er viktig for ulike delar i samfunnet til dømes for privatpersonar som skal ha grillfest, men også for at fly skal kunne lette og lande trygt (Sivle

& Evans, 2021). Vervarsel er multimodale og bruker ulike ressursar for å formidle prognosar for veret. Informasjonen om veret kjem blant anna fram gjennom tabellar, symbol, kart, diagram, verbal tekst og tall. Vidare skal eg gjere greie for relevant forskning som er gjort på vervarsling. Eg har særleg fokus på forskning i norsk kontekst som omhandlar Yr si formidling.

Fleire studiar har undersøkt korleis folk bruker og tolkar vervarslinga. Blant anna har Sivle et al. (2014) undersøkt korleis lekfolk tolkar usikkerheit i online vervarsling, og korleis tidlegare kunnskap brukast i den tolkinga. Usikkerheit i vervarsling viser til den usikkerheita det alltid vil vere ved verprognosar, altså at det ikkje er heilt sikkert at veret vert slik det er meldt. I undersøkinga vart det gjort 21 semistrukturerte intervju. Undersøkinga viser at det er utfordrande å kommunisere usikkerheit ut til brukarane. Blant anna brukte deltakarane berre deler av informasjonen som formidla usikkerheit, og noko av informasjonen vart tolka annleis enn det som var intendert. Aamodt (2013) har også undersøkt usikkerheit i si masteroppgåve. Han undersøkte kva moglegheiter og utfordringar ein finn ved formidling av usikkerheit i vervarsel på Yr. Han undersøkte korleis folk oppfatta dei ulike semiotiske ressursane i vervarselet og korleis folk si forforståing påverkar tolkinga. Gjennom fokusgruppeintervju fann han at mange av ressursane i vervarslinga ser ut til å bli oppfatta presist, men med nokre unntak. Til dømes kan det sjå ut til at kor sikkert eit varsel vert tolka ulikt ut ifrå kva periode på året det er snakk om.

I eit vervarsel på Yr er det som sagt mange ulike ressursar som gjev informasjon om veret. Aamodt, (2013) undersøkte som sagt semiotiske ressursar i si oppgåve. I tillegg har Sivle og Kolsto (2016) undersøkt kva som påverkar kva informasjon som vert brukt av lekfolk for å ta val i kvardagen og korleis kompleksiteten ein finn i vervarselet vert handtert i den prosessen. I denne undersøkinga vart det gjort semistrukturert intervju med 21 norske personar med ulike yrker for å få representert ulike moglegheiter for bruk. Resultatet viser at det er ein variabel mengde informasjon som vert brukt og at dette er avhengig av kor viktig aktiviteten er. Når det kjem til å ta raske val, vert kompleksiteten av varsla satt vekk som til dømes prognosens usikkerheit. Ei anna studie av Sivle og Uppstad (2018) undersøker også bruk av ressursar, men med ein anna metode. Dei gjorde ein utforskande studie der 16 deltakare skulle bruke vervarslinga for å gje råd til ein venn som planla å male huset. I studien undersøkte dei fyrst deltakarane sine blikk, gjennom å spore dei da dei skulle lese vervarselet. Deretter såg dei igjennom blikkanalysen og deltakarane forklarte og reflekterte over kvifor dei las som dei

gjorde. Undersøkinga viser at fleire av ressursane i vervarselet vert brukt til å kontrollere og samanlikne informasjon for å kunne gje eit godt råd.

Det har også vore noko fokus på språkbruk i vervarslinga. Sivle og Aamodt (2019) tar føre seg bruk av tekniske omgrep og daglegdagse ord i vervarslinga. Dei får fram fleire interessante poeng, både at fagterminologi kan gjere varsla meir utilgjengelege for dei som ikkje er kjent med terminologien, men også at ein del av den meir daglegdagse orda kan vere problematisk. Fleire av dei daglegdagse orda ein bruker i vervarslinga er verdiladd som til dømes *fint ver* og *dårleg ver*. Dei anbefaler at vervarsling vert tilpassa brukaren, i større grad. Dei foreslår blant anna at ein kan formidle vervarselet med mykje fagtermar til nokre grupper som kan terminologien, medan andre brukare bør få eit vervarsel med meir daglegdagse ord, men at ein likevel bør unngå dei verdiladde orda og frasane. Gjennom artikkelen kjem det fram at det er viktig å ta omsyn til brukarens behov og språkforståing, dette er noko eg også kjem inn på i mi oppgåve.

Ut ifrå litteraturen eg har funne ser det ut til å vere få som har undersøkt dei norske farevarsla. Eit unntak er Helbig (2019), i sitt masterprosjekt undersøkte han vanlege brukare si forståing av multimodale farevarsel. Helbig gjorde kvalitative intervju av ni informantar for å undersøke problemstillinga «Hvordan forstår vanlige brukere multimediale farevarsler?» (Helbig, 2019, s. 6). Gjennom intervju finn han fleire interessante poeng om forståinga av farevarsla. Han finn blant anna at det ser ut til at farevarsla vert tatt betre imot enn Obs-varsla og ekstremvervarsla, som var eit tidlegare varslingsystem brukt av MET. I tillegg finn han at varsla vert brukt ulikt av ulike brukare, og at brukarar med mykje erfaring har mindre behov for konsekvensane og anbefalingane, medan dei med mindre erfaring opplever at dei elementa er nyttig. Undersøkinga får også fram at farevarsla ikkje alltid når fram til mottakaren, da nokre får varsla med seg i andre kanalar som aviser (Helbig, 2019, s. 60-61). I tillegg til intervju gjer Helbig ein tekstanalyse. Farevarsla var nye når Helbig gjorde analysen, og han får fram at desse varsla har fått ein ny struktur, der delane er gjort meir tydeleg gjennom å bruke gjennomgåande overskrifter og avsnittsinndeling. I analysen kjem det fram at teksten er ein blanding av ikoniske og symbolske teikn, der nokre av teikna verker å vere meir forståeleg enn andre. Tekstanalysen til Helbig får fram fleire interessante aspekt ved farevarsla, men det er framleis behov for å undersøke tekstane i farevarsla meir og på andre måtar.

Sjølv om det ser ut til å vere lite publisert forskning som omhandlar farevarsel, er det viktig å få fram at MET kontinuerleg arbeider med å forbetre sin kommunikasjon ut til brukarane og at dette også gjeld farevarsla (Meteorologisk institutt, 2022). Noko av det arbeidet som MET har gjort vert presentert på konferansen Klarsprog 2023 der meteorolog Sivle (2023b) hadde eit foredrag om korleis MET arbeider med klarspråk i farevarsla. Han trekk fram fleire interessante undersøkingar og funn som MET har gjort i arbeidet med å forbetre farevarsla. Noko av funna viser at faregradene, altså fargane til varsla vert i nokre tilfelle tolka meir alvorleg enn det som er intendert. Eit anna aspekt som har blitt undersøkt er kva rekkefølge folk ynskjer å få informasjonen på i farevarsla. Det vart gjort gjennom at nokre brukare fekk sette saman sitt eige varsel etter kva dei meinte var viktigast for dei. Undersøkinga viste at det var individuelt kva brukarane opplevde som viktigast og at det er ulike ynskjer om kva informasjon som skal kome fyrst. MET har også fått tilbakemelding og indikasjonar på at farevarsla ikkje alltid omsettast til handling. Frå 2022-2023 har det også vert eit tverrfagleg prosjekt med Stimulab for å undersøke farevarsla. Målet for prosjektet var «å skape bedre og mer effektiv håndtering av varslar om naturfarar, og på denne måten bidra til utnyttelse av ressurser i lokalsamfunnet og økt sikkerhet for innbyggerne når været blir farlig» (Digdir, 2022).

NVE har også undersøkt sine farevarsel. Krøgli et al. (2020) gjennomførte blant anna eit prosjekt der målet var å få større kunnskap om korleis varslingsstenestene til NVE kunne få større effekt ved å betre kommunikasjonen og i tillegg skulle prosjektet finne ut av kva som fungerer godt i varsla. Prosjektet undersøkte korleis målgruppa brukar og opplever varslingsstenestene. Gjennom prosjektet vart det gjennomført telefonintervjua av 10 beredskapsansvarleg. Intervjua viste til dømes at det var eit ynskje om fleire meteorologiske data i varsla, at faregraderingen stort sett fungerer godt og at konsekvensane vert stort sett formidla på ein god måte, sjølv om det kan vere noko teknisk språk. I tillegg vart det gjennomført ei nettundersøking. I nettundersøkinga svarte 200 snøskredexpertar og 485 brukare av snøskredvarsla. Gjennom undersøkinga kjem det fram at det er behov for å ha både enkel informasjon som er retta mot alle brukare, i tillegg til meir detaljert og fullstendig informasjon som passar betre til ekspertane. Undersøkinga viser at ei utfordring med varsla er prioritering av detaljer og forenkling av informasjonen. Krøgil et. al. (2020) meiner at det er behov for å undersøke farevarsla meir.

## 1.2 Problemstilling og forskings spørsmål

Ut ifrå den tidlegare forskinga som eg har gjort greie for over ser det ut som at det er ein tendens å undersøke vervarsling og kommunikasjon gjennom å intervju brukarar, og brukarperspektivet står sterkt. Det er behov for å utforske og bruke andre metodar når ein skal studere vervarsel og farevarsel spesielt. I mitt masterprosjekt skal eg undersøke dei norske farevarsla som vert publisert på Yr. Eg vil undersøke farevarsla som ein eigen sjanger, og sjå nokore av funna opp mot klarspråk.

Farevarsel er ein sjanger som vert skriven av meteorologar og hydrologar. Det gjer at det er ekspertar som skal kommunisere ut både til andre ekspertar som til dømes beredskapsaktørar, men også lekfolk. Dette kan skape utfordringar for sjangeren. Om farevarsla skal vere forståelege for folk flest, krev det eit godt og klart språk, der brukaren både klarar å finne, forstå og bruke teksten. Klarspråk er lovpålagt og i språklova paragraf ni står det at «Offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa» (Språklova, 2021). Sidan det er eit offentlege organ som kommuniserer, betyr det at farevarsla skal bli utforma på eit klart språk. Eit klart språk er også viktig for at farevarsla skal vere nyttig, og hjelpe samfunnet å minske skade ved farleg ver. For å kunne undersøke klarspråk og eventuelt kome med gode råd til forbetring av tekstar bør ein vite meir om ulike typar tekstar og korleis dei fungerer (Nord, 2017). Ifølge Nord (2017, s. 25) er det behov for å auke kunnskapen om korleis ulike sjangrar ser ut, og fungerer for å kunne seie noko om korleis kommunikasjonen burde sjå ut for å bli meir forståeleg og passande. Sjangerforståing og klarspråk kan altså gå hand i hand. Eg har derfor valt å undersøke problemstillinga:

*Kva kjenneteiknar sjangeren farevarsel på Yr og korleis kan farevarsla eventuelt forbe­trast med tanke på forståelegheit?*

I tillegg har eg tre forskings spørsmål som skal hjelpe for å belyse problemstillinga.

1. Korleis vert ulike språkhandlingar brukt i farevarsla for å få fram kva type fare, anbefalt handling og konsekvensar, og kven er språkhandlingane retta mot?
2. Kva fagterminologi finn ein i sjangeren og kor mykje av teksten består av fagtermar?
3. Korleis kan klarspråkråd eventuelt gjere varsla meir forståelege for mottakaren?

For å undersøke farevarsla som eigen sjanger skal eg gjere ein diskursanalyse. Farevarsla er ein multimodal sjanger, det vil seie at dei utnyttar ulike modalitetar som farge, symbol, ikon,

kart, og skriftspråk. Det multimodale er viktig for sjangeren farevarsel, men på grunn av oppgåvas avgrensing kjem eg til å fokusere på det som kjem til uttrykk gjennom skriftspråket. Det multimodale vil bli trekt inn der det har stor betydning for korleis ein les teksten, men vil utanom det ikkje bli vektlagt. Fokuset vil heller ligge på teksten ein finn i varsla, og da særleg det ein finn under overskriftene *anbefalinger*, *konsekvenser* og *beskrivelse*. *Beskrivelsen* ein finn i varsla vert skriven av meteorologar og hydrologar til kvart varsel, medan *anbefalinger* og *konsekvenser* vert plukka ut frå ei liste. Målet med oppgåva er å få eit godt innblikk i nokre av sjangerens kjenneteikn og diskutere funna opp mot ulike klarspråksråd for å sjå om endringar kan gjere varsla betre med tanke på forståelegheit.

### 1.3 Oppgåvas struktur

For å få ein meir heilskapleg forståing av farevarsla har eg undersøkt relevant teori, så vel som viktige dokumenter som pregar sjangeren. I kapitel 2 Bakgrunn gjer eg nærare greie for kva eit farevarsel er og gjev eit kort historisk tilbakeblikk for å sjå korleis sjangeren har utvikla seg fram til i dag. Eg vil også gjere greie for faregradering og det såkalla CAP-formatet som påverkar varsla. I kapitel 3 Teori gjer eg greie for ulike teori som er relevant for oppgåva. Kapitlet fokuserer på ulike teoriar om språkleg kommunikasjon som språkhandlingsteorien og relevansteorien. I tillegg tar eg for meg diskursklassifisering, der eg tar føre meg sjangeromgrepet og teksttype. I kapitel 4 Klarspråk gjer eg greie for klarspråk som ein tilnærming til språk, tar føre meg nokre klarspråksråd og noko av kritikken mot råda. I kapitel 5 metode presenterer eg metoden. Eg tar føre meg innsamlingsmetoden, i tillegg til framgangsmåten i analysen. I kapitel 6 Analyse, presenterer og drøfter eg funna frå analysen. I analysen undersøker eg sjangerens kommunikative mål, sjangerens struktur, og ser nærmare på dei illokusjonære språkhandlingane ein finn i varsla. Deretter undersøker eg kven som er intendert mottakar, nokre syntaktiske element og fagtermane ein finn i tekstane. I kapitel 7 diskusjon drøfter eg ulike element som kan vere til hinder for forståinga, og ser dei opp mot klarspråk. Eg kjem også med forslag til nokre løysningar.

## 2. Bakgrunn

I denne delen vil eg gjere greie for farevarsla si utvikling og nokre viktige trekk ved sjangeren. Som sagt er farevarsel eit varsel som vert sendt ut når det er venta farleg ver, flaum eller skred. Hensikta med å sende ut farevarsla er som sagt tidlegare at dei skal bidra til å gje samfunnet og innbyggjarane moglegheit til å redusere skade, og sikre liv og verdiar ved ulike naturfarar. Det er Meteorologisk institutt og Norges vassdrags- og energidirektorat som sender ut farevarsla her i Norge. I figur1 under kan ein sjå eit døme på korleis farevarsla ser ut på Yr.

Figur 1 Farevarsel henta frå Yr

1

|                  |  |  |  |          |       |                    |
|------------------|--|--|--|----------|-------|--------------------|
| I dag 22. apr.   |  |  |  | 11° / 5° | 3 m/s | Se time for time > |
| Tirsdag 23. apr. |  |  |  | 11° / 4° | 5 m/s | Se time for time > |

2

I dag 22. april ×

Pågår: Skogbrannfare  
Gult nivå ∨

3

I dag 22. april ×

Pågår: Skogbrannfare  
Gult nivå ∧

**Anbefalinger**

- Følg lokale myndigheters instruksjoner

**Konsekvenser**


- Vegetasjon kan lett antennes og store områder kan bli berørt

**Beskrivelse**

Det ventes lokal gress- og lyngbrannfare i snøfrie områder inntil det kommer regn av betydning eller at ny vegetasjon vokser opp.

**Område**

Gjelder for Deler av Østlandet  
[\[met.no\]](http://met.no)



**Tidsperiode**

● mandag 22. april kl. 10:00 - faren pågår

↓

**Faregrader**

- Gult - skogbrannfare
- Oransje - stor skogbrannfare

Les mer om nivåene på [hjelp.yr.no](http://hjelp.yr.no)



Figur 1 viser at informasjonen om fare kjem lagvis. Det fyrste ein ser er eit fareikon i det vanlege vervarselet, dette er illustrert i punkt 1 i figur 1. Dersom ein trykker på det fareikonet kjem ein til punkt 2. I punkt 2 kan ein sjå overskrifta til farevarselet, lese kva nivå faren er på og om faren «pågår» eller «ventes». Det siste trinnet ser ein i punkt 3 i figuren. Punkt 3 viser heile farevarselet med anbefalingar, konsekvensar, skildring, område, og i dette tilfellet også eit kart, i tillegg kan ein sjå tidsperiode og faregrader. Det er det tredje punktet eg skal undersøke.

## 2.1 Eit kort historisk tilbakeblikk

Farevarsla er ein ung sjanger som vart innført i 2018, da NVE og MET samkøyrt naturfarevarsla og byrja å bruke det såkalla Common Alerting Protocol forkorta til CAP. Sjølv om farevarsla fyrst vart innført i 2018, har sjangeren fleire forgjengarar. MET sendte tidlegare ut såkalla Obs-varsel og ekstremvervarsel. Desse varsla oppstod i etterkant av ein orkan som trefte Vestlandet natt til 1. nyttårsdag i 1992. Orkanen er kjent under namnet *Nyttårsorkanen*, og det er per dags dato den største naturkatastrofen i Noreg målt i tapte verdiar. Det interessante med den hendinga var at meteorologane følgde med på utviklinga i nærare to døgn, og hadde nok informasjon til at dei visste at vinden ville nå orkan styrke i Møre og Romsdal, men fekk likevel ikkje varsla befolkninga på ein god måte. Veret vart varsla gjennom TV og radio, som var dei vanlege kanalane på den tida, men truleg følgde ikkje så mange med på vervarslinga den dagen. Det var heller ikkje noko eige varslingsystem som nådde ut til myndigheitene, politiet, eller fylkesmenn. Skadane etter orkanen var store, og det var den sterkaste orkanen MET hadde observert på det norske fastlandet sidan målinga starta i 1967. *Nyttårsorkanen* starta arbeidet med å takle ekstremver betre i Noreg. I ettertid byrja MET å sende ut ekstremvervarsel og Obs-varsel. Skilnaden mellom Obs-varsel og ekstremvervarsel var at Obs-varselet ikkje var like omfattande som ekstremvarsla (Reite, 2016). NVE sendte også ut varsel for andre naturfarar. Flaumvarslingsstenesta til NVE vart formelt etablert allereie i 1989, medan jordskredvarsla og snøskredvarsla vart etablert i 2013 (Krøgli et al., 2020). NVE varsla på ei anna måte enn MET, medan MET hadde delt inn i Obs-varsel og ekstremvervarsel hadde NVE noko dei kalla *aktsomhetsnivåer* for flaum og jordskred, medan dei brukte faregrader for snøskred. Før MET og NVE byrja å samkøyre og gjere varsla likare var det altså fleire varslingsystem og ulike skalaer for farar (Colleuille et al., 2017).

## 2.2 Farevarsla i dag

### 2.2.1 CAP-formatet

I 2018 tok MET og NVE i bruk, Common Alerting Protocol altså CAP for å varsle befolkninga. CAP er den internasjonale standardformatet for nødmeldingar og offentlege varsel. CAP er utforma for alle typar farar både verendingar, jordskjelv, tsunamiar, vulkanutbrot, folkehelsekriser og andre typar nødssituasjonar. CAP vert fremja av mange internasjonale organisasjonar som til dømes World Meteorological Organization (United Nations Office for Disaster Risk Reduction, 2023). MET og NVE bruker CAP-formatet til verendingar og naturfarar. CAP beskriv både av ein struktur og eit sett med element som alltid må vere med i dokumenta til farevarsla. Nokre element er synleg for lesaren, medan andre ikkje er det. Formatet er maskinlesbart og skal gjere det lettare å sende ut varsel på fleire ulike varslingsystem, noko som aukar effektiviteten og samtidig forenkler varslingsprosessen. Det var fleire årsaker til innføringa av CAP. Som vi har sett, var det mange ulike varslingsystem før dette, og innføringa skulle derfor samordne naturfarevarslinga i Noreg. Samordninga skulle blant anna bidra til betre forståing av varsla for publikum, meir harmoniserte naturfarevarsel for beredskapsstatane og enklare tilgang til varsla (Colleuille et al., 2017).

Når ulike organisasjonar tar i bruk CAP, er det mogleg å tilpasse formatet til sine behov. Eg skal derfor vidare gjere greie for korleis MET og NVE bruker CAP, og korleis dette vert presentert på Yr. Korleis varsla ser ut vil variere noko frå kva teneste ein brukar, til dømes ser farevarsla litt annleis ut på tenesta Varsom, som også viser farevarsla. Som sagt består CAP av fleire element som skal med i varsela. Nokre element er lesbare i form av tekst for brukaren medan andre element ikkje er det. Dei tekstlege elementa som ein finn i farevarsla som vert publisert på Yr ser ein i Tabell 1. Varsla består i ei <headline> altså ei overskrift. Den overskrifta står øvst i varselet og er ein fast tekst knytt til kva fenomen det er snakk om og kva faregrad. Eit døme kan vere «Ventes: Kraftig snøfokk» eller «Pågår: flomfare». Under overskrifta står det ein liten tekst med kva farge nivået har, faregraden vert og synleg gjennom fargen på trekanten. Varsla skal også ha ein <description>, det vil seie ein skildring av hendinga som er venta. Dette elementet finn ein under overskrifta *Beskrivelse* eller *Skildring* i farevarsla. Varsla skal også ha ein <instruction>. Dette elementet skal skildre anbefalt handling. Ein finn dette under overskrifta *Anbefaling* og desse vert valt ut av dei som sender ut varsla og skal vere av generell art. Under overskrifta *Område* i varsla finn ein fleire CAP-

element. Det eine elementet er <areal desc> som fortel kva område varselet gjelder for. Eit anna element er <web> som viser til ein URL. NVE legg inn lenka [varsom.no] som er lenker til det aktuelle farevarselet på Varsom. MET har lenka [met.no] som ifølge innføringa av CAP skal lenke til <https://www.met.no/vaer-og-klima/ekstremvaervarsler-og-andre-farevarsler> som er ei orienteringsside kor ein kan lese meir om farevarsel og ekstremvarsel (Colleuille et al., 2017).

Tabell 1 CAP-elementa

| Element                 | Overskrift i varselet         | Skildring av koden                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Obligatorisk |
|-------------------------|-------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|
| <headline>              |                               | Vil vere overskrifta til sjølve varselet, det er ein fast tekst knytt til fenomen og faregrad.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | Ja           |
| <description>           | Beskrivelse/<br>Skildring     | Vil vere ein lesbar tekst som skildrar den hendinga.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | Ja           |
| <instruction>           | Anbefalinger/<br>tilrådingar  | Tekst som skildrar anbefalt handling. Instruksjonane i varsla er gitt av NVE eller MET og skal vere av generell art.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | Ja           |
| <Consequence>           | Konsekvenser/<br>Konsekvensar | Konsekvensar av varselet, Vil ofte ha samband med <instruction>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        | Nei          |
| <web>                   | Område                        | URL til websider eller anna ressurs for tilleggsinfo. MET hadde i starten ein standard til ei orienteringsside kor ein kan lese meir om farevarselet og ekstremvarsel <a href="https://www.met.no/vaer-og-klima/ekstremvaervarsler-og-andre-farevarsler">https://www.met.no/vaer-og-klima/ekstremvaervarsler-og-andre-farevarsler</a> . NVE har lenke til det aktuelle varselet på varsom.no For å finne lenkene i varsla må ein trykkje på [met.no] eller [varsom.no] | Ja           |
| <areal desc>            | Område                        | Tekst som fortel kva område det er snakk om. Områdenamn blir laga av den som sender ut varselet.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       | Ja           |
| <Resource>              | Område                        | Gir referanse til digital tilleggsinformasjon, slik som illustrasjonar i form av bilete                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Nei          |
| <onset> og<br><expires> | Tidsperiode                   | Angjev når faren aukar eller er over det vil seie når farenivået endrar seg.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Nei          |
|                         | Faregrader                    | Viser kor mange ulike faregrader det aktuelle verfenomenet har. Til dømes er det ikkje alle varsel som kan varslast på raudt eller oransje nivå.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |              |

I tabell 1 kan ein sjå at fleire av elementa eg har tatt føre meg så langt har vore obligatoriske, men varselet har også andre tekstlege element som er synlege, men som ikkje er obligatorisk. Dette gjelder elementa <consequence>, <Resource>, <onset> og <eventEndringTime>.









<Resource> elementet finn ein under overskrifta *Område*. Elementet kan vere ein illustrasjon som til dømes eit kart over område, der ein kan sjå kor det kjem mest nedbør, kor faren er eller kor den aktuelle vertypen vil inntreffe. Det neste elementet er <Consequence> som ein finn under overskrifta *Konsekvenser*. Her kan dei legge inn kva konsekvensar naturfaren kan ha, og det vil ofte ha ein nær samanheng med <instructions> elementet. Det andre elementet er <onset> og <eventEndringTime> som ein finn under overskrifta *Tidsperiode*. Der kan avsendaren legge inn når faren aukar eller er over, altså når farenivået endrar seg (Colleuille et al., 2017).

### 2.2.2 Faregradering

CAP-formatet pregar sjangeren farevarsel i dag når det kjem til kva som skal vere med i eit farevarsel, men farevarsla er også påverka av andre aktørar som Meteoalarm. Meteoalarm har dei standardisert farenivåa, altså dei fargane ein ser som fortel kor alvorleg ein fare er. Eit av problema med alle dei ulike varslingsstypane ein hadde før innføringa av CAP, var at det var fleire ulike måtar å beskrive kor alvorleg situasjonen var. Som sett tidlegare, hadde snøskred ulik faregrader, det var aktsomheitsnivå for flaum og jordskred, medan MET brukte Obs- og ekstremvarslar, og delte på den måten varsla inn i to nivå. Dette vart samordna gjennom å ta i bruk ein standard med fire farenivå og gjeld alle varsla bortsett frå snøskred som brukar ein anna skala også i dag (Colleuille et al., 2017).

Eg vil no ta føre meg dei fire vanlege nivåa. Det fyrste nivået er normal situasjon og vil ikkje gje farevarsel. Det neste nivået er gult og vil gje eit gult farevarsel. Det gule nivået viser til moderat fare, noko som betyr at situasjonen kan forårsake skade lokalt, og det er forventa mindre konsekvensar. Dei fleste vil kunne fortsette med sine daglege gjeremål, men dei som skal gjere utandørs aktivitetar må kanskje endre planar og det kan bli forseinkingar i trafikken. Det neste farenivået er oransje. Oransje nivå vert varsla sjeldnare enn gult, og det er meir sannsynleg at mottakaren må førebu seg. Når det er venta fare på oransje nivå kan det skje alvorlege skader, blant anna kan veger bli stengt, og avgangar for ulik transport kan bli kansellert. Raudt varsel er enda sjeldnare og varslar ekstrem fare og ekstremvær. Det vert

sendt ut når liv kan gå tapt, og det kan bli store øydeleggingar på eigendom og infrastruktur (Meteorologisk institutt, 2023a).

| Sannsynlighet / Farenivå | Moderat                                                                                  | Stor                                                                                         | Ekstrem                                                                                      |
|--------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------|
| Observert (100%)         | <br>Gul | <br>Oransje | <br>Rød     |
| Sannsynlig (> ~50%)      | <br>Gul | <br>Oransje | <br>Rød     |
| Mulig (35/40% - 50%)     |                                                                                          | <br>Gul     | <br>Oransje |

Figur 2 Sannsynlegheit og farenivå henta frå Meteorologisk institutt (2023a)

MET brukar også eit system som ser farenivåa saman med kor sannsynleg det er at ein fare vil kome (Sivle, Meteorolog, privat kommunikasjon, 12.04.24). I figur 2 kan ein sjå korleis det fungerer. Dersom faren er observert eller at det er meir enn 50 % sannsynleg at det vil inntreffe, følger ein dei vanlege farenivåa. Dersom varselet fyller kriteriuma for oransje eller raudt farenivå, men det er stor usikkerheit til kor eller om det i det

heile tatt vil inntreffe, vil varselet stå fram som eit varsel på eit lågare nivå. Til dømes kan den potensielle situasjonen vere på raudt nivå, medan varselet vil få oransje farge fordi det er låg sannsynlegheit for at det vil inntreffe (Meteorologisk institutt, 2023a). Den informasjonen er ikkje alltid så lett for brukaren å få tak i, men i dei varsla eg har med i analysen som har lågare sannsynlegheit enn dei andre varsla står det til dømes i overskrifta «Ventes: Mulighet for svært mye regn» og i det andre varselet «Ventes: Mulighet for svært kraftig styrtregn». Usikkerheita kjem også fram i skildringa til dømes står det «Det er stor usikkerheit både i mengde og plassering, og de fleste steder får mindre enn dette» og det er mykje bruk av *kan* «Svært kraftige regnbyger kan oppstå lokalt i ditt område». Usikkerheit vert altså signalisert ved hjelp av verbalspråket.

Oppsummert kan ein seie at farevarsla er ein sjanger som vert brukt når det går føre seg eller er venta uver eller naturfarar som kan påføre skade. Det er MET og NVE som har ansvar for å sende ut varsla, og det er ulike verfenomen og naturfarar som er fordelt mellom dei to ulike organisasjonane. Farevarsel er ein ung sjanger, med ulike forgjengarar som har blitt standardisert og gjort likare. Dette har skjedd gjennom at NVE og MET har samkøyrte varslinga og tatt i bruk det såkalla CAP-formatet som er ein internasjonal standard, men som kan tilpassast bruken til ulike land. I tillegg har dei samkøyrte farenivåa, slik at det skal bli enklare for brukarane å forstå kor alvorleg ein situasjon er.

## 3 Teori

I dette kapitlet skal eg gjere greie for ulike teoriar som kan vere nyttig når ein skal gjere ein diskursanalyse av sjangeren farevarsel. I kapitlet vil eg fyrst ta føre meg ulike teoriar om kommunikasjon. Eg vil gjere greie for språkhandlingsteorien og relevanteorien. Deretter vil eg ta føre meg ulike måtar å klassifisere diskurs på. I den delen kjem eg til å gjere greie for sjangeromgrepet og teksttype, og korleis dei omgrepa samspelar. Mykje av teorien eg kjem til å bruke går inn under pragmatikk. Pragmatikk er ein tilnærming i språkvitskapen som tar omsyn til bruken og tolkinga av språklege ytringar i ulike situasjonar, altså i ulike kontekstar. Pragmatikk handlar også om korleis språkbrukaren vel å bruke språket i ulike situasjonar (Sveen, 2005, s. 95-96).

### 3.1 Språkleg kommunikasjon

Kommunikasjon er ein sentral del av undersøkinga, da farevarsla er ein kommunikativ sjanger som skal nå ut til ulike mottakarar med eit bodskap. Sjølve omgrepet *kommunikasjon* kjem frå latin *communicare* som tyder 'å gjere noko felles'. Det kan vere eit godt utgangspunkt når ein skal forstå kva kommunikasjon er. Det er likevel ulikt korleis ulike disipliner forstår kommunikasjon. I pragmatikk studerer ein språk som handling, og dette gjer at aktørane vert viktig. For at ein skal kunne kalle det kommunikasjon må avsendar meine og ha til hensikt å bringe noko over til mottakaren for å 'gjere noko felles'. I tillegg forventar ein at mottakar skal søke etter den intenderte meininga når mottakaren tolkar ytringane (Lind, 2005, s. 42; Svennevig, 2020, s. 72-73). For å undersøke kommunikasjon treng ein fleire ulike tilnærmingar. Eg har valt å bruke språkhandlingsteorien og relevanteorien i mi undersøking av farevarsla. Svennevig (2020, s. 84) meiner at språkhandling er grunneininga i kommunikasjon. Språkhandlingsteorien kan gje svar på kva ei kommunikativ handling er, og har mest fokus på avsendaren, medan relevanteorien i større grad har fokus på korleis mottakaren tolkar og forstår dei kommunikative handlingane. Dermed kan desse teoriane utfylle kvarandre.

#### 3.1.1 Språkhandlingsteorien

Språkhandlingsteorien er ein innflytelsesrik tilnærming innanfor pragmatikken. I den teorien ser ein på språkbruk som ein form for handling, og ein gjer fleire ting når ein ytrar seg. Sjølve omgrepet *språkhandling* vart innført av den britiske språkfilosofen J. L. Austin i ei

førelsningsrekke i 1955 ved Universitet Harvard (Vagle et al., 1993, s. 86). I førelsningsrekka introduserer Austin (2006/1962, s. 60-61) omgrepa, *lokusjonær* handling, *illokusjonær* handling og *perlokusjonær* handling. Gjennom desse omgrepa får han fram at ein gjer tre ulike ting parallelt når ein kommuniserer ein ytring (Svennevig et al., 1995, s. 252). Dei *lokusjonære* handlinga viser til den fysiske handlinga som skjer når ein produserer ei ytring, enten om det er skrift eller tale. Når ein studerer den delen av ytringa, er ein interessert i ytringa si form. Ved å studere den type handling kan ein undersøke det språklege materialet utan å ta omsyn til kva slags kommunikative hensikt språkbrukaren har. Den *illokusjonære* handlinga viser den handlinga som vert utført av å produsere ein ytring, det vil seie at når ein til dømes ytrar eit løfte, vert eit løfte gjeve. Ut ifrå situasjonen kan den *illokusjonære* språkhandlinga vere eit løfte, ein klage, eit påbod eller noko anna (Austin, 2006/1962, s. 60-61; Renkema & Schubert, 2018, s. 17). Når ein har ytra seg, produserer dette vanlegvis visse konsekvensar eller effektar på mottakaren sine kjensler, tankar eller handlingar og dette viser til det Austin (2006/1962, s. 60-61) kallar *perlokusjonær* handling. Ein kan seie at den *perlokusjonære* handlinga handlar om kva effekt den *lokusjonære* og *illokusjonære* handlinga har på mottakaren (Austin, 2006/1962, s. 60-61; Renkema & Schubert, 2018, s. 17). Den *perlokusjonære* effekten handlar om den faktiske effekten språkhandlinga har på mottakaren, og den effekten stemmer ikkje alltid med avsendaren sitt ynske. For å få riktig effekt er avsendaren avhengig av at intensjonen bak ytringa vert tolka likt hos mottakaren, og det er ikkje alltid slik. Derfor kan det vere nyttig å skilje mellom *perlokusjonær effekt* og *perlokusjonær hensikt*. *Perlokusjonær hensikt* handlar om den hensikta som er ynskja frå mottakaren si side (Vagle et al., 1993, s. 86-87).

### 3.1.1.1 Klassar av *illokusjonære* språkhandlingar

Omgrepa *lokusjonær* handling, *illokusjonær* handling og *perlokusjonær* handling er likestilte, men i språkhandlingsteorien har det vore ein særleg interesse for dei *illokusjonære* språkhandlingane. Det er fleire som har prøvd å lage kategoriar av dei *illokusjonær* språkhandlingane. Eg har valt å nytte kategoriane til Searle (1976). Searle si klassifisering ser ut til å vere den som er mest kjente og innflytelsesrike (Renkema & Schubert, 2018, s. 18).

Tabell 2 Kjenneteikn ved ulike klassar av illokusjonære språkhandlingar henta frå Svennevig, (2020, s. 91).

| Språkhandlingsklasse | Eksempler               | Typisk språkleg realisering | Gyldighetskrav |
|----------------------|-------------------------|-----------------------------|----------------|
| Konstativer          | Påstander               | Utsegnsetningar             | Sannhet        |
| Direktiver           | Anmodningar<br>spørsmål | Imperativsetning            | Legitimitet    |
| Ekspressiver         | Gratulasjoner           | Ønskesetning                | Oppriktighet   |
| Kommissiver          | Løfter                  | Ingen typisk realisering    | Oppriktighet.  |
| Kvalifiseringer      | Erklæringer             | Performativt verb           | Legitimitet    |

I tabell 2 kan ein sjå oversikt over Searle si kategorisering av illokusjonære språkhandlingar. Searle (1976) deler opp dei illokusjonære språkhandlingane i fem: *konstative*, *direktive*, *kommissiver*, *ekspressive* og *kvalifiserende* språkhandlingar. Ut ifrå analysen av farevarsla er det konstative og direktive språkhandlingar som vert brukt i varsla. Konstative språkhandlingar kjenneteiknast av at dei fortel noko om verda og at dei enten kan vere sann eller usann. Ein konstativ språkhandling kan til dømes vere å påstå, informere, fortelje eller forklare noko. Den vanlegaste måten å uttrykke dette på, er gjennom utsegnsetningar. Direktive språkhandlingar derimot er verken sann eller usann, men ein bør ha legitimitet for at språkhandlinga skal vere gyldig. Det kommunikative poenget til dei direktive språkhandlingane er å få mottakaren til å gjere noko, eventuelt å unnlate å gjere noko mottakaren elles hadde ynskja å gjere. Direktive språkhandlingar kan blant anna vere å beordre, oppmode, krevje, forby, invitere eller stille spørsmål. Innhaldet i setninga viser gjerne til ein framtidig handling. Dei direktive språkhandlingane vert ofte realisert gjennom imperativsetningar (Renkema & Schubert, 2018, s. 18-21; Searle, 1976; Svennevig, 2020, s.91; Vagle et al., 1993, s. 89-92).

Kommissive språkhandlingar liknar på dei direktive språkhandlingane, men det er avsendaren sjølv som forpliktar seg til ei framtidig handling, som til dømes gjennom å gje eit løfte. Det vil seie at når ein gjer eit løfte, er det forventat at ein intenderer å halde det løfte. Dei ekspressive språkhandlingane har som intensjon å uttrykke ein psykologisk tilstand, som til dømes å gratulere, ynskje nokre lukke til eller gje eit komplement. Det som er viktig ved slike språkhandlingar er at ein er oppriktig (Renkema & Schubert, 2018, s. 18-21; Searle, 1976, Svennevig, 2020 s. 85-86; Vagle et al., 1993, s. 90). Kvalifisering er ein språkhandling der ein skapar ein ny verkelegheit gjennom å bruke språket. Definisjonar er ein underkategori av kvalifiserande språkhandlingar. Når ein definerer eit ord, konstaterer ein eigentleg ikkje noko



om verkelegheita, men ein bestemmer kva ordet skal brukast til i den gitte samanhengen. Når ein til dømes definerer eit ord i ein tekst, fortel ein ikkje om korleis ordet brukas generelt, men ein fortel og bestemmer korleis det skal brukast i den tekstlege samanhengen (Svennevig, 2020, s. 87). I analysen av farevarsla vil ein verken finne kommissive, ekspressive og kvalifiserande språkhandlingar, men i diskusjonen vil eg drøfte om kvalifiserande språkhandlingar burde vere ein del av farevarsla, mellom anna fordi definisjonar kan vere viktig for forståinga når ein bruker fagtermar i ein tekst.

Ovanfor har eg nemnt at nokre språkhandlingar typisk vert uttrykt gjennom visse typar setningar. I ytringar med såkalla eksplisitt illokusjon er det ulike indikasjonar på kva som er den intenderte illokusjonen. Searle kallar dette for *IFIDS Illocutionary force indicating device*. Desse indikasjonane kan vere performative verb, ordrekkefølge, visse adverb og kva modus verbet står i. Desse indikasjonane gjev ikkje definitive svar og det er ikkje snakk om eit ein til ein forhold mellom form og funksjon. I tillegg er det fleire ytringar som ikkje har IFIDS (Renkema og Schubert, 2018, s. 19-20). Renkema og Schubert (2018, s. 17) har eit godt døme. Lokusjonen er «There`s a good movie tonight», ser tilsynelatande ut som ein konstativ språkhandling, men den kan fungere som mykje meir. Blant anna kan den fungere både som ein invitasjon, eit råd, ein unnskyldning, eller eit tilbod. Sjølv om Searle presenterer IFIDS, er det eit behov for å finn meir ut av korleis kommunikasjon fungerer og korleis ein tolkar ytringar (Renkema & Schubert, 2018, s. 19-21).

### 3.1.2 Relevansteorien

Språkhandlingsteorien har fokus på avsendaren og har særleg vore opptatt av den illokusjonære handlinga, og teorien forklarar i mindre grad korleis mottakaren kjem fram til ei tolking, og korleis ein som oftast forstår kva som er meint i kommunikasjonen. For å undersøke farevarsla sin språkbruk og kor forståeleg varsla er, har eg valt å bruke relevansteorien. Kjøl og Falkum (2014, s. 180) skriv at «relevansteorien søker å gjøre rede for hvordan språkbrukere er i stand til å forstå ytringers eksplisitte og implisitte innhold, og hvordan de som oftest lykkes i dette, selv om kommunikasjon alltid inneber en risiko for misforståelser». Med dette viser dei at relevansteorien er eit godt rammeverk for å forstå korleis kommunikasjon og forståing heng saman.

### 3.1.2.1 Slutningsbasert kommunikasjon

Korleis ein har forstått kommunikasjon har variert opp gjennom tidene. Fram til 1960-talet var dei vanlegaste kommunikasjonsteoriane ein variant av den såkalla kode-modellen. Ein trudde at kommunikasjon skjedde gjennom koding og avkoding av innhald i form av signaler eller teikn. Desse teoriane møter på fleire problem, som at språklege ytringar ofte inneheld kontekstsensitive og tvitydige uttrykk, og teoriane har vanskar med å forklare korleis kommunikasjon fungerer dersom ein berre kodar og avkodar det språklege innhaldet (Kjøll & Falkum, 2014, s. 174-175). Ifølge Kjøll og Falkum (2014, s.173) var filosofen H. P. Grice «den første som argumenterte for at kommunikasjon er en slutningsbasert prosess». Med dette meinte han at mottakaren prøver å kome fram til ein konklusjon om kva avsendar har meint gjennom å lage hypotesar om avsendars hensikt med ytringane. Årsaka til at mottakaren kunne tileigne seg den intenderte meininga var på grunn av samarbeid (Renkema & Schubert, 2018, s. 21-22).

Grice (2006/1975 s. 67-68) utforma det såkalla samarbeidsprinsippet, som er formulert slik: «Make your conversational contribution such as is required, at the stage at which it occurs, by the accepted purpose or direction of the talk exchange in which you are engaged». Dette vil seie at ein skal utforme sitt bidrag til samtalen slik situasjonen krev, og at ein tilpassar og samarbeider med mottakaren. I tillegg til å legge fram samarbeidsprinsippet for språkleg kommunikasjon foreslår Grice (s. 68) fire meir spesifikke konversasjonsmaksimer: kvantitetsmaksimen, kvalitetsmaksimen, relevansmaksimen, og klarleiksmaksimen. Maksimer ein type norm som ein forventar at avsendar følger.

Kvantitetsmaksimen handlar om kor mykje informasjon ein skal gje. Ut ifrå maksimen skal bidraget vere så informativt som situasjonen krev, men ikkje meir enn det. Kvalitetsmaksimen handlar om at ein skal vere oppriktig, og at ein til dømes ikkje skal seie noko ein trur er feil eller usant. Relevansmaksimen handlar om at bidraga skal vere relevant. Til slutt er det klarleiksmaksimen, den handlar om at bidraget skal vere kort og ryddig, og ikkje tvitydig og uklart (Grice, 2006/1975, s. 68). Mykje av teorien til Grice har fått kritikk særleg fordi fleire av omgrepa er uklare og vage. Det er særleg mykje kritikk mot relevansmaksimen da det blant anna er uklart korleis ein skal forstå og avgjere kva som er eit relevant bidrag og kva som ikkje er det. Den kritikken er viktig for utviklinga av relevansteorien (Renkema & Schubert, 2018, s. 23-24).

Relevansteorien handlar om korleis vi leiter etter meining og relevans for å forstå ytringar. Ifølge teorien skaper ytringar ein forventning hos mottakaren om relevans, ut ifrå den forventinga vurderer ein relevansen til ytringa og går gjennom ein slutningsprosess der ein sluttar seg til det mest sannsynlege. Det er altså ikkje nokre maksimer som bestemmer dette, men det ligg i menneskets kognisjon å leite etter meining (Kjøll & Falkum, 2014).

Sperber og Wilsons utvikla sin relevansteori, og teorien er i stor grad basert på Grice sin innsikt om at kommunikasjon er ein slutningsbasert prosess (Kjøll & Falkum, 2014, s. 179). Noko av skilnaden mellom Grice sin teori og Wilson og Sperbers relevansteori, er i kor stor grad av fortolkinga av språk er sett på som slutningsbasert. Grice meinte den pragmatiske slutningsprosessen berre gjaldt det implisitte, altså det han kalla implikatur, medan i relevansteorien såg ein på all kommunikasjon som avhengig av evnene til å trekke slutningar. Den evna hevder dei også er medfødt (Kjøll & Falkum, 2014, s. 174). For å forstå poenget om at all kommunikasjon er slutningsbasert, må ein forstå at språk i bruk er karakterisert av å vere underspesifisert. Ytringar er vage og fleirtydige, dersom ein ikkje ser dei i samanheng med diskurssituasjonen (Renkema & Schubert, 2018, s. 25). Relevansteorien hevdar at det er forventinga om relevans som oppstår når nokon ytrar noko, som leidar mottakaren mot avsendarens meining. Desse forventingane om relevans kjem ikkje frå at ein følger eit samarbeidsprinsipp, og eit sett med maksimer, men fordi at søken etter relevans er eit grunnleggjande trekk ved menneskets kognisjon som avsendar kan utnytte. Eit viktig spørsmål er: Når er input relevant? Input kan til dømes vere syn, lyd, ytring eller minne. (Wilson & Sperber, 2004).

Ifølge relevansteorien er det viktig at input gjev ein positiv kognitiv effekt. Positiv kognitiv effekt får ein når individet koplar input med bakgrunnsinformasjon som individet har tilgjengeleg, for å skape eit utbytte som er viktig for han. Positiv kognitiv effekt kan blant anna føre til ei forandring i mottakaren sin mentale representasjon av verda, og det kan innebære at allereie eksisterande meiningar styrkast eller eliminerast (Kjøll & Falkum, 2014, s. 181; Wilson & Sperber, 1990, s. 610). Ikkje alle ytringar er like relevant og ikkje alle ytringar har like mykje suksess. Kor relevant ein ytring er for mottakaren, vert ifølge relevansteorien bestemt av to faktorar: kognitiv effekt og prosesseringskostnad. Dersom den kognitive effekten er stor, og kostnaden er liten, vil relevansen vere stor. Dersom den kognitive effekten er liten, og prosesseringskostnaden stor, vil derimot relevansen vere liten. Kognitiv effekt handlar om korleis ny informasjon samhandlar med det mottakaren allereie

veit, medan prosesseringskostnad handlar om å forstå den språklege informasjonen og knytte den informasjonen til den resterande teksten og konteksten. I relevansteorien er kontekst ein psykologisk størrelse. Det vil seie at all informasjon ein har tilgjengeleg i situasjonen, kan spele ei rolle for forståinga og relevansen. Informasjon som kan påverke er til dømes bakgrunnskunnskap, situasjonen her og no, og føregåande tekst. Prosesseringskostnaden kan til dømes bli stor av at avsendar bruker skjeldne ord og uttrykk, komplisert syntaks, logisk komplekse påstandar og manglande tekstbinding (Kjøll & Falkum, 2014, s. 181-182; Renkema & Schubert, 2018, s. 27-28).

### 3.3 Diskursklassifisering

Tekstar kan variere i stor grad, og det er interessant å sjå nærmare på korleis ein kan kategorisere tekstar. Det er fleire måtar å klassifisere diskurs på, både teksttype og sjanger er vanlege måtar å sortere og klassifisere ulike typar tekstar. Både sjanger og teksttype er omgrep som er omstridt og eg vil i denne delen gjere greie for korleis eg forstår og vil bruke omgrepa i denne oppgåva. Slik eg ser det er skilnaden mellom teksttype og sjanger at teksttype viser til eit avgrensa antal kategoriar. Kategoriane kjenneteiknast av at dei er meir generaliserte og abstrakte. Ein kan til dømes dele inn i deskriptiv, narrativ, argumenterande, og instruerande teksttypar. I ein og same tekst kan ein finne fleire ulike teksttypar og kva type som er mest dominerande kan gje ein peikepinn på kva sjanger teksten høyrer til. Medan teksttype er eit gitt antal typar kategoriar er sjanger ein form for open liste og er prega av å vere meir konkret og spesifikk i kva som kjenneteiknar sjangeren (Renkema & Schubert, 2018, s. 69). Sjanger og teksttype heng saman. Vidare vil eg fyrst gjere greie for sjanger, før eg tar føre meg nokre trekk ved teksttype som er relevante for mi undersøking av farevarsla.

#### 3.3.1 Sjanger

Sjanger er ikkje eit eintydig omgrep, og det finst ei rekke overlappende og konkurrerande sjangerteoriar. Sjangeromgrepet er særleg vanleg i litteraturvitskapen og da er sjanger ofte forstått som grunnsjangrane lyrikk, dramatikk og epikk. I språkvitskapen har sjangeromgrepet også fått godt feste (Ledin, 1996). Eg har valt ein sjangertilnærming som fungerer bra på faglege sjangrar, og sjangrar som vert brukt av ulike profesjonar og i ulike yrker. Eg vel å sjå på sjanger som ein kombinasjon av tekstinterne og teksteksterne faktorar. Altså deler eg inn sjangrane både etter kjenneteikn som ein kan observere direkte i teksten og etter kjenneteikn som ein ikkje kan sjå direkte i teksten (Engeberg, 2007, s. 46). Når eg bruker omgrepet

*teksteksterne* meiner eg både dokumenter som seier noko om kva sjangeren er, og konteksten som teksten står i. Eg tar også utgangspunkt i den engelske lingvisten Swales (1990) sin definisjon av sjanger. Han definerer sjanger slik:

«A genre comprises a class of communicative events, the members of which share some set of communicative purposes. These purposes are recognized by the expert members of the parent discourse community, and thereby constitute the rationale for the genre. This rationale shapes the schematic structure of the discourse and influences and constrains choice of content and style» (Swales, 1990, s. 58).

Denne definisjonen får fram fleire viktige trekk ved ein sjanger. Det fyrste er at det er snakk om fleire kommunikative hendingar som har det til felles at dei har same kommunikativt mål. Ein kommunikativ hending er ei hending der tekst spelar ei nødvendig rolle. Tekst visar i denne samanheng både til munnlege og skriftlege tekstar (Renkema & Schubert, 2018, s. 75-77). Dersom det kommunikative målet endrar seg mykje vil det vere snakk om ein ny sjanger eller eventuelt ein undersjanger. Det vil seie at det kommunikative målet er eit kriterium for å identifisere kva sjanger ein tekst høyrer til (Bhatia, 1993, s. 13-14). Det kommunikative målet blir ikkje berre bestemt ut frå teksten i isolasjon, ein må også sjå på kontekst og kven som bruker teksten. Definisjonen til Swales får ikkje berre fram sjangrar sin målretta natur, den hevder også at sjanger har eit særskilt «utsjånad». Det vil seie at målet til sjangeren «triggjar» ein bestemt tekststruktur (Askehave & Nielsen, 2005, s. 122). Den tekststrukturen kjem eg tilbake til seinare i kapitelet når eg gjer greie for sjangerskjema.

Bhatia (1993) tar utgangspunkt i Swales si sjangerforståing. Bhatia meiner at definisjonen til Swales får med viktige lingvistiske og sosiale faktorar, men at han ikkje får fram dei psykologiske faktorane som også er viktig når ein skal forstå sjanger (Bhatia, 1993, s. 16). Ifølge Bhatia er sjanger ein klasse av tekstar som vert kategorisert ved lingvistiske, sosiale og psykologiske faktorar. Engeberg (2007, s. 47) forklarar dei ulike faktorane slik: Lingvistiske faktorar viser til dei interne kjenneteikna ved sjangeren. Det handlar om at i ein sjanger bruker ein ofte bestemte ord og konstruksjonar som er typiske for den sjangeren. Dette kjem fram når ein undersøker det tekstinterne. Det kan til dømes handle om fagtermar, bruk av passiv, imperativ, setningsfragment eller andre lingvistiske konstruksjonar. Den sosiale faktoren handlar om at det i stor grad er ein bestemt gruppe av menneske som skriv tekstar i den bestemte sjangeren og tekstane er tenkt til bestemte grupper. I farevarsla er det til dømes stort

sett meteorologar og hydrologar som skriv, og varsla er retta mot beredskapsaktørar, næringsliv og lekfolk (Meteorologisk institutt, 2023a). Dei psykologiske faktorane handlar om at ein skriv og formulerer seg på ein måte som er vanleg i faget, og som skal gjere at ein oppfyller intensjonane ein har inne i faget (Engeberg, 2007, s. 47).

### 3.3.1.1 *Analyse av sjangrar*

For å analysere ein sjanger er fleire aspekt viktig, og ein kan gjere det på ulike måtar. Bhatia (1993) har fleire idear om korleis ein kan analysere sjangrar. Han fremjar ein såkalla tjukk analyse av sjangrane. Målet med ein slik analyse er å kunne seie noko om korleis og kvifor ein sjanger er som den er, og sjangeranalysen er både tekstintern og tekstekstern. Bhatia foreslår ikkje ein bestemt metode for å analysere sjanger, men kjem med fleire punkt som ein bør tenke igjennom og som ein kan undersøke i ein sjangeranalyse. Ein kan blant anna undersøke i kva kontekst ein brukar sjangeren, og eksisterande litteratur. Undersøkinga av kontekst kan blant anna inkludere kven som er avsendar og kven som er mottakar, når ein bruker sjangeren, og i kva samanheng sjangeren står i. Undersøkinga av eksisterande litteratur inkluderer tidlegare lingvistiske analyser av sjangeren og viktige dokument som kan seie noko om sjanger. Det kan til dømes handle om kva føremål sjangeren har, manualar, og sjangerens historie. For farevarsla er blant anna CAP-formatet viktig for korleis sjangeren fungerer i dag, i tillegg til Meteorologisk institutt og NVE sitt samfunnsoppdrag.

Ein kan også gjere ein lingvistisk analyse, altså ein analyse som fokuserer på det tekstinterne og undersøker språkbruken i sjangeren (Bhatia, 1993, s. 22-23). Når det kjem til den lingvistiske analysen, er det mykje ein kan undersøke. Bhatia (1993, s. 24-31) foreslår at analysen undersøker tekstane på ulike språklege nivå. Ein kan til dømes undersøke kva type setningar som vert brukt, ordforrådet og om verba er i aktiv eller passiv. Ein kan også undersøke tekst-mønsteret, eller det såkalla *move structure*. I tillegg er det vanleg å undersøke det kommunikative målet. I Bhatia (1993, s. 102) sin analyse av juridisk diskurs, har han brukt språkhandlingane for å undersøke kva det kommunikative målet er, det kjem eg også til å gjere i min analyse. Vidare skal eg gjere greie for sjangerskjema, etterkvart vil eg også kome inn på komponentstruktur som høyrer til teksttype.


### 3.3.1.2 *Sjangerskjema*

Når ein kommuniserer må ein gå igjennom ulike steg fordi ein ikkje kan seie alt samtidig, og ein må derfor legge til meir og meir informasjon for å nå det kommunikative målet (Askehave

& Nielsen, 2005, s. 122). *Move structure* eller det eg har valt å kalle sjangerskjema handlar om måten ein organiserer ein tekst på. Kvar *move* eller steg har typisk eit eige kommunikativt mål som tener det overordna målet til sjangeren.

Figur 3 CARS modell for introduksjon henta frå Swales, (1990, s. 141)

Dette er interessant å undersøke i eit sjangerperspektiv fordi spesialistar som skriv tekstar i ein sjanger ser ut til å skrive veldig likt, og dei organiserer ofte teksten på same måte. Dette gjer at sjantrar ofte får ein typisk struktur for å realisere det kommunikative målet (Bhatia, 1993, s. 30). Både Swales (1990) og Bhatia (1993) undersøker sjangerskjemaet til sjantrane dei analyserer. Det er ulike måtar å identifisere stega på. Swales (1990) er særleg kjent for å lage sjangerskjema for små delar av tekst. Han ser blant anna på introduksjonane til fagartiklar som ein eigen sjanger, og har i den samanheng laga CARS modellen. I figur 3 kan ein sjå døme på den modellen og, korleis eit sjangerskjemaet kan sjå ut. Første steget i CARS modellen handlar om å etablere territorium, altså skissere konteksten for forskinga. I det fyrste steget kan ein til dømes få fram at forskinga er viktig eller ein kan gå igjennom tidlegare forskning. I neste steg skal ein etablere ein nisje, altså vise til at det er eit behov for å forske og undersøke det ein planlegg å undersøke. I det siste steget skal ein gjere greie for korleis forskinga ein skal gjere kan bidra på feltet. CARS modellen er eit godt døme på eit sjangerskjema. Skjemaet presenterer både stega og ulike element som kan skje i kvart steg. Swales brukar såkalla retoriske steg når han skal identifisere stega. Askehave og Nielsen (2005) får fram at ulike teoretikarar og forskarar har brukt ulike metodar når ein skal identifisere stega i ein sjanger. Til dømes kan ein også sjå på overskrifter. I farevarsla er det i stor grad overskriftene som organiserer teksten.



### 3.3.2 Teksttype

Sjangerskjemaet kan også bli påverka av kva teksttype som er i sjangeren. I forskinga av teksttypar har det vore vanleg å undersøke såkalla komponentstruktur. Det vil seie at ein leitar

etter kohesjonsmekanismer, altså ting ved teksten som skapar samanheng, og typesetningar som er typisk for ulike teksttypar. Likevel er det viktig å få fram at teksttypar er meir enn korleis ein skriv noko, det handlar også noko om innhaldet. I argumenterande tekstar finn ein til dømes eit problem som skal identifiserast og løysast, medan narrativ teksttype har ein komplikasjon som skal overvinnast (Breivega & Johansen, 2016). I figur 4 kan ein sjå fleire ulike komponentstrukturar som høyrer til ulike teksttypar. Til dømes er det vanleg å ha komponentane orientering, komplikasjon, resolusjon og koda i narrative teksttypar.

Figur 4 fire komponentskjema henta frå Breivega og Johansen, (2016, s. 55)

| NARRATIVT<br>(VAN DIJK/ADAM)                      | DESKRIPTIVT<br>(ADAM)                                        | ARGUMENTERANDE<br>(ADAM)                         | PL-MODELL<br>(HOEY/<br>TIRKKONEN-CONDIT)      |
|---------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------|-----------------------------------------------|
| ORIENTERING<br>KOMPLIKASJON<br>RESOLUSJON<br>KODA | TEMA<br>ASPEKTUALISERING<br>RELASJONSDANNING<br>TEMATISERING | GAMMAL TESE<br>DATA<br>RESTRIKSJON<br>KONKLUSJON | SITUASJON<br>PROBLEM<br>LØYSING<br>EVALUERING |

I figur 4 er det to typar mønster for argumenterande teksttypar, både argumenterande og PL-modellen. PL-modellen har vist seg særleg nyttig og anvendeleg i analyse av argumenterande tekstar (Breivega & Johansen, 2016). PL-modellen går nokre gonger under namnet argumenterande sjangerskjema (sjå til dømes Vagle et al. 1993, s. 210). Eg vel å bruke omgrepet PL-skjemaet og argumenterande teksttype, for å skilje skjemaet frå sjangerskjema som vart gjort greie for tidlegare i kapitelet. PL-skjemaet er interessant å bruke i analysen av farevarsla, da ein finn fleire tekstelement i farevarsla som kan passe til elementa ein finn i PL-skjemaet. Utgangspunktet for PL-skjemaet er det retoriske mønsteret problem-løysning og komponentane: situasjon, problem, løysning og evaluering er typiske for teksttypen. I figur 5 kan ein sjå døme på ein minimal realisering av PL-skjemaet, med dei fire komponentane: situasjon, problem, løysing og evaluering.

Figur 5 Minimal realisering av PL-skjemaet henta frå Breivega og Johansen (2016, s. 56)

|                                                                   |
|-------------------------------------------------------------------|
| <b>SITUASJON</b><br>I Noreg har vi sjølvbestemt abort.            |
| <b>PROBLEM</b><br>Dette fører til 16 000 fosterdrap i året.       |
| <b>LØYSING</b><br>Abortlova må avskaffast straks!                 |
| <b>EVALUERING</b><br>Berre dette ville vere ein rettsstat verdig. |




Ein av dei som har arbeidd med den modellen er Trikkonen-Condit (1985). Ho forklarar at situasjonskomponenten skal kome med fakta og gi eit bilete av situasjonen, og dette skal fungere som bakgrunnsinformasjon til problemkomponenten, som kjem etterpå.

Situasjonskomponenten skal altså informere heller enn å overtale, og derfor finn ein mest konstative språkhandlingar i den komponenten. I problemkomponenten er derimot målet å overtale. Ein skal få mottakaren til å gjere ein negativ vurdering av situasjonen som vart introdusert gjennom situasjonskomponenten, altså skal mottakaren tenke at slik situasjonen er no er det ikkje bra. Avsendaren forventar ikkje at problemet vert akseptert med ein gong, så i dette elementet finn ein også forsvar og grunngjeving av problemet. Når avsendaren har presentert og forsvart problemet, går ein vidare til løysningskomponenten.

Løysningskomponenten er som oftast direktiv. I elementet skal ein kome med forslag og anbefalingar om korleis problemet bør bli løyst, og dette skal påverke mottakaren til å gjere noko (Trikkonen-Condit, 1985, s. 39).

Når Trikkonen-Condit (1985) undersøker ulike argumenterande tekstar finn ho to måtar å bevege seg mot løysninga på, som kan tyde på at det er to tendensar å realisere PL-skjemmet på. Det eine er blokkmønsteret, medan det andre er bølgemønsteret, som ein kan sjå i figur 6 på neste side. Blokkmønsteret kjenneteiknast av at løysninga kjem først mot slutten, og at elementa vert realisert i ei bestemt rekkefølge. Slik at teksten startar med situasjon, deretter problem, så løysning og til slutt evaluering. Den andre måten er bølgemønster. Der vert komponentane representerte fleire stader. Det betyr at ulike aspekt ved problemet og løysninga vert presentert fleire stader saman med situasjon og evaluering (Trikkonen-Condit, 1985, s. 36-37). Vagle et al. (1993, s. 214) meiner at bølgemønsteret gjer at ein får fram ulike delar av problemet, og at dette nokre gonger er nødvendig for å overtale mottakaren. I autentisk tekst kan det sjølvstøtt variere og det kan likne meir eller mindre på ein av måtane. Vagle et al. påpeiker også at ikkje alle komponentane vil vere nødvendig for å kunne kategorisere ein tekst som argumenterande, berre problemkomponenten er obligatorisk, og det står vanlegvis i kombinasjon med ei løysning. Kva element som er med og kor omfattande dei er vil variere ut frå kva bakgrunnskunnskap mottakaren har og korleis dei forstår verda (Vagle et al., 1993, s. 211-214).



Figur 6 PL mønster henta frå Trikkonen Condit (1985, s. 37).

### 3.3.3 Digitale tekstar og sjanger

#### 3.3.3.1 Digitale tekstar

Farevarsla er ein digital tekst. Digitale tekstar har ofte blitt forstått som tekstar knytt til datamaskinene. Schwebs og Otnes (2006, s. 17) meiner at omgrepet *digital tekst* vert for upresist. I stede meiner dei at ein bør bruke omgrepet *skjermtekstar*. Skjermtekstar vert forstått som «tekster som produseres, distribueres og lagres som tallkoder, og som blir fullt meningsberande bare når de avleses på dataskjerm» (Schwebs & Otnes, 2006, s. 17). Dei meiner at det omgrepet er meir avgrensa, da det berre gjeld dei tekstane som er laga for å bli lest på dataskjermen. Her må ein ikkje berre tenkje den tradisjonelle datamaskinen, men også inkludere mobiltelefon og nettbrett. Omgrepet skjermtekst passar godt på farevarsla.

Farevarsla vert koda gjennom CAP. Det er vanskeleg å lese CAP filane utan ein datamaskin, det er fyrst i møte med skjermen at teksten vert forståeleg for folk flest.

Skjermtekster skil seg frå andre tekstar på ulike måtar. Nokre av dei viktigaste kjenneteikna til skjermtekstane er dei mediespesifikke verkemidla: hypertekstualitet, interaktivitet og multimedialitet. Hypertekstualitet er eit prinsipp for tekststruktur. Skjermtekstar er ofte strukturerte som hypertekstar, noko som vil seie at teksten består av mange tekstlege element med koplingar seg imellom. Farevarsla har blant anna tre lag med informasjon som brukaren må trykke seg inn på, slik ein såg i figur 1. Hypertekstualitet gjer at tekstane ofte er organiserte slik at mottakaren i større grad sjølv vel ut korleis og i kva rekkefølge ein les

teksten, noko som gjer at tekstane vert meir interaktive. I tillegg kan interaktivitet handle om ein slags dialog, som at ein kan gje tilbakemelding til avsendaren av teksten. Det tredje verkemiddelet handlar om multimedialitet. Det handlar om at skjermttekstar ofte utnyttar fleire teiknsystem samtidig. Det er til dømes vanleg å basere seg på skrift, tale og ulike typar bilete (Lind, 2005, s. 52-53).

### 3.3.3.2 *Sjanger og skjermttekstar.*

Eg har no tatt føre meg ulike måtar å klassifisere diskurs. Eg har sett på teksttype, sjanger, og no også skjermttekstar. Både Bhatia og Swales si forståing av sjanger passar til å undersøke tekstar frå ulike profesjonar og yrkesutøvarar. Spørsmålet er om det er ein god forståing for å undersøke skjermttekstar. Mange av dei ulike teoriene om sjanger, inklusivt Swales og Bhatia sine, har fokusert på skriven og talt tekst, og har ikkje undersøkt internett-tekstar (Askehave & Nielsen, 2005, s. 120) eller det eg har valt å kalle skjermttekstar. Askehave og Nielsen (2005, s. 121) meiner at teoriene kan brukast til skjermttekstar, men at ein må legge til noko meir. Mange skjermttekstar har signifikante karakteristikkar som andre tekstar ikkje har, og derfor kan det vere nødvendig at mediet vert ein del av forståinga av sjanger. Ein må vurdere rolla til mottakaren, for den varierer på skjermttekster mellom eit modus som les og eit modus som navigerer (s. 128). Det vil seie at dei som bruker skjermttekstar gjer modale skift mellom å vere ein lesar og ein navigatør, og desse rollene skifter mottakaren stadig mellom. Når mottakaren er i lesemodus zoomar han inn og bruker teksten på same måte som ein «printa tekst», men når mottakaren er i navigeringsmodus zoomar han ut og bruker skjermtteksten som et medium og utforskar ulike navigeringsmoglegheiter, som å bruke URLer som er lenka på sida, og bevege seg mellom ulike tekstar (Askehave & Nielsen, 2005).

## 3.4 Samanfating

I denne delen har eg tatt føre meg ulike teoriar og omgrep som er relevant for mi undersøking av farevarsla som eigen sjanger. Eg har tatt føre meg ulike teoriar om kommunikasjon og gjort greie for språkhandlingar, og eg har hatt særleg fokus på illokusjonære språkhandlingar. Eg har også tatt føre meg relevante teorien, som bidrar til å forklare korleis ein forstår og tolkar ytringar og anna input. I slutten av kapitelet har eg gjort greie for to ulike måtar å klassifisere diskurs gjennom omgrepa teksttype og sjanger. Eg har blant anna sett på korleis ein strukturerer sjangrar, og korleis teksttype kan spele ei rolle for strukturen. Deretter har eg gjort greie for skjermttekster og sett om sjangerteorien kan bli brukt på skjermttekstar.

## 4 Klarspråk

For å kunne svare på den meir normative delen av problemstillinga om kva ein kan gjere for å forbetre farevarsla med tanke på forståelegheit har eg valt å nytte meg av relevansteorien, som eg tok føre meg i førre kapitel, og klarspråk. Klarspråk er ikkje ein eigen teori, men ein tilnærming til tekst som sit mottakaren i fokus. Klarspråk handlar om å kommunisere på ein måte som er klar og begripeleg for dei som treng å forstå eit budskap. Det er fleire årsaker til at klarspråk har blitt viktig i samfunnet. Blant anna kan klarspråk fremja demokratiet, skapa tillit og det er økonomisk gjennom at ein sparar både tid og pengar (Breivega et al., 2010, s. 9). Korleis ein forstår klarspråk varierer, og ein kan dele dei ulike definisjonane av klarspråk inn i tre kategoriar, ut ifrå kva fokus definisjonen har. Den fyrste kategorien ser på klarspråk som noko som kan teljast, og ein er til dømes interessert i å måle lesbarheit ut frå ord- og setningslengde, eller lengde på avsnitt. Den andre måten å definere klarspråk på tar utgangspunkt klarspråksråd og behandlar råda som sjekklister. Da bestemmer ein om teksten er klarspråk eller ikkje ut ifrå gitte kriterium. Den siste kategorien undersøker funksjon og resultat. Ein er interessert i kor godt mottakaren forstår, og kor brukbart dokumentet er (Språkrådet, 2010, s. 8). Språkrådet (2010) anbefaler å bruke ein definisjon som støtter seg mest på den siste kategorien, men med støtte frå dei to andre. Språkrådet (u.d-b) definerer klarspråk slik:

«Med klarspråk mener vi korrekt, klart og brukertilpasset kommunikasjon. En tekst er skrevet i klarspråk dersom mottakerne

- Finner det de trenger
- Forstår det de finner
- Kan bruke det de finner til å gjøre det de skal» (Språkrådet, u.d-b)

Dette vil seie at språket skal vere grammatisk korrekt samtidig som at det skal vere enkelt for mottakaren både å forstå, finne det dei treng og at mottakaren skal kunne bruke teksten til å gjere det ein skal. Den definisjonen vektlegg funksjon og resultat, og passar inn i den siste kategorien av definisjonar av klarspråk. I tillegg til å fokusere på funksjon vil eg også støtte meg på klarspråksråda da eg i mi oppgåva ikkje brukartestar varsla. Eg skal altså ikkje intervju nokon om korleis dei forstår tekstane, men analysere tekstane og diskutere funna opp mot råda ein finn i klarspråk.

I tekstar som skal nå ut til andre, kan det oppstå mange hindringar som kan påverke forståinga av ein tekst og gjere ein tekst vanskeleg. Breivega et al. (2010, s. 13) skisserer fire ulike hindringar som kan gjere ein tekst vanskeleg å forstå for mottakaren. Den fyrste hindringa handlar om føremålet til teksten. Når teksten ikkje har eit klart budskap, eller når budskapet ikkje kjem fram, får teksten eit uklart føremål og det vert vanskeleg å forstå teksten. Den andre hindringa er uklar struktur. Det kan til dømes skje når teksten ikkje er logisk disponert, eller manglar informative overskrifter. Den tredje type hindring handlar om uklart språk. Det kan førekomme både på setningsnivå og ordnivå. Hindringar på setningsnivået kan vere kompleks setningsstruktur, for korte og komprimerte setningar eller passiv konstruksjonar som skjuler aktørar. Hindringane kan også ligge på ordnivået, blant anna gjennom bruk av fagterminologi, vage ord og uttrykk, eller vanlege ord som vert brukt som fagtermar med ein spesiell tyding. Den siste hindringa handlar om formelle feil, altså rettskriving og teiknsetjing. Formelle feil kan skape mistydingar, eller ta vekk merksemda frå innhaldet (Breivega et al., 2010, s. 13).

For å unngå ulike hindringar som står i vegen for forståinga, har fleire aktørar komen med råd om korleis ein skal skrive tekstar for at dei skal vere skriven i klarspråk. Å gje allmenne råd for kva som er ein god tekst er vanskeleg, og kor gode ein del av klarspråkråda er, er noko usikkert. Den svenske språkforskaren Wengelin (2015a, 2015b) har undersøkt fleire av dei svenske klarspråkråda. Ho er kritisk til validiteten til råda og trekk fram at mange av råda er basert på engelsk språk og har blitt utført i form av eksperimenter på enkeltord og setningar utan kontekst. I tillegg er det blitt gjort fleire studiar på ulike språk som viser at mange av dei undersøkte råda berre gjeld i visse samanhengar. Vidare vil eg gå igjennom nokre klarspråkråd som vert sentrale for oppgåva mi og nokre eventuelle innvendingar mot råda. Eg har valt å basere meg på klarspråkråda frå boka *Klarspråk i praksis: håndbok i godt forvaltningsspråk* av Breivega et al. (2010) når det kjem til råda, men supplerer også med andre råd frå språkrådet som *Råd om klarspråk i krisetid* (Språkrådet 2020) og anna relevant litteratur.

## 4.1 Mottakarbevisstheit

Eit viktig råd i klarspråk handlar om at ein skal vere mottakarbevisst og skrive for mottakaren. Ifølge Wengelin (2015b) er dette eit råd som har godt belegg i forskinga. For å kunne skrive slik at mottakaren forstår, er det viktig å ha føre seg kven ein skriv for, og kva som er

føremålet med skrivinga, altså det kommunikative målet. Kva som er ein klar tekst, vil variere etter kven som er mottakar, og kva bakgrunnskunnskap mottakaren har. Det er vanskeleg å sette seg inn i mottakargruppa sine føresetnader. Ting som oppfattast presist, klart og dekkande for den som skriv, kan opplevast ubegripeleg for den som skal lese det (Breivega et al., 2010, s. 10). Det å skrive for mottakaren inneber å sjå for seg kva mottakaren treng i teksten, og det er ein vanskeleg skrivestrategi (Nord, 2017, s. 31). Det er også ein del tekstar som skal nå ut til ulike grupper med ulik bakgrunnskunnskap, språkkunnskap og fagleg kompetanse. Når ein skal nå ut til mange med ulik kunnskap, er klarspråkrådet å ta mest omsyn til mottakarane som har minst fagleg og språkleg kompetanse (Breivega et al., 2010, s. 15).

#### 4.1.1 Kommunikasjonssituasjonar

Noko som er viktig å få fram i samband med klarspråkrådet om å skrive for mottakaren er at det finst mange ulike kommunikasjonssituasjonar. Ein kan dele opp i tre hovudtypar: 1) personleg kommunikasjon, 2) gruppekommunikasjon og 3) massekommunikasjon. Personleg kommunikasjon er ein tovegs kommunikasjon der ein skifter rolle mellom sendar og mottakar. I slike situasjonar kan misforståingar eller mangel på forståing lett oppklarast og korrigerast, i tillegg til at deltakarane i kommunikasjonssituasjonen har ein felles referanse til her og nå. Gruppekommunikasjon kjenneteiknast av å ha ein sender og fleire mottakarar. I situasjonen har ein eit felles samvær i tid og rom, der det er ope for spørsmål og replikkar. Massekommunikasjon derimot kjenneteiknast av at det er eit stort skilje mellom sender og mottakar, og moglegheitene til å rette opp misforståingar og kome med tilbakemelding er færre og vanskelegare (Alme & Sande, 1988, s. 20). Den oppdelinga er teoretisk, og i dagens tekstsamfunn er den kanskje også for enkelt. Farevarsla ser tilsynelatande ut til å vere ein form for massekommunikasjon, men i nokre av kanalane farevarsla vert sendt ut er det større moglegheit for at beredskapsaktørar kan ha kontakt med dei som sender ut farevarsla, noko som gjer den likare gruppekommunikasjon (Sivle, Meteorologi, privat kommunikasjon, 12.04.24).

Farevarsla vil eg likevel seie at er ein form for massekommunikasjon, og det fører med seg utfordringar når ein skal skrive tekstar i klarspråk. Eit vanleg råd i klarspråk er til dømes ofte å bruke du-tiltale. I klarspråksarbeidet til NAV har dei blant anna som hovudprinsipp å bruke *du*, og *dere* og *vi* i vedtak (Bekkelund-Eriksen, 2021, s. 192). Nord (2017, s.15) får i sin

forskingsoversikt over klarspråk fram at bruken av du-tiltale både er vanleg i massekommunikasjon og er ei utfordring. Det som ofte skjer, er at tekstane ikkje passar nokon. I tillegg skapar massekommunikasjon til heterogene grupper ei utfordring i forhold til korleis ein skal tilpasse teksten med tanke på struktur, syntaks, ordforråd og informasjonsmengd.

## 4.2 Struktur

Tidlegare har eg vore inne på ulike måtar å strukturere tekst på. I 3.3.1.2 og 3.3.2 gjorde eg greie for sjangerskjema og PL-skjemaet, som begge handlar om korleis ein strukturere ein tekst. Det er fleire klarspråkråd for korleis ein kan strukturere tekst for å lage orden i teksten, og gjere den meir forståeleg. Nokre av desse råda kan verke motstridande. Språkrådet (2020) anbefaler blant anna at ein skal sette det som er viktigast for mottakaren, fyrst eller i alle fall langt framme i teksten. Tanken bak råda er å gjere «hovudinnhaldet godt synleg, slik at mottakaren får med seg det viktigaste utan å lese grundig» (Språkrådet, 2020). Det står også at ein skal «Bruke enkel og ryddige punktlistar til den viktigaste informasjonen» (Språkrådet, 2020). Samtidig anbefaler Språkrådet (u.d-c) at ein skal lage ein enkel og logisk struktur. I diskusjonskapitlet vil det kome fram at desse råda kan vere noko motstridande.

## 4.3 Syntaks

Korleis ein formulerer og strukturere setningar, er også viktig for forståinga. Det er fleire råd om korleis setningane bør sjå ut om ein skal skrive klarspråk. Hovudregelen er at ein skal skrive fullstendige setningar. Dette betyr at ytringane må ha eit finitt verbal og eit subjekt, med unntak av imperativsetningar som ikkje treng subjekt (Breivega et al., 2010, s. 75). Det står lite i klarspråkråda om kvifor ein ikkje skal bruke setningsfragment. Vinje (2014, s. 299-300) meiner at ein ikkje bør ha noko forbod mot bruk av setningsfragment og frittstående leddsetningar. Han meiner at bruken ikkje alltid er klanderverdig. Bruken av slike ufullstendige setningar kan vere på sin plass når det til dømes er behov for å skrive kort eller raskt skissere ein situasjon. Han ser på det som eit stilmiddel som aukar tempoet eller kan rette merksemda mot det vesentlege. Likevel kan bruken av setningsfragment også hindre forståinga, og skape forvirring dersom det bryt med lesarforventinga.

## 4.4 Ord nivå

Når mottakarar opplever tekstar som vanskeleg, peiker mottakarane ofte på ord og uttrykk som kjelda til problema. Det er fleire hindringar ein kan møte på ordnivået. Det eine handlar om ord og uttrykk som vert stava feil, eller brukt feil og som dermed skapar støy og tar merksemda vekk frå innhaldet. Det andre handlar om ord som kan vere vanskelege for mottakaren å forstå (Breivega et al., 2010, s. 47). Nokre av dei tidlegare klarspråksråda om ord har handla om ordlengde, og ein har blant anna sett på lange ord som vanskelege. Ifølge Wengelin (2015a, 2015b) er det betre å fokusere på å bruke vanlege ord enn å telje ordlengde. Med vanlege ord meiner Wengelin vanlege ord for mottakaren. Det tyder til dømes på at fagtermar kan verte eit problem dersom dei ikkje er kjent for mottakaren. Det er som ein ser fleire ting som kan vere til hinder for ordforståinga, men i denne oppgåva har eg valt å fokusere på fagtermar. Eg meiner det er interessant, da det er fagfolk som skriv varsla, men varsla vert lesen både av andre fagfolk, som beredskapsaktørar og lekfolk. Det at fagfolk skal kommunisere til ein så homogen gruppe, kan skape ei utfordring når ein skal formulere seg klart.

### 4.4.1 Fagtermar

Noko som kjenneteiknar det moderne samfunnet, er spesialiseringane og arbeidsdelinga. Det er ikkje lenger slik at alle kan alt, vi har fordelt arbeidsoppgåver og spesialisert oss på ulike felt. Det er noko som får konsekvensar for språket og det er særleg synleg på ordnivået. Spesialiseringa skapar eit leksikon som ikkje alle språkbrukarane i samfunnet forstå eller har tilgang til (Andersen, 2015, s. 74). Fagtermar bidrar til å gjere språket presist og økonomisk. Idealet for ein fagterm er at «For hver genstand og relation skal der derfor være et og kun et ord» (Engeberg, 2007, s. 29). Den økonomiske og presise termbruken finn ein blant anna i legevitskapen, kor det berre er eitt ord for kvar knokkel i kroppen, som gjer det mogleg å skildre nøyaktig kva del av kroppen som er skada (Engeberg, 2007, s. 29). Slike termar finn ein også i andre fagfelt. Fagtermar er effektive å bruke i eit fagmiljø der alle er fortruleg med termene, men når ein skal nå ut til folk utanfor fagmiljøa, kan desse orda skape utfordringar for kommunikasjonen på fleire måtar. Dersom ein vel å bruke fagtermane utan å forklare termen og mottakaren ikkje forstår fagterminologien, meiner Maagerø og Skjelbred (2010, s. 133) at det kan fungere ekskluderande fordi det gjer at mottakaren ikkje får same tilgang og nytte av teksten.



Klarspråk står ikkje i konflikt med fagterminologien. Terminologi er viktig for klarspråk, da det bidrar til ein eintydig og effektiv tekst, men bruken av terminologi kan også hindre forståinga, og da må ein finne løysningar for det. Dersom ein skal unngå fagtermar heilt og framleis vere presis, vil det ende i at tekstane vert unødvendig lange og ein kan få ein komplisert setningsstruktur som kan bidra til å hindre forståinga (Breivega et al., 2010, s. 60). Fagtermene er som sagt viktig for å kunne skrive presist og økonomisk, noko som også er viktig når ein skal skrive klarspråk. Samtidig kan ord som er nødvendig for å skrive presist, hemme forståinga. Klarspråkråda kjem med ulike løysningar for kva ein skal gjere med fagterminologien. Det eine rådet er å forklare faguttrykket fyrste gong det vert presentert i ein tekst. Det gjer at dei som ikkje kan termene får tilgang til termen, og lettare kan forstå teksten. Ei anna løysning er å lage ordlister som kan leggjast ved i teksten. Dette gjer at mottakaren kan finne ut av termar dei ikkje kan, men det krev litt meir av mottakaren. I digitale tekstar har ein også moglegheit til å lage ordforklarings som kan lenkast direkte i teksten (Breivega et al., 2010).

## 4.5 Punktlistor

Det siste eg skal kome inn på i denne delen om klarspråk, er punktlistor. Punktlistor kan vere eit nyttig hjelpemiddel når ein skal framheve viktige poeng i ein tekst. Punktlistor skapar luft i teksten og kan gjere det viktige meir synleg. Når det kjem til klarspråkråd om punktlistor, skriv Breivega et al. (2010, s. 105) at punktlistor berre bør brukast til å fremje det viktigaste og det skal gje lesaren god oversikt over innhaldet. Dersom punktlistor ikkje gjev betre oversikt, er anbefalinga å heller bruke vanleg tekst. Klarspråkråda seier også noko om korleis punkta bør vere utforma. Når ein lagar punktlistor, kan ein ha enkeltord, delar av setningane eller fullstendige setningar i punkta. For å skape oversikt er det viktig å ha same form og struktur i punkta. Til dømes bør det i ei liste med substantiv, berre vere substantiv og ei liste med heilsetningar bør berre bestå av heilsetningar. Punkta bør også ha innhaldsparallelitet. Breivega et al. (2010, s. 107) forklarar at dette betyr at «Emnet i eitt punkt må hange saman med emnet i dei andre og vere på same logiske nivå».

Det er også problematiske sider ved bruk av punktlistor. Når ein kommuniserer kan ein bruke ulike teiknsystem og ressursar. Desse teiknsystema har ulike eigenskapar som legg føringar for korleis ein kan bruke dei og kva dei er gode på, ein brukar ofte omgrepet *affordans* for å vise til det (Svennevig, 2020, s. 54). Punktlistor er gode til å få fram det viktigaste, og

framheve det, men det er andre aspekt punktlister egner seg mindre til. Ledin og Machin (2015, s. 470) får fram at lister også kan undertrykke koplingane mellom dei ulike komponentar, noko som fører til fragmentering av informasjonen. Noko av årsaka er at layouten med lister og punktlister skaper meir plass mellom elementa, som kan gjere at elementa verkar meir separerte. Dette gjer at punktlister blant anna kan skjule samanhengar (Kress et al., 2021).

## 4.6 Samanfotning

I denne delen har eg tatt føre meg kva klarspråk er og nokre klarspråkråd som er relevante for denne oppgåva. Det er viktig å få fram at klarspråk ikkje er ein eigen teori, men ein tilnærming til tekst. Det er ikkje nødvendigvis slik at teksten vert betre av å følge alle råde, og ein må alltid vurdere teksten heilskapleg. Eg vil bruke klarspråkråde til å diskutere ulike trekk ved sjangeren, og ulike løysningar som kan bidra til å gjere sjangeren meir forståeleg.

## 5 Metode

### 5.1 Diskursanalyse

Mykje av den tidlegare forskinga på vervarsling og farevarsel har bestått av å intervjuje ulike brukargrupper, eller følge korleis auge beveger seg når vervarslinga vert lese. Ut ifrå forskingsoversikta i innleiinga ser det ikkje ut til at det har blitt gjort ein diskursanalyse av farevarsla. Diskurs handlar om tekst i kontekst. Det å undersøke tekst i kontekst er viktig for å svare på problemstillinga, fordi konteksten påverkar tolkinga av teksten og forståinga. Det er ulike måtar å gjere diskursanalyse på, diskursanalyse varierer både ut ifrå kva fagfelt, og kva aspekt ved teksten ein vel å studere (Lind, 2005). Eg har gjort ein diskursanalyse kor eg undersøker fleire ulike trekk med diskursen. Dei ulike teoriane som omhandla kommunikasjon og diskursklassifisering, som eg gjorde greie for i teorikapitelet, passar bra i ein diskursanalyse. Gjennom å undersøke ulike aspekt som kommunikativt mål, sjangerskjema, syntaks og ordnivå kan ein seie noko om kva som kjenneteiknar sjangeren farevarsel og dermed svare på problemstillinga. Diskursanalyse er eit godt val for å svare på problemstillinga om kva som kjenneteiknar farevarsla på Yr. Den andre delen av problemstillinga som handlar om korleis farevarsla eventuelt kan forbetrast med tanke på forståelegheit, er vanskelegare å svare på ut ifrå ein slik analyse. Derfor har eg valt å sjå resultatata frå analysen opp mot klarspråksråda eg gjorde greie for i kapitel 4. Eg vil vidare gjere greie for korleis eg har samla inn data og korleis eg har gjennomført analysen.

### 5.2 Innsamling av data

I tabell 3 kan ein sjå ein oversikt over materialet som dannar grunnlag for analysen. Materialet består av farevarsel som er samla inn på Yr i perioden våren 2023 til hausten 2023. Årsaka til dette lange tidsrommet var eit ynskje om å få tak i varsel som omhandlar ulike verfenomen og naturfarar. Å få fram variasjon i varsla er viktig for å finne ut av kva moglegheiter ein finn i sjangeren, farevarsel. Som sett i innleiinga, har MET ansvar for å sende ut fleire typar varsel, enn NVE. Derfor er materialet noko asymmetrisk. Samtidig ynskja eg at NVE skulle vere godt representert og tok derfor to av kvar type varsel, medan MET sine varsel vart stort sett representert med eit varsel per type med unntak av regn.

Tabell 3 Oversikt over analysematerialet

| <b>Varsel frå MET</b> | <b>Vertype</b> | <b>Faregrad</b> | <b>Varsel Frå NVE</b> | <b>Faretype</b>           | <b>Faregrad</b> |
|-----------------------|----------------|-----------------|-----------------------|---------------------------|-----------------|
| MET1                  | Snø            | Gult            | NVE1                  | Snøskred                  | Oransje         |
| MET2                  | Snøfokk        | Gult            | NVE2                  | Snøskred                  | Oransje         |
| MET3                  | Skogbrannfare  | Gult            | NVE3                  | Jord- sørpe og flaumskred | Gult            |
| MET4                  | Regn           | Raudt           | NVE4                  | Jord- og flaumskred       | Oransje         |
| MET5                  | Regn           | Gult            | NVE5                  | Flaumfare                 | Oransje         |
| MET6                  | Styrtregn      | Gult            | NVE6                  | Flaumfare                 | Oransje         |
| MET7                  | Lyn            | Gult            |                       |                           |                 |
| MET8                  | Vindkast       | Gult            |                       |                           |                 |

Varsla er enten henta frå yr.no/farevarsel eller frå dei ordinere vervarsla på Yr. I Innleiinga kom det fram at farevarsla vert distribuert gjennom ulike kanalar som Yr, Varsom og meteoalarm.org. Farevarsla kan sjå ulike ut på desse sidene. Derfor er det viktig å få fram at eg i dette prosjektet undersøker korleis farevarsla vert presentert hos Yr, da det er her eg har henta materialet.

Farevarsla forsvinn frå Yr når faren er over. Det gjer at den einaste måten å samle inn farevarsla er gjennom å ta skjermdumpar. For å ta skjermdumpar av varsla valde eg å hente materialet gjennom nettlesaren på PC-en. Eg valde å bruke PC da det gjev moglegheit til å redigere storleiken og dermed få med heile varselet i ein og same skjermdump, noko som har letta innsamlinga. Når eg har tatt skjermdumpar, har eg i tillegg valt å ta bilete av heile skjermen slik at eg får med dato for når det er henta inn og nettadressa. Det er eit unntak, da eg gløynde å ta bilete av heile skjermen. Da måtte eg få inn dato gjennom å sjå når eg tok skjermdumpen. Alle skjermdumpane kan ein sjå i vedlegg 2.

Å bruke skjermdump som innsamlingsmetode for skjermttekstar gjer at eg mister hyperlenkene, og det vervarselet som varselet stod saman med. At eg mister noko trekk ved varselet kan vere uheldig da mottakaren ofte skiftar mellom å vere navigatør og lesar i ein slik type tekst (Askehave & Nielsen, 2005). Skjermttekstar er heller ikkje det same som vanlege

tekstar på papir, og ein les og brukar tekstane annleis enn det ein gjer når ein har tekstane på papir (Renkema & Schubert, 2018). Måten eg har samla inn data på gjer at eg ikkje kan utforske navigatør modus til tekstane. Dermed vert det ein naturleg avgrensing at eg i analysen fokuserer på dei tekstlege elementa, og ikkje navigatørmoglegheitene.

Når eg samla inn data, sat eg etterkvart igjen med svert mange varsel. For at materialet skulle passe oppgåvas omfang, gjorde eg eit utval slik at eg hadde 14 varsel. Desse 14 varsla transkriberte eg slik at eg kunne søke i dokumenta noko som gjorde analysearbeidet lettare. Dei transkriberte varsla ligg i vedlegg 1. For å velje ut kva varsel eg skulle ta med, hadde eg nokre kriterium. Det fyrste var at både NVE sine varsel og MET sine varsel skulle vere representert. Sidan NVE har færre naturfarar tok eg som sagt med to av kvar type og hadde i tillegg eit kriterium om at ingen av varsla skulle vere heilt like. Dette var for å kunne gjere greie for variasjon i sjangeren. Når varsla frå NVE var valt ut, koda eg dei med NVE og eit tal. Etter innsamlinga og utveljinga satt eg igjen med to snøskredvarsel (NVE1, NVE2), to jord-, sørpe-, flaumskred varsel (NVE3, NVE4) og to flaumskredvarsel (NVE5, NVE6).

MET har ansvar for å sende ut fleire typar varsel enn NVE. I starten av prosjektet hadde eg eit ynskje om at alle verfenomena som kunne gje farevarsel skulle bli representert, men dette var ikkje mogleg da innsamlinga ville ta for lang tid og det ikkje var sikkert at eg kom til å få tak i alle type farane. Eg valde derfor på eit tidspunkt å gjere eit utval av det materialet eg allereie hadde samla inn, også her skulle ingen varsel vere like. Eg enda med ein samling på åtte varsel som omhandlar snø (MET1), snøfokk (MET2), skogbrannfare (MET3), regn (MET4, MET5), styrtregn (MET6), lyn (MET7) og vindkast (MET8). Det er to varsel med regn, fordi dei skil seg stort frå kvarandre, med omsyn til nivå og kor sannsynleg det er at verfenomenet ville kome.

Noko å vere merksam på i utvalet er at varsla, MET5 og MET6, skil seg frå dei andre varsla med at det er stor usikkerheit i varsla, og dei derfor truleg er meldt på eit lågare farenivå enn den potensielle faren. Som sett i 2.2.2, er det ikkje heilt rett fram når det kjem til farenivå i varsla til MET. Farenivå kan få ulik farge når ein slår saman farepotensialet med kor sannsynleg det er at det venta uveret vil kome. Til dømes kan eit uver ein venter gjev stor fare, bli varsla på gult om det er låg sannsynlegheit for at det vil inntreffe, eller det er stor usikkerheit til kor det vil inntreffe. I mitt utval har eg to varsel MET5 og MET6 som kan vere døme på slike varsel. At MET5 og MET6 har stor usikkerheit kan ein sjå i overskriftene der

det står «Mulighet for svært mye regn» (MET5) og «Mulighet for svært kraftig styrtregn» (MET6). Usikkerheita kjem også fram i skildringa i MET5, der det strå «Det er stor usikkerhet både i mengde og plassering (...)» (MET5). Desse meir usikre varsla er tatt med fordi dei er ei del av sjangeren farevarsel.

### 5.3 Framgangsmåte

For å svare på problemstillinga og forskingsspørsmåla har eg analysert materialet på ulike måtar, som er vanleg i studie av diskurs og sjanger. Analysen er særleg inspirert av Bhatia (1993) sine idear om korleis ein skal undersøke sjangrar, som vart gjort reie for i 3.3.1.1. Bhatia presenterer ikkje ein enkel metode, men heller retningslinjer og idear om korleis ein kan undersøke ulike sjangrar. I tillegg har eg henta inspirasjon frå Nordman (1994) som har gjort ein sjangeranalyse av vervarslinga i finlandssvenske aviser. Studien har eg gjort greie for i 1.1.

Eg har gjort både ein tekstintern og ein tekstekstern analyse. I den tekstekstern analysen har eg gjort slik Bhatia (1993) foreslår, nemleg å undersøke andre dokument som kan fortelje noko om sjangeren. Eg leste blant anna om historia bak farevarsla, CAP-formatet, og faregradering, og det har blitt presentert i kapittel 2, og har også bli brukt i analysearbeidet. I tillegg har eg nytta ressursar frå meteorologisk institutt og NVE sine nettsider. Ei av nettsidene eg har brukt er Varsom. Varsom er ei teneste av NVE, og tenesta samarbeider med Meteorologisk institutt og Statens vegvesen. I tillegg har eg brukt nettressursar knytt til yr, og meteorologisk institutt. Gjennom masterprosjektet har eg også fått tilgang til nokre interne dokumenter frå MET. Blant anna har eg fått tilgang til nokre av arbeidet i Stimulab prosjektet. Eg har blant anna fått lese sluttrapporten til prosjektet, og ein figur derifrå har eg brukt i diskusjonskapitlet. Min birettleiar Sivle, har også bidratt som ekspert på sjangeren. Bhatia (1993, s. 34) anbefaler at funna frå analysen av sjangeren vert sjekka av ein ekspert, og i mitt tilfelle har det vore Sivle som undervegs har kome med innspel for å gjere analysen betre og meir relevant for Meteorologisk institutt og NVE. Eg kunne også hatt ein representant frå NVE, men sidan MET og NVE samarbeider tett, og Sivle har god oversikt har eg berre hatt ein representant. Analysen har i stor grad fokusert på teksten ein finn under overskriftene *Anbefalinger*, *Konsekvenser* og *Beskrivelse*. Vidare vil eg gjere nærmare greie for kva eg har gjort i analysen.

### 5.3.1 Illokusjonære språkhandlingar

Når eg starta sjølve diskursanalysen av teksten, byrja eg å undersøke språkhandlingane. Eg byrja med å undersøke dei illokusjonære språkhandlingane, altså dei handlingane som vert utført når ein ytrar noko. Eg starta med å bruke Searle si kategorisering av illokusjonære språkhandlingar, som har blitt gjort greie for i 3.1.1.1. Eg brukte Exel for å analysere tekstane. Eg starta analysearbeidet med å skrive alle ytringane i kvar si rute nedover i dokumentet. Samtidig koda eg kvar ytring med koden til varselet til dømes NVE1, NVE2 osv., slik at eg hadde oversikt over kva varsel ytringa høyrde til. Deretter undersøkte eg den enkelte ytringa for å finne ut om det var ein konstativ, direktiv, kommissiv, ekspressiv eller kvalifiserande språkhandling. For å gjere dette brukte eg Searle sin IFIDS, altså såg eg etter hint i ytringa som setningstype, og performative verb for å finne ut kva type illokusjonær språkhandling det ytringa hadde, i tillegg brukte eg kontekst og min eigen bakgrunnskunnskap. Ut ifrå dette gjorde eg slutningar om kva illokusjonær språkhandling ytringa hadde. Nokre av ytringane var enkle å plassere, medan andre vart lagt i ein «ymse» kategori og plassert seinare når eg hadde fått tenkt meg om, og undersøkt ytringa fleire gonger.

Farevarsla består av fleire underoverskrifter som *Anbefalinger*, *Konsekvenser* og *Beskrivelse*. Når eg hadde kategorisert dei ulike språkhandlingane som sto under dei overskriftene, tok eg for meg ein og ein underoverskrift, og kategoriserte vidare i meir tematiske kategoriar. Eg kategoriserte vidare for å kunne gjere greie for det fyrste forskingsspørsmålet om korleis ulike språkhandlingar vert brukt i farevarsla for å få fram kva type fare, anbefalt handling og konsekvensar, og kven desse språkhandlingane var retta mot. For å gjere dette starta eg med å samle alle anbefalingane i eit nytt Exel ark. Deretter undersøkte eg dei ulike ytringane og undersøkte tematiske fellestrekk ved ytringane. Eg undersøkte til dømes om det var ytringar som var like på tvers av varsla, om det var ytringar som omhandla det same og som på den måten kunne danne ein kategori. Når Anbefalingane var kategorisert gjekk eg vidare til å analysere og kategorisere konsekvensane. Eg prøvde fyrst å bruke dei same kategoriane som i anbefalingane, men dette fungerte i liten grad da det berre var ein kategori som var overførbar. Derfor tok eg med den kategorien, men lagde nokre nye kategoriar for konsekvensane. I dei kategoriane låg eg vekt på kor konsekvensane eventuelt kunne skje.

Skildringa skil seg noko ut i forhold til form og innhald, og det var ikkje mogleg å lage ein lik type tematisk kategorisering som under overskriftene *Anbefalinger* og *Konsekvenser*. Det eg var interessert i å undersøke var kva som kom fram i skildringa. For å gjere dette tok eg kvar

ytring i skildringa og skreiv inn i eit nytt Exel ark. Deretter analyserte eg kvar setning og fann kva innhaldet i den ytringa tok opp. Ikkje alle elementa fekk sin eigen kategori, men eg valde å lage kategoriar som samlar opp det som verker å vere dei vanlegaste innhaldselementa i varsla. Når skildringa var kategorisert, samanlikna eg termbruken i kategorien: *kva fare* med hovudoverskrifta til varselet. Dette var for å undersøke om same term vart brukt, noko som kan påverke prosesseringskostnaden for mottakaren.

Resultata som kom fram gjennom analysen av illokusjonære språkhandlingane og kategoriseringa har også blir presentert i 6.3 men har også blitt brukt i andre delar av analysen. Eg brukte resultata både i analysen av sjangerens kommunikative mål, sjangerskjema og analysen av intendert mottakar. Desse analyseelementa har også blitt supplert med andre analysemetodar.

### 5.3.2 Kommunikativt mål

Analysen av sjangerens kommunikative mål vart gjort på to ulike måtar, gjennom at eg undersøkte både tekstane internt og undersøkte tekstane eksternt. Å undersøke teksteksterne og tekstinterne aspekt ved sjangeren farevarsel, bidrar som til å gje ein tjukk analyse av sjangeren. For å analysere det kommunikative målet teksteksternt brukte eg NVE og MET sine egne dokument som seier noko om kva føremålet med farevarsla er. Å bruke desse dokumenta gjev god informasjon om kva MET og NVE sjølv meiner er sjangerens kommunikative mål.

Det er ikkje tilstrekkeleg å undersøke kva MET og NVE seier at målet med sjangeren er. Det eksterne målet stemmer ikkje alltid overeins med kva som blir gjort kommunikativt i teksten. Derfor er det viktig å analysere sjølve teksten. I den andre delen av analysen av det kommunikative målet undersøkte eg det tekstinterne, altså det som faktisk står i teksten. For å analysere det kommunikative målet brukte eg analysen av dei illokusjonære språkhandlingane i varsla. Å bruke språkhandlingsteorien til å identifisere sjangerens kommunikative mål er som tidlegare nemnd også noko Bhatia (1993) har gjort.

### 5.3.3 Sjangerskjema

Etter eg hadde analysert sjangerens kommunikative mål undersøkte eg sjangerens sjangerskjema. Sjangerskjema handlar som tidlegare sett om korleis ein organiserer teksten



for å nå det kommunikative målet. For å kome fram til sjangerskjemaet undersøkte eg kva overskrifter som vart brukt i materialet. Eg samanlikna også funna med elementa i CAP-formatet, som vart introdusert i 2.2.1, for å identifisere kor dei ulike elementa vart framstilt. Det er viktig å få fram at CAP-formatet berre seier noko om kva element som skal vere med, og ikkje korleis det skal bli gjort. Det er heller ikkje alltid at ein har med alle elementa i formatet. Når analysen av sjangerskjema var gjort, samanlikna eg funna med PL-skjemaet, som vart gjort greie for i 3.3.2. Eg undersøkte om dei ulike elementa eg fann i sjangerskjemaet kunne passe til komponentane i PL-modellen, og samanlikna strukturen til elementa.

#### 5.3.4 Intendert mottakar

I analysen undersøkte eg også kven som var intendert mottakar. Intendert mottakar er både viktig for å definere sjangeren, men også eit viktig aspekt når ein skal skrive klart. For å analysere intendert mottakar, undersøkte eg fyrst ulike dokument frå NVE og MET, som sa noko om kven dei meinte varsla skulle nå. Deretter undersøkte eg tekstane. Eg brukte resultatane frå analysen av språkhandlingane, da kategoriane kan bidra til å seie noko om kven som er intendert mottakar. I tillegg undersøkte eg om det var andre element i tekstane som gav føringar for kven tekstane var retta mot. Dette gav eit godt bilete av kven varsla var intendert for.

#### 5.3.5 Syntaktisk analyse

Mot slutten av analysen fokuserer eg på eit syntaktisk trekk og eg undersøkte fagterminologi. Denne delen av analysen var inspirert av Nordman (1994) da ho i sin sjangeranalyse undersøkte ulike språklege nivå i vervarslinga. Målet med denne delen av analysen var å identifisere typiske sjangertrekk, men trekka vart også valt ut fordi dei kan påverke forståinga, sett opp mot klarspråksråda. Eg valde derfor å undersøke eit trekk som omhandlar syntaksen og eit trekk på ordnivået, som kan påverke tekstforståinga.

Eg valte å undersøke setningsfragment, noko klarspråksråda ikkje anbefaler å bruke, utan at det kjem klart fram kvifor. For å analysere setningsfragmenta starta eg med å identifisere alle dei finitte verbala i teksten. Dei ytringane som mangla finitt verbal vart undersøkt nærmare. Deretter analyserte eg ytringane for å finne ut kva fraser dei bestod av. For å analysere nokre av frasane vidare brukte eg skjemaet for substantivfrasar frå Kulbrandstad et al. (2016, s.

275). Eg valde det forenkla skjemaet med tillegg, kjerne og tillegg, da det var tilstrekkeleg for min analyse.

### 5.3.6 Ordnivå: fagterminologi

Når det kjem til ordnivået, har eg valt å undersøke bruk av fagterminologi. Fagtermar er interessant å undersøke, særleg i ein sjanger som er skriva av fagfolk, men som skal nå ut til både andre fagfolk, og lekmenn. Å identifisere kva som er termar og kva som er daglegdagse omgrep frå allmennspråket, er vanskeleg, særleg når det kjem til farevarsel av ver. Mange av omgrepa, særleg dei som omhandlar ver, bruker ein i daglegtalet, men ein har kanskje ikkje ein like spesifikk forståing av omgrepa som ekspertane har. Skille mellom kva som er ein eit allmennord og kva som høyrer til fagterminologien, er vanskeleg. For å identifisere fagtermane har eg valt å bruke ulike ressursar som kan hjelpe å seie om noko er ein fagterm eller ikkje. Eg har valt å bruke ordlistene som NVE har publisert på Varsom. Dei har to ordlister ein for flaum<sup>1</sup>, og ein for jord-, sørpe- og flaumskred<sup>2</sup>. Eg har også brukt *Snøskredskolen*<sup>3</sup>. *Snøskredskolen* er ein ressurs frå NVE, som ein også finn på Varsom. På snøskredskolen får forklart ein del omgrep knytt til snøskredvarsla. I tillegg har eg brukt ein rapport av Jensen et al. (2015). Rapporten tar opp termbruk knytt til naturfarar, og har fleire definisjonar av fagtermar knytt til naturfarevarsla. Ein finn ikkje alle fagtermane i desse listene og ressursane eg har presentert så langt. Derfor har eg også søkt nokre av termene eg meinte kunne vere ein fagterm opp på *Store Norske Leksikon* og sett om dei hadde eigne artiklar, eller om termene vart forklart i ein artikkel. Eg har tenkt at dersom orda står i ordlistene eller vert forklart i nokon av dei andre ressursane er det sannsynleg at det er ein fagterm, fordi fagmiljøet har definert det. Nokre fagtermar har eg også lagt til sjølv om dei ikkje er i nokon av desse ressursane. Det er fordi det er samansetningar med ein eller fleire fagtermar, eller ord som transportaktører, som ser ut til å vere noko uklar i kven det er. Oversikt over alle fagtermane som er tatt med, inklusivt definisjonar eller forklaringar kan ein sjå i vedlegg 3.

Når lista med fagtermar var ferdig laga, telte eg manuelt kor mange fagtermar det var i kvart varsel. Eg telte både totalt og kor mange ulike fagtermar det var. I tillegg markerte eg dei

---

<sup>1</sup> <https://www.varsom.no/flom-og-jordskred/ordliste/ordliste-for-flom/>

<sup>2</sup> <https://www.varsom.no/flom-og-jordskred/ordliste/ordliste-for-jord-sorpe-og-flomskred/>

<sup>3</sup> <https://www.varsom.no/snoskred/snoskredskolen/>

transkriberte varsler i Word, for å finne ut kor mange ord det var i kvart varsel, slik at eg kunne rekne kor stor prosentdel av teksten som var fagtermar. Eg rekna ut prosentdel gjennom å dele det totale antalet fagtermar med totalt antal ord, og multipliserer det med 100. Altså  $\text{Totalt antal fagtermar} / \text{totalt antal ord} * 100 = x\%$ . I varsler er det nokre frasar som eg reknar som faglege frasar slik som *vedvarende svakt lag (flakskred)*, og *Fokksnø (flakskred)* ved slike frasar, har eg talt kvart ord som ein fagterm, sjølv om det er heile frasen som berer den presise tydinga.

## 6 Analyse

I analysen skal eg presentere og drøfte ulike funn frå tekstane som vart presentert i metoden. Analysen vil bli presentert i ei litt anna rekkefølge enn den rekkefølga eg presenterte i metoden, fordi det gjev ein meir ryddig og logisk prestasjon av funna. I analysens fyrste del vil eg ta føre meg sjangerens kommunikative mål, før eg går vidare til sjangerskjema, og samanliknar skjemaet med PL-modellen. Etter det vil eg gjere greie for dei illokusjonære språkhandlingane og presentere kategoriseringa av desse språkhandlingane. Deretter bruker eg kategoriane som vart presentert under dei illokusjonære språkhandlingane, i tillegg til anna informasjon, for å gjere greie for kven som kan vere intenderte mottakarar. Mot slutten av analysen beveger eg meg nedover dei språklege nivåa. Først tar eg føre meg setningsfragment, før eg til slutt tar føre meg bruken av fagtermar i farevarsla. Målet med analysen er å få fram ulike trekk ved sjangeren farevarsel.

### 6.1 Kommunikativt mål

#### 6.1.1 Tekstekstern

Problemstillinga skal svare på kva som kjenneteiknar sjangeren farevarsel på Yr, og eit viktig sjangerkjenneteikn er det kommunikative målet som sjangeren skal oppnå. Det kommunikativ målet kan ein finne både eksternt og internt. Når ein ser på det eksterne målet, skriv Meteorologisk institutt at «Meteorologisk institutt skal bidra til at samfunnet får bedre mulighet til å sikre liv og verdier, og begrense skadeomfang ved farlige værforhold. Gjennom varslings skal vi skape entydig kommunikasjon mellom MET og etater som har ansvar eller berøres av beredskapssituasjoner, og mot næringsliv og allmenheten» (Meteorologisk institutt, 2023a). Ein finn eit liknande mål for varslings til NVE dei skriv «Målet med Varsom er å hindre tap av liv og verdier knytt til snøskred, flom, jordskred, fjellskred og isforhold i Norge» (Varsom, u.d-a). Det er altså eit mål at varslings skal gje samfunnet ein moglegheit til å førebu seg for å forhindre eller minske skade som ulikt ver kan føre med seg. Varsla skal ikkje berre gje informasjon om venta ver, flaum eller skredfare, men varsla skal også kome med anbefalingar og informasjon om moglege konsekvensar naturfaren kan gje (Sivle, 2023a).

Farevarsla som vert sendt ut, vert også gradert i ulike farger, som viser ulike farenivå. Tekstekstern kan det verke som at dei ulike farenivåa har ulike kommunikative mål.

Meteorologisk institutt (2023a) skildrar at det er ulik forventningar til respons når det kjem til dei ulike fargane.

«- Gul: Vær oppmerksom, da vær-situasjonen er utfordrende.

- Oransje: Vær forberedt, da vær-situasjonen er alvorlig.
- Rød: Gjennomfør umiddelbare tiltak for å sikre verdiene dine, da vær-situasjonen har blitt ekstrem når MET sender ut et ekstremværvarsel.» (Meteorologisk institutt, 2023a).

Ut ifrå sitatet over kan det sjå ut som at det kommunikative målet er noko ulikt for dei ulike fargane i varsla. Når vær-situasjonen, er utfordrande skal, mottakaren «berre» vere merksam, dersom vær-situasjonen er alvorleg, skal ein førebu seg, noko som kan innebere å iverksette tiltak, og fyrst når veret er ekstremt, skal ein gjere *umiddelbare* tiltak. Ein finn noko av det same hos NVE. På gult nivå skal ein vere merksemd og følge med på utviklinga, på oransje nivå skal ein vere førebudd, medan raudt nivå står det at det «krever tett oppfølging fra beredskapsaktører» (Varsom, u.d-e), akkurat kva dette inneber er noko usikkert. Slik eg ser det kan det verke som at målet er at beredskapsaktørar skal sette inn tiltak, men det står ikkje noko konkret om resten av befolkninga. Uansett kan det verke som at det kommunikative målet er noko ulikt knytt til faregrad.

### 6.1.2 Tekstintern

Det kommunikative målet kan ein også finne når ein undersøker dei illokusjonære språkhandlingane ein finn i tekstane. I varsla finn eg to typar illokusjonære språkhandlingar, konstativer og direktiver. Dei konstative språkhandlingane finn ein stort sett i avsnitta med overskrifta *Konsekvenser* og *Beskrivelse*, medan dei direktive språkhandlingane dominerer i avsnitta med overskrifta *Anbefalinger*. Det kan tyde på at det kommunikative målet til farevarsla er å gje informasjon og påverke mottakaren til å følge dei aktuelle anbefalingane. Gjennom å analysere dei illokusjonære språkhandlingane ein finn i varsla og kva desse faktisk inneheld kan ein seie meir om kva MET og NVE ynskjer å kommunisere gjennom farevarsla. Det vil eg komma tilbake til seinare i analysen.

Ut ifrå det tekstinterne og teksteksterne eg har undersøkt kan det verke som at farevarsla er ein sjanger som skal bidra til å sikre liv og verdiar, og at det er ein sjanger som skal påverke mottakaren til å ta gode val i møte med dårleg ver. Det gjer dei gjennom å bruke direktive og konstative språkhandlingar. Ut ifrå kva MET og NVE skriv om dei ulike nivåa kan det også

sjå ut til at det er noko ulike mål knytt til dei ulike farenivåa i varsla. Vidare i analysen vil ein få betre innsikt i farevarsla, og kva som kjenneteiknar sjangeren, eg vil derfor diskutere om det er snakk om berre éin eller fleire sjangrar i diskusjonskapitlet.

## 6.2 Sjangerskjema

For å nå det kommunikative målet går varselet igjennom ulike steg, eller det Swales (1990) kalla *move structure*. I figur 7 ser ein to døme på to farevarsel som er publisert på Yr. Varselet til venstre er publisert av NVE, medan varselet til høgre er publisert av MET. Farevarsla ser ut til å ha lik struktur, med like overskrifter som strukturerer teksten. Fyrst er det ein hovudoverskrift som varierer etter kva fare det er snakk om. Deretter er det nokre faste overskrifter som *Anbefalinger*, *Konsekvenser*, *Beskrivelse*, *Område*, *Tidsperiode* og *Faregrader*. Desse overskriftene strukturerer teksten, og ein kan sjå på kvar overskrift som eit steg. Vidare skal eg gjere kort greie for kva som kjenneteiknar dei ulike stega, og kva CAP-element som høyrer til kvart steg før eg samanliknar sjangerskjemaet til farevarsla med PL-modellen som vart introdusert i 3.3.2.

Figur 7 Struktur i farevarsla

The figure shows two examples of weather warnings from Yr.no, with labels pointing to their structural components:

- Overskrift:** The main headline of the warning, such as "Pågår: Flomfare" or "Ventes: Kraftig snøfokk".
- Anbefalt handling:** The section providing advice on what to do, like "Hold deg unna elver og bekker med stor vannføring".
- Konsekvensar:** The section describing the potential consequences, such as "Omfattende oversvømmelser, erosjonsskader og flomskader".
- Skildring:** The descriptive part of the warning, detailing the current situation and expected developments.
- Område:** The geographical area affected by the warning.
- Tidspunkt hendinga startar:** The time when the event is expected to begin.
- Når faren er over:** The time when the danger is expected to end.

Hovudoverskrifta er varselet sitt fyrste steg og består blant anna av CAP-elementet <headline>. <headline> består av ein fast tekst knytt til fenomenen og faregrad. I tillegg fortel overskrifta om faren *pågår* eller *ventes*, kva verfenomen eller naturfare det er snakk om, og

dersom ein hentar varsla frå yr si farevarsel side, som heiter «Farevarsler i Norge» (Yr, u.d), vil området stå i parentes etter overskrifta slik ein kan sjå i begge varsla i figur 7. Det verkar som at NVE har ei standard overskrift etter kva fenomen som vert brukt, medan MET sine varsel også har eit adjektiv som er knytt til farenivåa. Gult nivå kan ha adjektiva *kraftige*, *mye* eller *høy*. Det oransje farenivået kan ha *svært kraftige*, *svært mye* eller *svært høy* medan raudt har *ekstremt kraftige*, *ekstremt mye* eller *ekstremt høy* (Meteorologisk institutt, 2023a).

Deretter kjem steg to, tre og fire som er *anbefalinger*, *konsekvenser* og *beskrivelse*.

Anbefalingane og konsekvensane vert valt ut frå ei liste, medan skildringa vert skriven av meteorologar og hydrologar (Sivle, Meteorolog, Privat kommunikasjon, 12.04.24). Dette gjer at varsla er tilpassa den venta eller pågåande situasjonen. anbefalingane fungerer som sjangerens andre steg. anbefalingane består av ei punktliste med ulike råd og anbefalingar som ein bør iverksette dersom det er nødvendig. anbefalingane som ein finn i varsla, høyrer til CAP-elementet <description>, som er eit obligatorisk element. Ifølge CAP-formatet skal anbefalingane skildre kva som er anbefalt å gjere, og anbefalingane skal vere av ein generell art (Colleuille et al., 2017).

Det tredje steget kan ein seie er konsekvensane. Under overskrifta *Konsekvenser* finn ein CAP-elementet <Consequence>. Konsekvensane vil ofte ha samanheng med anbefalingane og gjev innsyn i kva konsekvensar veret eller naturfaren kan ha. I varselet til høgre i figur 7 ser ein blant anna at det er fleire anbefalingar om køyring og transport som «Beregn ekstra tid til transport og kjøring» «Følg råd og sjekk status fra transportaktører», «Sjekk veimeldinger (175.no)» osv., og at konsekvensane handlar om det same, som at «Det kan være lokalt vanskelige kjøreforhold grunnet snø som pakker seg i veibanen» og «Kolonnekjøring kan bli innført og/eller veier kan bli stengte på kort varsel». Både anbefalingane og konsekvensane vert presentert i punktlistar. <Consequence> elementet er ikkje eit obligatorisk element i CAP (Colleuille et al., 2017). Likevel ser det ut til at elementet som oftast er med, med unntak av farevarsla for snøskred. Seinare vil eg kome nærmare inn på snøskredvarselet, og ein vil sjå at sjølv om ikkje steget konsekvens blir brukt, finn ein konsekvensar i varselet likevel.

Det fjerde steget i farevarsla er skildringa. Det elementet er eit obligatorisk element i CAP. Skildringa skal gje informasjon om den konkrete hendinga, og hendingsforløpet (Colleuille et al., 2017). Ein kan til dømes få vite når det vil starte, kor det vil starte, når det vil vere på det

verste, og eventuelt om det er usikkerheit rundt varselet. Dette vil eg undersøke nærmare seinare i analysen.

Det femte steget finn ein under overskrifta *Område*. Det som står under overskrifta kan vere opp til tre element frå CAP-formatet. Det fyste elementet er <areal desc>, som er obligatorisk og består av ein tekst som fortel kva område varselet gjeld. Som ein ser i figur 7, gjeld varselet til venstre «Drammenvassdraget: Randsfjorden og Tyrifjorden», medan det andre gjelder «deler av Vest-Finnmark og Finnmarksvidda». Det andre elementet ein kan finne under overskrifta *Område*, er <Resource>. <Resource> elementet kan vere ulike illustrasjonar. Ein ser døme på ein illustrasjon i varselet til høgre i figur 7 om snøfokk. I det varselet kan ein sjå kart som viser området, med detaljer om vindretning og kor varselet gjeld. <Resource> elementet er ikkje obligatorisk, og i mitt utval blir det berre brukt av MET. Til slutt er det elementet <web>, som er ein URL. Ifølge Colleuille et al. (2017) er URLen eit obligatorisk steg, men som ein kan sjå, er det berre det eine varselet i figur 7 som har det elementet. Det tyder på at det ikkje alltid er med likevel.

Dei to siste stega i farevarsel er *Tidsperiode* og *Faregrader*. Tidsperiode skal vise til når faren aukar eller er over, altså når farenivået endrar seg (Colleuille et al., 2017). I varselet til høgre ser vi at det både står når faren aukar og når faren er over, medan varselet til venstre berre har at faren *pågår*, altså at det er noko som skjer her og no. Faregrader, som er det siste og sjuande steget i varsla er ikkje ein del av elementa i CAP-formatet. Lista med faregrader er lagt til som eit hjelpemiddel. Ifølge Sivle (2023b) skal steget fungere som eit støttehjul. Målet er at lista med faregrader skal hjelpe brukaren til å få ein betre situasjonsforståing, fordi det er vanskeleg å vurdere alvorret utan å kjenne skalaen. Desse støttehjula er også skreddarsydd. I figur 7 kan ein sjå at det eine berre har gult nivå, medan det andre har tre moglege faregrader og ligg på oransje nivå. Dette er fordi ikkje alle naturfarar har alle nivåa, og da bruker ein berre dei nivå som naturfaren kan ha.

### 6.2.1 Farevarsel som ein argumenterande teksttype

I 3.3.2 gjorde eg greie for PL-skjemaet som er ein typisk komponentstruktur ein kan finne i argumenterande teksttypar. I sjangeren farevarsel finn ein truleg fleire teksttypar, og ein teksttype som kan vere aktuell å samanlikne med farevarsla er den argumenterande teksttypen. Målet med farevarsla er å sikre liv og verdiar, og for å gjere dette ligg det implisitt



at ein må overtale og argumentere for at samfunnet skal iverksette ulike tiltak, som kan bidra til å nå målet. I denne delen skal eg samanlikne farevarsla sitt sjangerskjema med PL-skjemaet som er eit vanleg skjema for argumenterande teksttypar, der elementa situasjon, problem, løysning og evaluering er vanlege komponentar.

Figur 8 Farevarsel MET2

**Ventes: Kraftig snøfokk (Deler av Vest-Finnmark og Finnmarksvidda)**  
Gult nivå

**Anbefalinger**


- Beregn ekstra tid til transport og kjøring.
- Følg råd og sjekk status fra transportaktører.
- Sjekk veimeldinger (175.no).
- Bruk riktige dekk og kjør etter forholdene.
- Unngå unødvendig ferdsel på utsatte steder.

**Konsekvenser**

- Redusert sikt.
- Det kan være lokalt vanskelige kjøreforhold grunnet snø som pakker seg i veibanen.
- Kolonnekjøring kan bli innført og/eller veier kan bli stengte på kort varsel.

**Beskrivelse**  
Fredag ventes snøfokk på grunn av snøvær og kraftig vind fra nord.

**Område**  
Gjelder for Deler av Vest-Finnmark og Finnmarksvidda



**Tidsperiode**

- fredag 31. mars kl. 08:00 - faren øker
- lørdag 01. april kl. 00:00 - faren over

**Faregrader**

- ✓ Gult - snøfokk

Les mer om nivåene på [hjelp.vr.no](http://hjelp.vr.no)

I farevarsla kan ein seie at problemkomponenten er konsekvensane av veret eller naturfaren, medan løysninga for å minske skadane finn ein under anbefalingane. Premissen er at dersom du sett i gang desse tiltaka kan du truleg unngå skade på verdiar og eventuelt redde liv.

Situasjonskomponenten kan ein kople til hovudoverskrifta, skildringa og området. I figur 8 kan ein sjå eit døme på farevarsel, dømet er farevarselet som er koda MET2. Dette varselet kan illustrere korleis PL-skjemaet vert realisert i sjangeren.

Situasjonskomponenten finn ein i *hovudoverskrifta, Beskrivelsen, og*

*området*, altså er situasjonen i MET2 at det er venta snøfokk grunna snøvær og kraftig vind, og situasjonen gjelder for deler av Vest-Finnmark og Finnmarksvidda. Grunna situasjonen oppstår eit eller fleire problem som kjem fram i konsekvensane. I figur 8, er problemet at snøfokk kan føre til redusert sikt, vanskelege køyreforholda, og kolonnekøyering. Dette problemet skal mottakaren evaluere negativt. Til dømes kan det tolkast som at det er farleg, noko som er negativt og det vil ta lengre tid, noko å reise noko som også kan vurderast som negativt. For å løyse desse problema bør ein derfor følge anbefalingane som i dette tilfellet handlar om å berekne ekstra tid, køyre etter forholda og halde seg oppdatert.

Evalueringskomponenten er ikkje eksplisitt til stades, men det treng den heller ikkje vere. Implisitt kan ein tolke seg fram til at ein minskar risiko dersom ein tar seg betre tid, og køyrer riktig, og mindre risiko er ynskjeleg, derfor er anbefalingane gode løysningar på problemet.

Figur 8 er berre eit døme, men ein finn liknande struktur i dei andre varsla. Skilnaden mellom ein stereotypisk argumenterande teksttypen og farevarsla er rekkefølgene på komponentane. Når ein ser på farevarsla, får ein dette sjangerskjemaet: Situasjon → Løysning → Problem → Situasjon. Meir detaljert vert det slik: Situasjon vises gjennom overskrifta til varselet → Løysning eller løysningane vert presentert under anbefalingane → Problem vert presentert under konsekvensane → Situasjon vert presentert både i skildringa og i området. Dette skjemaet vert som eit baklengs blokkmønster der løysning og problem komponentane har skifta plass, og den største delen av situasjonsskildringa vert lagt til slutt.

I nokre av tekstane kan ein også finne tendensar til bølgemønster. Eit døme er at det under overskrifta *Anbefalinger* i varselet NVE3 der det står: «Kraftig erosjon i vassdrag kan stedvis utløse mindre utglidningar, som kan redusere stabiliteten langs vassdraget./ Vær spesielt oppmerksom på slike utglidningar i området hvor det er kartlagt kvikkleire, og i områder med marine avsetninger./ Varsle beredskapsansvarlig i kommunen ved observasjon av slike hendelser». Her kan ein seie at problemelementet er: «Kraftig erosjon i vassdrag kan stedvis utløse mindre utglidningar, som kan redusere stabiliteten langs vassdraget» (NVE3), medan råda om å følge med og varsle beredskap er løysninga. I dømet står problem-løysning komponentane i same avsnitt og er ein del av eit større varsel som presenterer fleire andre problem og løysningar. Som ein vil sjå seinare i analysen blandar av og til konsekvensane og anbefalingane seg i farevarsla.

Oppsummert ser det ut til at sjangeren har eit tydeleg mål, og ein fast struktur. Gjennom analysen kjem det fram kommunikative målet handlar om å gje mottakaren moglegheit til å førebu seg og forhindre eller minska skadeomfang når det er venta uver som kan skape skadar. Når ein ser på det tekstinterne, kan ein sjå at det kommunikative målet vert realisert gjennom dei illokusjonære språkhandlingane konstativ og direktiv. For å realisere målet har sjangeren fleire element som vert bestemt av CAP-formatet, og som vert strukturert under ulike overskrifter. Slik strukturen ser ut i dag, kan den samanliknast med eit baklengs argumenterande blokkmønster. Mange av stega og elementa i sjangerskjemaet passer med komponentstrukturen ein finn i PL-modellen. Sjangerskjemaet til farevarsla vil bli drøfta seinare i diskusjonskapitlet.

## 6.3 Klassar av illokusjonære språkhandlingar

Eit av forskinsspørsmåla som står sentralt i analysen er korleis ulike språkhandlingar vert brukt i farevarsla for å få fram kva fare, anbefalt handling og konsekvensar naturfaren gjev og kven språkhandlingane er retta mot. I denne delen av analysen skal eg derfor gjere greie for dei illokusjonære språkhandlingane ein finn i farevarsla. Analysen er delt opp etter kva overskrift språkhandlingane er plassert under, og det er språkhandlingane under overskrifta *Anbefalinger*, *Konsekvenser* og *Beskrivelse* som har blitt analysert. For å kome fram til kategoriar, analyserte eg setningane og såg etter tematisk likskap mellom dei ulike språkhandlingane i dei ulike varslar, og kom etterkvart fram til passande kategoriar. Under overskrifta *anbefalinger* kom eg fram til desse kategoriane: transport og reising, unngå ferdsel, følg med, følg beredskap, andre tiltak, beredskap og konsekvensar i anbefalingane. Under overskrifta *konsekvenser* kom eg fram til desse: Transport og reising, utsett bygningar og infrastruktur, utsett naturområde, andre konsekvensar og anbefalingar under konsekvensar. Eg vil også seie noko om kven dei ulike kategoriane kan vere intendert mot. Intendert mottakar blir behandla nærmare i neste delkapitel, og heng tett saman med språkhandlingane.

### 6.3.1 Illokusjonære språkhandlingar under overskrifta *anbefalinger*

Under underoverskrifta *Anbefalinger* er dei fleste språkhandlingane direktive, og dei kjem stort sett til uttrykk gjennom imperativsetningar. Sidan dei direktive språkhandlingane står under overskrifta *Anbefalinger*, er det mest naturleg å tolke dei som råd og anbefalingar heller enn som reine pålegg eller kommandoar. Det er også nokre ytringar som ikkje ser ut til å vere direktive språkhandlingar og nokre språkhandlingar som skil seg frå den typiske måten å realisere anbefalingane på i denne sjangeren. Vidare skal eg presenterer dei ulike kategoriane ein kan finne under overskrifta *Anbefalinger*.

#### 6.3.1.1 *Transport og reising*

Den fyrste kategorien, transport og reising, inneheld anbefalingar som ein finn i dei ulike varsla. Den kategorien ser ut til å vere meint til folk som skal transporterast på ein eller anna måte enten det er å reise kollektivt eller folk som køyrer sjølv, både privat eller på jobb. Anbefalingane i denne kategorien har eg kategorisert som direktive språkhandlingar. For å realisere dei direktive språkhandlingane vert ytringane uttrykt gjennom imperativsetningar, og ser ut til å skulle påverke den aktuelle mottakaren til å ta gode val i forhold til si planlagde

reise. Nokre anbefalingar er meir retta mot dei som køyrer sjølv, enn dei som til dømes reiser kollektivt. Nokre døme frå varsla er «Bruk riktige dekk og kjør etter forholdene» (MET1, MET2), «Tilpass farten og kjør etter forholdene» (MET5, MET6) og «Unngå å kjøre i overvann, uten å vite hvor dypt det er» (MET4). Andre av råda er meir generelt om reising som «Vurder (nøye) om reisen (faktisk) er nødvendig» (MET4, MET5). Ein kan også sjå at nokre av råda er svært like, som å *vurdere* og *vurdere nøye* om reisa er nødvendig, og dette ser ut til å variere etter kva faregrad varselet har «Vurder nøye om reisen faktisk er nødvendig» (MET4) har raudt nivå, og det er eit varsel om ekstremt mykje regn. «Vurder om reisen er nødvendig» (MET5) er eit varsel på gult nivå med høg usikkerheit, og det er ein moglegheit for svært mykje regn. I mitt utval av varsla kan ein merke seg at det berre er MET som har denne kategorien av anbefalinga i varsla sine. I tabell 4 kan ein sjå ein oversikt over alle dei direktive språkhandlingane i kategorien transport og reising.

Tabell 4 Anbefalingar om transport og reising

| <b>Anbefalingar om transport og reising</b> |                                                        |
|---------------------------------------------|--------------------------------------------------------|
| <b>Varsel</b>                               | <b>Ytring</b>                                          |
| MET1, MET2 <sup>4</sup>                     | Bruk riktige dekk og kjør etter forholdene             |
| MET2, MET5, MET6, MET8                      | Sjekk veimeldinger (175.no)                            |
| MET2, MET8                                  | Følg råd og sjekk status fra transportaktører          |
| MET5, MET5                                  | Tilpass farten og kjør etter forholdene                |
| MET4                                        | Unngå å kjøre i overvann, uten å vite hvor dypt det er |
| MET6                                        | Ikke kjør bil i vann dypere enn 30 cm                  |
| MET1                                        | Beregn noe ekstra tid til transport og kjøring         |
| MET2                                        | Beregn ekstra tid til transport og kjøring             |
| MET4                                        | Vurder nøye om reisen faktisk er nødvendig             |
| MET5                                        | Vurder om reisen er nødvendig                          |

### 6.3.1.2 Unngå ferdsel

Den andre kategorien ein finn i anbefalingane, er å unngå ferdsel på ulike stader. Både MET og NVE har anbefalingar som handlar om dette. Anbefalingane i denne kategorien ser også ut til å vere direktive språkhandlingar og vert også uttrykt gjennom imperativsetningar. Kva

<sup>4</sup> Når det er fleire kodar i ei kolonne betyr det at det er ei ytring som går igjen og er identisk i dei to eller fleire varsla

stader ein skal unngå, vil variere etter kva ver og naturfare som er i vente. Mottakargruppa for desse anbefalingane kan vere fleire, blant anna kan anbefalingane vere retta mot dei som kan kome til å opphalde seg på desse områda eller dei som har eit ansvar for nokon som ferdes i desse områda. Til dømes kan anbefalingane vere retta mot ein turleiar, ein rektor som vurderer å sende ein klasse ut i eit område, eller eit busselskap som skal køyre gjennom eit område osv. Anbefalingane kan altså vere retta mot mange ulike folk.

Både NVE og MET sine anbefalingar om å unngå visse stader krev ein viss bakgrunnskunnskap, for at mottakaren skal forstå anbefalingane og kunne følge dei. I tabell 5 kan ein sjå oversikt over anbefalingar som handlar om å unngå ferdsel. I tabellen kan ein også sjå at det er stor variasjon i kor konkrete råda er. Til dømes skal ein ofte unngå *utsatte stader*, noko som krev at ein som mottakar klarar å resonnerer seg fram til kva stad som er utsette etter kva naturfare det er snakk om og kor ein er. Mottakaren treng både lokalkunnskap, altså kunnskap om staden dei er på, og kunnskap og erfaringar om ver og natur, for å tolke det riktig. Andre anbefalingar om å unngå ferdsel på ulike stader er meir konkrete som anbefalinga «Ikke svøm eller bade» (MET7), «Unngå åpne sletter og store trær» (MET7) og «Hold deg unna bratte skråninger, samt bekker og elveløp med stor vannføring» (NVE4). Desse døma kan vere lettare å sjå for seg, og kan vere mindre krevjande å prosessere for dei som ikkje har så mykje bakgrunnskunnskap om farleg ver og naturfarar frå før. Eg har også valt å ta med «Søk ly» (MET7) i denne kategorien, sjølv om anbefalinga skil seg ut med at ein ikkje skal unngå ein stad eksplisitt, men implisitt får anbefalinga fram at ein ikkje skal opphalde seg der det ikkje er ly. Det er også interessant at MET skriv som oftast *Unngå*, medan NVE bruker *Hold deg unna*. Imperativkonstruksjonar har normalt eit underforstått subjekt i andre person, men ein kan også legge inn subjekt (Faarlund et al., 1997, s. 589) slik som NVE gjer. Om skilnaden har noko effekt på mottakaren, er eg usikker på.

Tabell 5 Anbefalingar om å unngå ferdsel

| Anbefalingar om å unngå ferdsel |                                                                  |
|---------------------------------|------------------------------------------------------------------|
| Varsel                          | Ytring                                                           |
| MET7                            | Unngå åpne sletter og store trær                                 |
| MET2, MET8                      | Unngå unødvendig ferdsel på utsatte stader                       |
| MET6                            | Unngå ferdsel på utsatte stader                                  |
| MET6                            | Hold deg unna bratte skråninger, samt bekker med stor vannføring |
| MET7                            | Ikke svøm eller bade                                             |

|            |                                                                                                                                                         |
|------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| MET7       | Søk ly                                                                                                                                                  |
| NVE4       | Hold deg unna bratte skråninger, samt bekker og elveløp med stor vannføring                                                                             |
| NVE5, NVE6 | Hold deg unna elver og bekker med stor vannføring                                                                                                       |
| NVE1, NVE2 | Ferdsel i skredterreng krever solid kunnskap, erfaring i rutevalg og evne til å identifisere skredproblem. /Generelt anbefales det å unngå skredterreng |

#### 6.3.1.2.1 Implisitt: unngå ferdsel

Ein har også nokre anbefalingar om å unngå ferdsel, som skil seg frå dei andre anbefalingane. På slutten av tabell 5 kan ein sjå at NVE1 og NVE2 har anbefaling som skil seg frå dei andre. NVE1 og NVE2 er to varsel om snøskred, og begge har desse punkta under *anbefalingar*: «Ferdsl i skredterreng krever solid kunnskap, erfaring i rutevalg og evne til å identifisere skredproblem. /Generelt anbefales det å unngå skredterreng» (NVE1, NVE2). Anbefalingane i desse varsla skil seg gjennom at det ikkje er brukt imperativsetningar for å realisere anbefalingane, men heller utsegnsetningar i passiv. Passivkonstruksjonen gjer at ytringane vert lite personleg, og at det kan tolkast som ein opplysning heller enn ein anbefaling. Altså kan ytringa likne på ein konstativ språkhandling. Likevel meiner eg at det er meir nærliggande å tolke det som at dersom eg som mottakar ikkje har solid kunnskap, erfaring og kan identifisere skred, bør eg ikkje dra ut i skredterreng når det er snøskredfare. Dersom det er meint at ein skal tolke det slik, vert det ein direktiv språkhandling om å unngå ferdsel.

#### 6.3.1.3 Følg med

Den tredje kategorien med anbefalingar handlar om å følge med og halde seg oppdatert om situasjonen og veret. I tabell 6 kan ein sjå at det også i denne kategorien er vanleg å realisere den direktive språkhandlinga gjennom imperativsetningar. Anbefalingane handlar om å halde seg oppdatert *om situasjonen, om utviklingen av været og værvarselet* eller å følge med på *værradar*, eller *Lyn.met.no* som viser lyn i nåtid.

Tabell 6 Anbefalingar om å følge med

| <b>Anbefalingar om å følge med</b> |                                                                                           |
|------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Varsel</b>                      | <b>Ytring</b>                                                                             |
| MET6, MET7                         | Hold deg oppdatert om utviklingen av været og værvarselet                                 |
| MET6                               | Følg med på værradar                                                                      |
| MET7                               | Følg med på værradar eller lyn.met.no                                                     |
| NVE3, NVE4                         | Hold deg oppdatert om utviklingen av været, skred- og flomsituasjonen, og følg værradaren |
| NVE5, NVE6                         | Hold deg oppdatert om situasjonen                                                         |

#### 6.3.1.4 Følg myndigheites instruksjonar

Ein anna kategori ein finn i anbefalingane handlar om å følge instruksjonane myndigheitene kjem med når det er venta eller går føre seg farleg ver. Det står til dømes «Følg lokale myndigheites instruksjonar» (MET3) og «Følg lokale myndigheites instruksjonar og råd fra beredskapsmyndigheter» (MET4, MET5, MET6). Korleis ein skal gjere dette kjem ikkje fram, og krev at brukarane har oversikt over kor eventuelt slik informasjon kjem og kva kanalar myndighetane brukar. Ut ifrå mitt material verker det som at det berre er MET som har slike anbefalingar.

Tabell 7 Anbefalingar om å følge myndigheites instruksjonar

| <b>Anbefalingar om å følge myndigheites instruksjonar</b> |                                                                          |
|-----------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------|
| <b>Varsel</b>                                             | <b>Ytring</b>                                                            |
| MET3                                                      | Følg lokale myndigheites instruksjonar                                   |
| MET4, MET5, MET6                                          | Følg lokale myndigheites instruksjonar, og råd fra beredskapsmyndigheter |

#### 6.3.1.5 Andre tiltak

I varsla finn ein fleire andre tiltak som ein privatperson eller andre kan iverksette dersom det er relevant. I tabell 8 kan ein sjå at anbefalingane i denne kategorien kan vere ganske ulike. Anbefalingane kan vere «Forsiktig med åpen ild» (MET3), «Koble fra elektriske apparater» (MET7), og *sikre* gjenstandar på ulike måtar. Ein skal også «Vurder[a] behov for

forebyggende tiltak» (MET4, MET5, MET7). Disse anbefalingane kjem også fram gjennom direktive språkhandlingar og er uttrykt gjennom imperativ setningar, med unntak av «Forsiktig med åpen ild» (MET3), som er eit setningsfragment. Det vert også gitt råd om å reinse ulike vegar vatne kan ta som gjennom passivkonstruksjonen: «Rensing av dreneringsveier og stikkrenner anbefales slik at vannet kan renne unna» (MET6) og imperativsetninga: «Hold stikkrenner, kummer og andre vannveier fri for grus, søppel, kvist og løv» (NVE4). Det kan verke litt uklart kven desse anbefalingane er retta mot. Dette vil eg kome nærmare inn på seinare i analysen.

Tabell 8 Anbefalingar om andre tiltak

| <b>Anbefalingar om andre tiltak</b> |                                                                                                                              |
|-------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Varsel</b>                       | <b>Ytring</b>                                                                                                                |
| MET1                                | Beskytt sårbare installasjonar og gjenstander som ikke tåler den ventede snømengden                                          |
| MET3                                | Vær forsiktig med åpen ild                                                                                                   |
| MET4, MET5, MET7                    | Vurder behov for forebyggende tiltak                                                                                         |
| MET7                                | Koble fra elektriske apparate                                                                                                |
| MET8                                | Sikre løse gjenstander                                                                                                       |
| MET8                                | På forhånd vurder tiltak for å begrense skade                                                                                |
| MET6                                | Rensing av dreneringsveier og stikkrenner anbefales slik at vannet kan renne unna                                            |
| NVE3                                | Hold stikkrenner, kummer og andre vannveier, fri for snø/is, grus, søppel, kvist og løv                                      |
| NVE4                                | Hold stikkrenner, kummer og andre vannveier fri for grus, søppel kvist og løv                                                |
| NVE5                                | Sikre og flytt verdier bort fra utsatte områder (for eksempel i kjellere, og biler, campingvogner etc langs elver og bekker) |

### 6.3.1.6 Beredskap

Ein kategori som skil seg frå dei andre kategoriene eg har presentert så langt, er kategorien om beredskap. I tabell 9 kan ein sjå at desse ytringane skil seg syntaktisk med at dei er presentert som utsegnsetningar og ikkje imperativsetningar. Det finitte verbalet står på andre



plass, og verbalet gjev ikkje nødvendigvis inntrykk av at det er ein anbefaling. Dersom ein les dette utan å vere ein beredskapsaktør, kan det tolkast som ein konstativ språkhandling som opplyser om at beredskap har visse oppgåver dei skal gjere når det er meldt farleg ver. Særleg i varsel MET4 kan det vere naturleg å tolke ytringane som konstative språkhandlingar. I varselet står det «Følg lokale myndigheters instruksjoner, og råd fra beredskapsmyndigheter/ Behov for beredskap skal vurderes fortløpende av beredskapsaktører» (MET4). Ytringane kan tolkast som at ein skal følge råda til beredskapsaktørane, fordi dei har som oppgåve å vurdere beredskapen. Denne lese måten kan vere utfordrande på grunn av punktlista og at lesaren forventar som oftast at kvart punkt har eit eige poeng. Det kan hende at beredskapsaktørane når dei les dette, tolkar det som ein slags anbefaling, men kanskje heller som ein kommando eller påminning om ei plikt fordi dei brukar verba *skal* og *må*. Kven som er intendert mottakar for desse anbefalingane er litt uklart, men sidan beredskapsaktørar er ein viktig mottakar, ser eg på ytringane som primært retta mot beredskapsaktørar.

Tabell 9 Anbefalingar til beredskap

| <b>Anbefalingar til beredskap</b> |                                                                                                                                |
|-----------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Varsel</b>                     | <b>Ytring</b>                                                                                                                  |
| MET1, MET4,<br>MET5, MET6,        | Behov for beredskap skal vurderes fortløpende av beredskapsaktører                                                             |
| MET3                              | Behov for forebyggende tiltak og beredskap skal vurderes fortløpende av beredskapsaktører                                      |
| NVE4                              | Beredskapsmyndigheter skal vurdere fortløpende behov for beredskap og forebyggende tiltak                                      |
| NVE5, NVE6                        | Beredskapsmyndigheter må være forberedt på at også bebyggelse og infrastruktur forøvrig kan bli utsatt for alvorlige hendelser |

### 6.3.1.7 Konsekvensar i anbefalingane

I nokre av NVE sine varsel finn ein også andre døme på det som kan sjå ut som konstative språkhandlingar under *anbefalingar*. Desse språkhandlingane fortel om konsekvensar og skil seg på den måten ut frå dei andre språkhandlingane ein finn under overskrifta *anbefalingar*. Ein kan sjå fleire døme på slike språkhandlingar i tabell 10. I NVE1 står det til dømes at «Skred kan også treffe enkelte skredutsatte veier og en sjelden gang bebyggelse». Denne ytringa liknar meir på ein konsekvens enn ein anbefaling. I snøskredvarsla har ein ikkje

mellomoverskrifta *konsekvenser* som i dei andre varsla, men som ein ser her, betyr det ikkje at konsekvensar er fråverande. Ein kan også finne andre døme i andre varsel. Det står blant anna: «Tette vannveier med oppdemmet vann kan forårsake skred» (NVE3, NVE4) og at «Kraftig erosjon i vassdrag kan stedvis utløse mindre utglidningar, som kan redusere stabiliteten langs vassdraget». (NVE3, NVE4). Dette er konstative språkhandlingar som fortel om konsekvensar og høyrer slik sett gjerne heller til under overskrifta *konsekvenser* i farevarsla.

Tabell 10 Konsekvensar i anbefalingane

| <b>Konsekvensar i anbefalingane</b> |                                                                                                                   |
|-------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Varsel</b>                       | <b>Ytring</b>                                                                                                     |
| NVE3, NVE4                          | Tette vannveier med oppdemmet vann kan forårsake skred                                                            |
| NVE3, NVE4                          | Kraftig erosjon i vassdrag kan stedvis utløse mindre utglidningar, som kan redusere stabiliteten langs vassdraget |
| NVE1                                | Skred kan også treffe enkelte skredutsatte veier og en sjelden gang bebyggelse                                    |
| NVE2                                | Skred kan treffe enkelte skredutsatte veier og en sjelden gang bebyggelse                                         |

Årsaka til at desse konstative språkhandlingane ser feilplassert ut, kan ha med punktlistene å gjere. Når ein går inn i tekstane, ser ein at dei heng saman med nokre av dei andre punkta ein finn under overskrifta *Anbefalinger*. I NVE3 står det til dømes under overskrifta anbefalinger:

«(...)

- Hold stikkrenner, kummer og andre vannveier fri for snø/is, grus, søppel, kvist og løv.
- Tette vannveier med oppdemmet vann kan forårsake skred.
- Kraftig erosjon i vassdrag kan stedvis utløse mindre utglidningar, som kan redusere stabiliteten langs vassdraget.
- Vær spesielt oppmerksom på slike utglidningar i området hvor det er kartlagt kvikkleire, og i områder med marine avsetninger.
- Varsle beredskapsansvarlig i kommunen ved observasjon av slike hendelser» (NVE3)

Her ser vi at dei to fyrste punkta heng saman og at den konstative språkhandlinga «Tette vannveier med oppdemmet vann kan forårsake skred» (NVE3) eigentleg er ei grunngeving

for anbefalinga «Hold stikkrenner, kummer og andre vannveier fri for snø/is, grus, søppel, kvist og løv» (NVE3). Det same gjelder dei tre siste punkta, der punktet «Kraftig erosjon i vassdrag kan stedvis utløse mindre utglidningar, som kan redusere stabiliteten langs vassdraget» (NVE3) heng saman med dei to neste punkta. Dette finn ein både i varselet NVE3 og NVE4. På grunn av at ytringane realiserast med eit punkt kvar, er det vanskelegare å fange opp denne samanhengen. Ein forventar av ein punktliste at kvart punkt som ligg likt langs marginen, ligg på same nivå, og det gjer ikkje alle punkta i desse varsla.

### 6.3.2 Illokusjonære språkhandlingar under overskrifta: *Konsekvenser*

Så langt har eg tatt føre meg dei illokusjonære språkhandlingane under overskrifta *Anbefalinger*. Vidare vil eg ta føre meg dei illokusjonære språkhandlingane ein finn under konsekvensane. Under *Konsekvenser* finn ein stort sett konstative språkhandlingar, og som gjev informasjon om kva som kan skje når veret eller naturfaren kjem. Det har vore noko vanskelegare å lage kategoriar for konsekvensane, da ulikt ver fører med seg ulike problem og konsekvensar. Eg har likevel prøvd å finne nokre kategoriar. Den fyrste kategorien handlar om transport og reising, den andre kategorien handlar om konsekvensar som kan ramme bygning og infrastruktur, den tredje kategorien handlar om konsekvensar som kan ramme naturområda, den fjerde kategorien er andre skadar veret og naturhendinga kan føre til, i tillegg finn ein nokre anbefalingar i konsekvensane som dannar ein eiga kategori.

#### 6.3.2.1 *Transport og reising*

Under overskrifta *Konsekvenser* finn ein blant anna ulike konstative språkhandlingar som gjev informasjon om moglege konsekvensar som vil gå utover transport og reising. Til dømes kan konsekvensane av dei ulike vertypane gje lengre reisetid, vanskelege køyreforhold, stengte vegar, overvatn og kolonnekøyning. I analysen av språkhandlingane ein fant under anbefalingar såg ein at MET hadde mange anbefalingar i kategorien transport og reising. Alle varsla til MET som har anbefalingar om transport og reising, altså varsla MET1, MET2, MET4, MET5, MET6, MET8, har også konsekvensar som omhandlar transport og reising. Dette tyder på at det er eit samspel mellom konsekvensane og anbefalingane, men dette er ikkje alltid tilfelle. NVE har ikkje nokre anbefalingar i kategorien transport og reising, men ein finn døme på konsekvensar i denne kategorien. NVE skriv blant anna: «Utsatte bane- og vegstrekningar kan bli stengt» (NVE3) og «Framkommelighet på veg eller jernbane kan bli redusert» (NVE4).

I tabell 11 kan ein sjå alle dei ulike konsekvensane som har med transport og reising å gjere. Kategorien er også delt opp i ulike konsekvensar som er vanlege å trekke fram i farevarsla. Ein kan dele opp konsekvensane knytt til transport og reising til reisetid, vanskelege køyreforhold og stengte/ reduserte vegar og kansellering. Reisetid handlar om at «(...) reiser vil kunne få lengre reisetid» (MET1, MET4, MET5, MET8). Vanskelege køyreforhold kan handle om «Redusert sikt» (MET2), «(...) snø som pakker seg i veibanen» (MET2) eller «(...) fare for vannplaning» (MET4, MET5, MET6). Kategorien Stengte/ reduserte vegar og kansellering kan til dømes handle om kolonnekjøring, stengte vegar, og bruer. Kategoriane er ikkje gjensidig utelukkande, men heng saman. Kategorien vanskelege køyreforhold, og kategorien stengte/ reduserte vegar og kansellering kan til dømes påverke reisetida. Det gjer at reisetid vert eit resultat av dei andre konsekvensane.

Tabell 11 Konsekvensar for reising og transport

| <b>Konsekvensar for reising og transport</b> |                  |                                                                                   |
|----------------------------------------------|------------------|-----------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Kategori</b>                              | <b>Varsel</b>    | <b>Ytring</b>                                                                     |
| Reisetid                                     | MET1             | Noen reiser vil kunne få lengre reisetid                                          |
|                                              | MET4, MET5       | Mange reiser vil kunne få lengre reisetid                                         |
|                                              | MET8             | Enkelte reiser vil kunne få lenger reisetid                                       |
| Vanskelege køyreforhold                      | MET2             | Redusert sikt                                                                     |
|                                              | MET1             | Det kan være lokalt vanskelige kjøreforhold                                       |
|                                              | MET2             | Det kan være lokalt vanskelige kjøreforhold grunnet snø som pakker seg i veibanen |
|                                              | MET4, MET5, MET6 | Vanskelige kjøreforhold grunnet overvann og fare for vannplaning                  |
| Stengte / reduserte vegar og kansellering    | MET2             | Kolonnekjøring kan bli innført og/eller veier kan bli stengt på kort varsel       |
|                                              | MET4             | Stor fare for stengte veier og/eller overvann ved bekke- og elveløp               |
|                                              | MET4, MET5       | En del steder vil midlertidig kunne miste veiforbindelsen, gjerne flere dager     |
|                                              | MET4, MET5       | En del steder vil midlertidig kunne miste veiforbindelsen, gjerne flere dager     |
|                                              | MET8             | Mulighet for kansellerte avganger for ferje, fly eller annen transport            |

|  |      |                                                                               |
|--|------|-------------------------------------------------------------------------------|
|  | MET8 | Broer kan bli stengt                                                          |
|  | MET8 | Enkelte veier kan bli stengt på grunn av trær eller andre objekter i veibanen |
|  | NVE3 | Utsatte bane- og vegstrekninger kan bli stengt                                |
|  | NVE4 | Framkommelighet på veg eller jernbane kan bli redusert                        |

### 6.3.2.2 Utsett bygningar og infrastruktur

Den neste kategorien ein kan finne er dei konsekvensane som kan gå utover bygningar og infrastruktur. Det kan vere så vagt som at «Utsatt bebyggelse kan bli berørt» (NVE4) og «Sårbar infrastruktur kan bli rammet som følge av snøtyngden» (MET1) eller så konkret som at «Strømforsyningen kan bli påvirket, for eksempel som følge av trær som knekker eller kommer i kontakt med strømmettet» (MET8).

Tabell 12 Konsekvensar om utsett bygningar og infrastruktur

| <b>Konsekvensar om utsett bygningar og infrastruktur</b> |                                                                                                                      |
|----------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Varsel</b>                                            | <b>Ytring</b>                                                                                                        |
| MET1                                                     | Sårbar infrastruktur kan bli rammet som følge av snøtyngden                                                          |
| MET4, MET5                                               | Fare for overvann i tettbygde områder                                                                                |
| MET8                                                     | Strømforsyningen kan bli påvirket, for eksempel som følge av trær som knekker eller kommer i kontakt med strømmettet |
| NVE4                                                     | Utsatt bebyggelse kan bli berørt                                                                                     |

### 6.3.2.3 Utsett naturområde

Den neste kategorien av konstative språkhandlinga ein kan finne under konsekvensar liknar på den føregåande kategorien, som handlar om utsette bygningar og infrastruktur. Denne kategorien skil seg likevel frå den førre, da denne kategorien ikkje seier noko om menneskeskapte bygningar og infrastruktur, men om ulike naturlege stader. Det står til dømes at «Flomskred har lang rekkevidde og kan gå ned i dalbunnen selv om det løses ut høyt i terrenget» (NVE3), «Langs vassdrag i flomområdene kan stor vannføring føre til utgraving ved foten av skråninger» (NVE4), «Vegetasjon kan lett antennes og store områder kan bli berørt» (MET3) eller at «Fare for liv om man havner i flomelver/ annen strøm» (MET4). Konsekvensane omhandlar ikkje nødvendigvis byggverk, men ein kan merke det på naturen og det kan vere farleg for dei som oppheld seg i området. Ein finn oversikt over alle konsekvensane i denne kategorien i tabell 13.

Tabell 13 Konsekvensar om utsett naturområde

| <b>Konsekvensar om utsett naturområde</b> |                                                                                               |
|-------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Varsel</b>                             | <b>Ytring</b>                                                                                 |
| MET3                                      | Vegetasjon kan lett antennes og store områder kan bli berørt                                  |
| MET4                                      | Fare for liv om man havner i flomelver/ annen strøm)                                          |
| NVE3                                      | Flomskred har lang rekkevidde og kan gå ned i dalbunnen selv om det løses ut høyt i terrenget |
| NVE4                                      | Langs vassdrag i flomområdene kan stor vannføring føre til utgraving ved foten av skråninger  |
| NVE4                                      | Rask senking av vannstanden etter flom kan også forårsake lokale utglidninge                  |

#### 6.3.2.4 Andre konsekvensar

I tillegg til utsette naturområde og bygningar og infrastruktur er det nokre konsekvensar som kan ramme både bygningar og andre stader, desse kan ein sjå i tabell 14. Til dømes skriv dei «Omfattende oversvømmelser, erosjonsskader og flomskader på utsatte steder» (NVE5, NVE6). Ein anna konsekvens er «Fare for objekt(er) som følge av lynnedslag» (MET7) som er vanskeleg å kategorisere fordi ein ikkje veit noko særleg om kva objektet avsendar har hatt i tankane. Det same kan gjelde konsekvensen «Løse gjenstander kan blåse avgårde» (MET8). Er det meint trampoline, utstyr på byggeplassar, eller meir naturleg materiale som trær og greiner som kan blåse av gårde? Truleg er det snakk om konsekvensar som kan inkludere begge deler.

Tabell 14 Andre konsekvensar

| <b>Andre konsekvensar</b> |                                                                             |
|---------------------------|-----------------------------------------------------------------------------|
| <b>Varsel</b>             | <b>Ytring</b>                                                               |
| NVE5, NVE6                | «Omfattende oversvømmelser, erosjonsskader og flomskader på utsatte steder» |
| MET7                      | «Fare for objekt(er) som følge av lynnedslag» (MET7)                        |
| MET8                      | «Løse gjenstander kan blåse avgårde» (MET8)                                 |

#### 6.3.2.5 *Anbefalingar under konsekvenser*


Også i konsekvensane er det ikkje berre konsekvensar som vert kommunisert, men også denne anbefalinga «Se [www.varsom.no](http://www.varsom.no) for mer informasjon» (MET4, MET5). Det ser ut som ein direktiv språkhandling som skal påverke mottakaren til å undersøke meir informasjon. For å kunne gjere dette må mottakaren gå inn i navigatørmodus, og klikke seg inn på sida.

#### 6.3.3 *Klassar av språkhandlingar: Beskrivelse*

Beskrivinga i farevarsla består av konstative språkhandlingar, som beskriv den venta situasjonen. Det er fleire ting som går igjen i varsla og eg har undersøkt og kome fram til nokre kategoriar som verkar typiske i denne delen. Den fyrste kategorien er *kva fare* det er snakk om, dette kjem eg nærmare inn på i avsnittet under. Den andre kategorien er *området*. I MET sine varsel står det til dømes at det gjeld *i snøfrie områder*, eller *kva retning veret kjem frå* som *først vestlige områder, fra nord og fra øst*. I NVE sine varsel står det om *bratte skråninger, foten av skråninger og i flomområdene*. Altså stader som kan vere spesielt utsett for den varsla naturfaren. Det tredje elementet som går igjen er *når*. Det kan handle om når faren kjem, når det vert verst, eller kor lenge det vil vare. Det står ofte slik som *natt til søndag, fra torsdag og fra tirsdag kveld til onsdag morgen*. I tillegg er det ein del bruk av tall, til dømes kan dei fortelle om kor mykje nedbør som er venta, eller kor sterke vindkast. Det står til dømes at det er venta nedbør på «(...)80-100mm/24t» (MET4) og vindkast opp til «(...)27-30m/s» (MET8). Hos NVE finn ein også bruk av tal. Det kan også handle om nedbørsmengda slik som hos MET, dei brukar også tal om *snødybde*, i tillegg bruker dei tal for meter over havet til dømes skriv dei «124,14 moh (NN54)» (NVE5). NVE brukar også farenivå aktivt i nokre av varsla. Dei skriv til dømes «Vannstanden ligger på et høyt oransje nivå og ventes å være på oransje nivå fram til starten av neste uke» (NVE5) og «Tyrifjorden ventes å nå gult nivå fra fredag» (NVE6). Noko som kan vere abstrakt og vanskeleg å forstå for mottakarar som ikkje er kjent med krava for dei ulike farenivåa.

Vidare har eg valt å undersøke samspelet mellom overskrifta til sjølve varselet og skildringa. Altså dei to oransje firkantane i figur 9. I mange av farevarsla er det eit tydeleg samspel

Figur 9 Illustrasjon farevarsel henta frå Yr



mellom kva fare som vert skildra, og kva som står i oversikten. Til dømes i MET1 er overskrifta «Pågår: Snø (Deler av Agder og Telemark)» og i skildringa står det «Det ventes 5-15 cm snø. Nedbør fyrst i vestlige områder» (MET1). Her bruker dei same omgrep i overskrifta og i skildringa, før dei går over til ein meir generell term *nedbør* når dei skriv om kor det vil starte. Ein finn fleire døme på at det er brukt same omgrep i hovudoverskrifta og i skildringa i tabell 15 nedanfor.

I tabellen finn ein også døme på eit meir utydeleg samspel mellom skildring og overskrifta til varselet. I begge varsla om flaumfare kan ein sjå dette. I varsla om flaumfare bruker dei termen flaum lite eller ikkje i det heile tatt. I skildringa står det heller om *vannstand*. NVE6 startar slik «Vannstanden synker og er på oransje nivå i Randsfjorden og Tyrifjorden» og i siste linje i varselet finn ein ordet flaum for fyrste gong «Rask senkning av vannstanden etter flom kan også forårsake lokale utglidninger». Dette gjer at mottakaren sjølv må trekkje slutninga om at *høy vannstand* er det same som flaum. I varselet NVE5 vert ikkje ordet flaum brukt i skildringa i det heile tatt. Det kan bidra til å auke prosesseringskostnadane og dermed påverke relevansen og forståinga.

Når det kjem til varsla om jord-, sørpe og flaumskred finn ein heller ikkje alltid omgrepa frå overskrifta igjen i skildringa. NVE4 viser overskrifta at varselet er for jord- og flaumskredfare, men i skildringa skriv dei om at det er venta regn og regnbygar og skriv ellers at «Grunnvannstanden og vannmetningsgraden i bakken er allerede svært høy. Bratte skråninger, samt bekker og elveløp med stor vannføring er spesielt utsatt» (NVE4). Dei skriv om områder som er *spesielt utsatt*, men ikkje kva dei er spesielt utsatt for. Ut ifrå kontekst er det truleg meir utsett for flaumskred og jordskred, men dette er noko mottakaren sjølv må pusla i saman. Dette kan gjere at skildringane til ein del varsel ikkje klarar å «stå på egne



bein», for ein må vite overskrifta til varselet for å forstå kva skildringa skal skildre. Dette kan også føre til å auke prosesseringskostnadene.

I NVE3 vert nokon av omgrepa frå overskrifta brukt, men ikkje alle. Varselet er for jord-, sørpe og flaumskred, men det er berre termene *flaumskred* og *sørpeskred* som vert brukt i skildringa, medan *jordskred* ikkje blir brukt. NVE3 byrjar å skrive om snøsmelting, og at nokre områder er spesielt utsett, men skriv ikkje noko om kva det er spesielt utsett for, det må mottakaren sjølv kome fram til. Deretter står det om sørpeskred da det står: «Fare for utløsning av sørpeskred gjelder særlig i områder med mindre enn 50 cm snø». (NVE3) og seinare vert termen *flomskred* brukt «Skredene kanaliseres ofte ned forsenkninger og bekkeløp og kan da utvikle seg til flomskred» (NVE3). Dermed får dei fram at det er to typar skredfare, men varselets overskrift varslar om tre typar skredfare.

Tabell 15 Omgrep brukt i overskrift og i skildringa

| <b>Omgrep brukt i overskrift og i skildringa</b> |                                                                                 |                                                                                                  |
|--------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Varsel</b>                                    | <b>Overskrift til sjølve varselet:</b>                                          | <b>Type fare som dei skriv om i beskrivelsen</b>                                                 |
| MET1                                             | Pågår: Snø (deler av Agder og Telemark)                                         | 5-15 cm snø, Nedbør                                                                              |
| MET2                                             | Ventes: Kraftig snøfokk (Deler av Vest-Finnmark og Finnmarksvidda)              | Snøfokk                                                                                          |
| MET3                                             | Pågår: Skogbrannfare (Deler av vestlandet)                                      | Lokal gress- og lyngbrannfare                                                                    |
| MET4                                             | Pågår: Ekstremt mye regn (Deler av Sør-Norge)                                   | Ekstremt mye nedbør (...) Nedbøren vil komme både som regn g regnbyger, 80-100mm/24t, 20-35 m/1t |
| MET5                                             | Ventes: Mulighet for svært mye regn (Deler av Agder og Vestfold og Telemark)    | Mulighet for svært mye regn, 60-80mm/12 timer                                                    |
| MET6                                             | Ventes: Mulighet for svært kraftig styrtregn                                    | Svært kraftige regnbyger, været kan endres raskt.                                                |
| MET7                                             | Pågår: Mye lyn (Deler av Østlandet og Sørlandet)                                | Tordenvær med mye lyn                                                                            |
| MET8                                             | Ventes: Kraftige vindkast (deler av Nord-Salten, Ofoten og Sør-Troms)           | Lokalt kraftige vindkast å 27-30 m/s                                                             |
| NVE1                                             | Pågår: betydelig snøskredfare (Tromsø)                                          | Betydelig snøskredfare                                                                           |
| NVE2                                             | Pågår: Betydelig snøskredfare (Lyngen)                                          | Betydelig snøskredfare                                                                           |
| NVE3                                             | Jord-, sørpe og flomskredfare (Deler av Innlandet, Viken, Vestfold og Telemark) | Sørpeskred, skredene, flomskred                                                                  |

|      |                                |      |
|------|--------------------------------|------|
| NVE4 | Ventes: Jord- og Flomskredfare |      |
| NVE5 | Pågår: Flomfare                |      |
| NVE6 | Pågår: flomfare                | Flom |

## 6.4 Intenderte mottakarar

Eit av dei viktigaste råda i klarspråk er at teksten skal tilpassast mottakaren. For å kunne gjere dette må ein vite kven mottakarane er. Eg har i analysen av dei illokusjonære språkhandlingane allereie kome noko inn på kven som kan vere intenderte mottakarar for farevarsla og vil i denne delen av analysen kome enda meir inn på kven som er intenderte mottakarar.

Ifølge Meteorologisk institutt har farevarsla fleire intenderte mottakarar, og dei skriv blant anna at varsla er for «etater som har ansvar eller berøres i beredskapssituasjonar, og mot næringsliv og allmennheten» (Meteorologisk institutt, 2023a). Det vil seie at det både er beredskapsaktørar, næringsliv og vanlege folk som skal ha nytte av varsla. Farevarsla har derfor eit bredt publikum. Når det kjem til varsla for NVE, verker det som at dei ulike farenivåa har ulike intenderte mottakaren. Når ein les om nivåa til NVE kjem det fram at det gule varselet er spesielt retta mot beredskapsaktørar, men at varsla også kan vere relevant for andre. Til dømes trekk dei fram at varsla er relevante for folk som driv verksemd eller bur i områder der det har skjedd skadar tidlegare (Varsom, u.d-e). Om oransje nivå står det «Varsel gjelder for beredskapsaktører og for befolkningen som bor eller ferdes i utsatte områder» (Varsom, u.d-e). På raudt nivå skriv ikkje NVE noko om kven som er intendert mottakar. Det kan verke som at farevarsla frå NVE primært er retta mot beredskapsaktørar, men at dei nokre gonger også kan vere relevant for resten av befolkninga, særleg når varsla får eit høgare nivå.

### 6.4.1 Geografi og tid

Sjølv om varsla tilsynelatande skal nå ut til beredskap og lekfolk, vil ikkje alle farevarsla vere relevant for heile samfunnet. Farevarsla vert avgrensa både geografisk og med tanke på tidsperiode varselet er relevant. Varsla er berre synleg før og når dei er relevante, og dei er knytt til eit område. Kva området varselet er knytt til står både i varselet, da ser det som oftast ut til å vere snakk om store deler geografisek områder, som i «Deler av Innlandet, Viken, Vestfold og Telemark» (NVE3) eller «Deler av Vestland» (MET3). Varsla er også knytt opp til det vanlege vervarselet, og da vil det berre dukke opp i dei områda farevaslet gjeld. Når det

kjem til tidsperiode, får ein ofte vite når faren er over, og når faren aukar i sjølve farevarselet. Til dømes står det i MET1 under overskrifta tidsperiode: «torsdag 30.mars kl. 05:00 - faren pågår /fredag 31. mars kl. 07:00 - faren over». I nokre varsel er det uklart når eit varsel vil gå over, eller faren har allereie starta, da vil det sjå slik ut som i NVE2: «torsdag 20. april kl. 00.00 - faren pågår».

Tabell 16 Geografisk og tidsmessig avgrensing i farevarsla

| Varsel | Geografisk område                                          | Tidsperiode                                                                                 |
|--------|------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------|
| NVE1   | Tromsø                                                     | fredag 31. mars kl. 00:00 – faren pågår                                                     |
| NVE2   | Lyngen                                                     | torsdag 20. april kl. 00.00 - faren pågår                                                   |
| NVE3   | Deler av Innlandet, Viken, Vestfold og Telemark            | mandag 17. april kl. 12.00 - faren pågår                                                    |
| NVE4   | Deler av Sør-Trøndelag                                     | onsdag 23. august kl. 13:00 - faren øker<br>torsdag 24. august kl. 19:00 - faren over       |
| NVE5   | Mjøsa og Vormå                                             | mandag 07.august kl.13:00 - faren pågår                                                     |
| NVE6   | Deler av Drammenvassdraget:<br>Randsfjorden og Tyrifjorden | mandag 07. august kl. 12:00 - faren pågår                                                   |
| MET1   | Deler av Agder og Telemark                                 | torsdag 30.mars kl. 05:00 - faren pågår<br>fredag 31. mars kl. 07:00 - faren over           |
| MET2   | Deler av Vest-Finnmark og Finnmarksvidda                   | fredag 31. mars kl. 08:00 - faren øker<br>lørdag 01.april kl. 00:00 – faren over            |
| MET3   | Deler av Vestlandet                                        | mandag 17. april kl. 10:00 - faren pågår                                                    |
| MET4   | Deler av Sør-Norge                                         | mandag 07. august kl. 08:00 - faren pågår<br>tirsdag 08. august kl. 22:00 - faren over      |
| MET5   | Deler av Agder Vestfold og Telemark                        | onsdag 30. august kl. 14:00 - faren øker<br>torsdag 31. august kl. 14:00 - faren over       |
| MET6   | Sørlige deler av Trøndelag                                 | onsdag 23. august kl. 15:00 - faren øker<br>onsdag 23. august kl. 23:00 - faren over        |
| MET7   | Deler av Østlandet og Sørlandet                            | mandag 15. mai kl. 15:00 - faren pågår<br>mandag 15. mai kl. 21:00 - faren over             |
| MET8   | deler av Nord-Salten, Ofoten og Sør-Troms                  | tirsdag 19. september kl. 18:00 - faren øker<br>onsdag 20. september kl. 08:00 - faren over |

#### 6.4.2 Ulike anbefalingar til ulike intenderte mottakarar

Ut ifrå analysen så langt kan ein seie at dersom du er i det aktuelle geografiske området, på eit tidspunkt der varselet er gjeldande, er varselet meint for deg. Likevel verker det ikkje som at anbefalingane og all informasjonen ein finn i varsla er like nyttig, og meint for alle som er i det området på det gitte tidspunktet. I analysen av dei illokusjonære språkhandlingane i 6.3.1 kom det fram at dei ulike kategoriane ser ut til å ha ulike intenderte mottakarar. Nokre av desse kategoriane har ein klar mottakargruppe som kategorien om transport og reising. Den er meint til dei som køyrer sjølv eller reiser kollektivt, og det vil truleg vere lett for både dei som arbeider med transport og privatpersonar å forstå om det gjelder dei eller ikkje.

I andre kategoriar av anbefalingar er det meir uklart kven som er intendert mottakar. Eit døme er anbefalingane som handlar om å halde seg oppdatert om situasjonen og om utviklinga av været. Det er noko uklart kven som er intendert mottakar for desse råda. Truleg vil anbefalingane vere mest relevant for dei som kan bli påverka av været, og treng å tilpasse aktiviteten dei driv med etter verforholda, og er anbefalingane vil vere mindre relevant for dei som planlegg å vere inne. I analysen over såg ein også på anbefalingar om å følge lokale myndigheites instruksjonar. Det sto til dømes «Følg lokale myndigheites instruksjonar» (MET3) og «Følg lokale myndigheites instruksjonar og råd fra beredskapsmyndigheter» (MET4, MET5, MET6). Desse anbefalingane er truleg meint til heile befolkninga. Det som ikkje kjem klart fram med desse råda, er at myndigheitene sine instruksjonar og råd trumfar anbefalingane i farevarsla (Sivle, meteorolog, privat kommunikasjon, 30.08.23).

Eit anna døme på anbefalingar kor det ikkje er heilt klart kven som er intendert mottakar, finn ein i anbefalingar under kategorien *andre tiltak*. I kategorien hadde både MET og NVE anbefalingar om å reinse ulike vegar vatne kan ta. MET skreiv: «Rensing av dreneringsveier og stikkrenner anbefales slik at vannet kan renne unna» (MET6), medan NVE skreiv: «Hold stikkrenner, kummer og andre vannveier fri for grus, søppel kvist og løv» (NVE4) og «Hold stikkrenner, kummer og andre vannveier fri for snø/is, grus, søppel, kvist og løv» (NVE3). Kven som er mottakar for desse anbefalingane, kjem ikkje klart fram i teksten. MET brukar ei passivkonstruksjon der det uklart kven som skal gjere kva. Passiv skjuler dei ulike aktørane som skal handle, og da kan ein risikere at ingen tar tak i anbefalinga fordi dei sjølv tenkjer at det er nokon andre sin jobb. NVE4 og NVE3 brukar imperativsetningar, og det kan da vere naturleg at det er mottakaren, som les, som skal gjere det. Samtidig er det mange anbefalingar i imperativ, og det er ikkje sikkert at mottakaren opplever at alle desse anbefalingar gjelder seg sjølv. Eit døme på dette kan ein sjå i varselet MET6. I anbefalingane står det:

#### «Anbefalinger

- Hold deg oppdatert om utviklingen av været og værvarselet
- Følg med på værradar
- Hold deg unna bratte skråningar, samt bekker med stor vannføring
- Følg lokale myndigheites instruksjonar, og råd fra beredskapsmyndigheter
- Behov for beredskap skal vurderes fortløpende av beredskapsaktører
- Rensing av dreneringsveier og stikkrenner anbefales slik at vannet kan renne unna

- Sjekk veimeldinger (175.no)
- Tilpass farten og kjør etter forholdene
- Unngå ferdsel på utsatte steder
- Ikke kjør bil i vann dypere enn 30 cm» (MET6)

I det fyrste og andre punktet handlar det om å følge med. Punkt ein og to er truleg mest relevant for dei som vert påverka av veret, medan punkt 4 gjeld alle, da råda frå lokale myndigheiter trumfar råda frå MET. Punkt tre og ni handlar om å unngå ferdsel. Sidan punkt ni står saman med all informasjon om reiser i punkt sju, åtte, og ti, kan det hende at det handlar om stader på vegen som er farleg, men eg er usikker på om det er intensjonen. I punkt fem er det nokre språkhandlingar eg trur er retta til beredskap, og i punkt seks om reinsing av dreneringsveger er det som tidlegare påpeikt usikkert kven som skal gjere den jobben. Ein kan sjå eit liknande døme i NVE5 sine anbefalingar:

#### «Anbefalinger

- Hold deg oppdatert om situasjonen
- Sikre og flytt verdier bort fra utsatte områder (For eksempel i kjellere, og biler, campingvogner etc langs elver og bekker)
- Hold deg unna elver og bekker med stor vannføring
- Beredskapsmyndigheter må være forberedt på at også bebyggelse og infrastruktur forøvrig kan bli utsatt for alvorlige hendelser.» (NVE5)

I desse anbefalingane er det både anbefalingar til beredskap og andre. Punkt to og tre er i tillegg motstridane. I punkt to skal ein sikre verdier langs elver og bekker, medan i punkt to skal ein holde seg unna elver og bekker. Det verker motstridande, men det kan vere at det er eit tidsaspekt som vert skjult gjennom punktlista. Skal ein fyrst flytte verdier bort frå utsette områder før veret kjem, og deretter holde seg unna elver med mykje vatn? Det kjem ikkje klart gjennom teksten.

Ut ifrå analysen kan ein seie at farevarsel er ein sjanger som skal famne breidt. Varsla skal nå ut til dei som er i det aktuelle området i det aktuelle tidsrommet. Varsla har også mangfaldige råd, som reflekterer at det er mange varsla skal nå ut til. Til tider kan det vere noko uklart kven råda er retta mot og kva råd mottakaren skal bry seg om og iverksette og kva råd som er tiltenkt at andre skal iverksette. I diskusjonen vil eg drøfte dette med å skrive for mottakaren, og utfordringar med ein slik sjanger som skal famne «alle».

## 6.5 Syntaks

### 6.5.1 Setningsfragment

Som sett i analysen av språkhandlingar, er det ein del imperativsetningar, og utsegnsetningar i farevarsla. I 6.3 analyserte eg alt mellom to store skiljeteikn eller eit nytt punkt i punktlista som ei eiga språkhandling og såg vekk ifrå at ikkje alle kan kategoriserast som heilsetningar. Fleire av ytringane ein finn i varsla er såkalla setningsfragment enten fordi dei ikkje har finitt verbal eller dei manglar subjekt (gjelder ikkje imperativsetningar), eventuelt manglar både subjekt og finitt verbal. Ut ifrå klarspråksrådet eg tok føre meg i 4.5, er det ikkje anbefalt å bruke setningsfragment, det er derfor interessant at ein finn dette i farevarsla.

Dei fleste setningsfragmenta finn ein under mellomoverskrifta *Konsekvenser*, men ein finn også nokre døme under overskrifta *Beskrivelse* og eit døme frå *Anbefalinger*. Som ein ser i tabell 17 består fleire av setningsfragmenta av kompliserte substantivfraser. NVE5 og NVE6 har fleire likestilte ord i kjernen, i tillegg til tillegg både framom og bak kjernen. Dei andre har berre eit ord i kjernen.

Tabell 17 Setningsfragment i form av substantivfraser

| Varsel       | Tillegg    | Kjerne                                       | Tillegg                                                       |
|--------------|------------|----------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|
| NVE5         | Omfattende | oversvømmelser, erosjonsskader og flomskader | på utsatte steder                                             |
| NVE6         | Omfattende | oversvømmelser, erosjonsskader og flomskader | på bebyggelse og infrastruktur                                |
| MET2         | Redusert   | sikt                                         |                                                               |
| MET4<br>MET5 |            | Fare                                         | for overvann i tettbygde områder                              |
| MET4         | Stor       | fare                                         | for stengte viere og/eller overvann ved bekke- og elveløp     |
| MET5         |            | Fare                                         | for stengte viere og/eller overvann ved bekke- og elveløp     |
| MET4<br>MET5 | Vanskelige | kjøreforhold                                 | grunnet overvann og fare for vannplaning                      |
| MET7         |            | Fare                                         | for skade på objekt(er) som følge av lynnedslag               |
| MET8         |            | Mulighet                                     | for kansellerte avganger for ferje, fly eller annen transport |

Ein finn også to døme på setningsfragment i skildringa, men det ser ut til å vere mindre vanleg. Det fyrste dømet er MET1, der det står «Nedbør først i vestlige områder». For at dette skal verte ein heilsetning måtte det stått noko som *Nedbør vil først inntreffe i vestlige områder*, eller *Nedbøren ventes først i vestlige områder*. Da kan ein sjå, at setningsfragmentet består av eit subjekt *Nedbør* og *først* og *i vestlige områder* fungerer som adverbialet, medan setningsfragmentet manglar finitt verbal, og eventuelt infinitt verbal. Det andre døme på setningsfragment i skildringa er hos NVE6 der det står «Randsfjorden fra fredag» (NVE6, Beskrivelse). Her mangler også finitt verbal. I *Anbefalinger* har eg funnet eit døme på setningsfragment: «Forsiktig med åpen ild» (MET3). For at det skulle bli ein heilsetning måtte det stått *Vær forsiktig med åpen ild* eller noko slikt. Setningsfragmentet manglar finitt verbal og består av ein adjektivfrase og ein preposisjonfrase med ein substantivfrase som tillegg. Eg vil kome meir inn på setningsfragment i diskusjonen.

## 6.6 Ordnivå

### 6.6.1 Fagtermar

I denne delen av analysen skal eg svare på forskingsspørsmålet om kva fagterminologi ein finn i varsla og kor mykje av tekstane som består av fagtermar. Når ein ser på ordnivået til farevarsla, kan ein sjå at det er mange fagspråklege uttrykk, noko som er eit typisk trekk ved fagspråklege sjantrar. I klarspråksamanheng er det ofte ordnivået og fagtermar som vert trekt fram når ein mottakar opplev teksten som vanskeleg, og orda ein vel å bruke kan vere til hinder for forståinga (Breivega et al., 2010). Det er mange fagtermar som vert brukt i farevarsla. Fagtermar sin intensjon er å vere presis, medan allmennspråket er meir fleksibelt. Ein del av fagtermane ein finn i varsla er også ein del av allmennspråket, men da gjerne med ein litt anna tyding. Vidare i analysen vil eg fyrst ta føre meg NVE sine bruk av fagtermar, før eg går vidare til MET sine varsel. Oversikt og definisjonar av alle fagtermane kan ein finne i vedlegg 3

#### 6.6.1.1 Fagtermar i NVE sine varsel

NVE har fleire ulike varsel, og det er brukt ein god del fagtermar. Bruken varierer frå 11.5% av teksten, til 13,6 % av teksten, som ein kan sjå i tabell 18. I tabellen kan ein finne totalt antal fagtermar, ulike fagtermar og totalt antal ord. Totalt antal fagtermar viser til kvart ord som kan kategoriserast som ein fagterm. Ulike fagtermar viser til antal ulike fagtermar,

uansett om dei vert brukt fleire gongar. Totalt antal ord er talt ved hjelp av Word sin ordteljing, og er kvart uttrykk mellom to store skiljeteikn.

Tabell 18 antal fagtermar i NVEs farevarsel

| Varsel                 | NVE1        | NVE2        | NVE3        | NVE4        | NVE5        | NVE6        |
|------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Totalt antal fagtermar | 16<br>14,7% | 14<br>12,2% | 28<br>11,9% | 35<br>13,6% | 30<br>13,6% | 16<br>11,5% |
| Ulike fagermar         | 6           | 8           | 21          | 27          | 17          | 11          |
| Totalt antal ord       | 109         | 115         | 236         | 257         | 220         | 139         |

I snøskredvarsla (NVE1 og NVE2) bruker NVE fleire termar for å kome med anbefalingar og skildre faren. Mange av termene vert forklart på Varsom sin snøskredskole og nokre termar er samansetningar av fagtermar. I NVE1 er 14,7% av varselet fagtermar, medan i NVE2 er det 12,2% fagtermar. I varsla finn ein termar som *Snøskredfare*, *skredterreng*, *skredproblem*, *skred*, *vedvarende svakt lag (flakskred)*, *våt snø (flakskred)* og *fokksnø (flakskred)*. Ut ifrå Varsom (u.d-d) viser skredterreng til områder der snøskredet vert løyst og i utløpsområdet, altså der det kjem ned. Skredproblem er eit ord som kan vere vanskeleg å forstå, men ut ifrå det eg kan lese hos Varsom (u.d-f) ser det ut til å fungerer som ein samleomgrep for omgrepa *vedvarende svakt lag (flakskred)*, *våt snø (flakskred)* og *fokksnø (flakskred)* som viser til «snø typar» som aukar risiko for snøskred.

I varsla om jord-, sørpe- og flaumskredfare (NVE3, NVE4) er det også ein god del fagtermar. I NVE3 finn ein 11,3% fagtermar, medan NVE4, har 13,6% fagtermar. NVE4 er det farevarsel som brukar flest fagtermar både totalt og prosentvis. Mange av termene vert forklart i ordlistene for jord-, sørpe- og flomskred, medan nokre vert forklart enten i ordlista for flaum, eller i rapporten til Jensen et al. (2015). *Jordskred*, *sørpeskred*, *flomskred*, *utgldiningar* og *kvikkleire* finn ein i ordlistene for skredfare, medan *vannføring* og *vannstand* får ein forklart i ordlista for flaum. *Marine avsetningar*, og *beredskap* vert forklart i rapporten. I tillegg finn ein fleire ord som også kan kategoriserast som fagtermar som: *grunnvannstand* og *vannmetningsgrad*.

Det er også mykje bruk av fagtermar i varsla for flaumfare men varsla skil seg også stort i kor mykje fagterminologi som vert brukt. I varsel NVE5 er det totalt brukt 30 fagtermar, der ein



del går igjen fleire gonger, medan NVE6 brukar 16 fagtermar. Når ein ser på prosentdel av teksten ligg NVE5 på 13,6% medan NVE6 er nede på 11,5%. I varsla finn ein fagtermar som *nedbørhendelse, oversvømmelser, koonventeringsfaktor, NN54, NN2000, flomområder, flomskader, flomfare, flom, vassdrag, vannstand, vannføring* og *erosjonsskader*. *Vannføring, og vannstand, flom og utglidning* vert forklart i rapport og ordliste, medan *NN2000, NN54* ikkje vert forklart og ein må ty til *Store Norske Leksikon* for å forstå kva desse termene betyr, det same gjeld *erosjonsskadar*.

### 6.6.1.2 Fagtermar hos MET.

Tabell 19 Antal fagtermar i METs farevarsel

| Varsel:           | MET1      | MET2    | MET3      | MET4       | MET5      | MET6       | MET7      | MET8      |
|-------------------|-----------|---------|-----------|------------|-----------|------------|-----------|-----------|
| Totalt            | 8<br>6,8% | 7<br>6% | 5<br>6,3% | 14<br>6,6% | 8<br>4,2% | 14<br>7,1% | 8<br>6,2% | 6<br>3,8% |
| Ulike termar      | 4         | 5       | 5         | 5          | 2         | 7          | 4         | 2         |
| Alle ord i varsla | 117       | 116     | 80        | 210        | 189       | 197        | 129       | 159       |

I varsla til MET ser det ut til å vere mindre bruk av fagtermar enn hos NVE, både samanlikna med totalt antal termar og prosentdel. Mange av termene er knytt til ulike verfenomen som *snø, nedbør, vind, vindkast, regn, regnbyger, styrtregn, kraftige regnbyge, og lyn*. I tillegg er det ord som er samansett av eit fagord som *snømegde og snøtyngde*. Ein finn også omgrep som *overvann, dreneringsveier, stikkrenner, vannføring, timesverdier*. MET har ikkje eigne ordlister som forklarar orda, men mange av orda finn ein på *Store Norske Leksikon* medan nokre av orda finn ein i ordlistene til NVE.

Som ein kan sjå, er det ein del bruk av fagtermar i varsla, og det verker som at det er meir bruk av fagtermar hos NVE enn MET. Det kan vere fordi NVE først og fremst kommuniserer til beredskapsaktørar som også kan omgrepa, men det kan vere problematisk for andre som også treng å forstå fagtermene. Det som er felles for fagtermene som vert brukt både hos NVE og MET er at dei ikkje vert forklart. Under kjem eg med nokre døme, der eg har markert fagtermene. Til dømes står det «For å få vannstand i NN2000 legg til en konverteringsfaktor på 21 cm på vannstanden oppgitt i NN54» (NVE5). Her vert det brukt fleire fagtermar, som ikkje vert forklart. Eit anna døme er «Nedbøren vil komme både som regn og regnbyger» (MET4), gjennom sitatet verker det som at det er ein skilnad mellom regn og regnbyger, men kva skilnaden er kjem ikkje klart fram, og ytringa vert mindre tilgjengeleg for dei som ikkje

veit skilnaden. Eit anna døme er «På torsdag ventes betydelig snøskredfare i region Lyngen. Snøskredproblemet er våt snø (flakskred), fokksnø (flakskred) og vedvarende svakt lag (flakskred)» (NVE2). I det døme kan det verke som at snøskredproblem vert forklart, sidan det står *Snøskredproblemet er*, men det vert forklart med andre fagtermar, noko som gjer at det ikkje nødvendigvis vil hjelpe på forståinga til mottakaren. Det at fagtermane ikkje vert forklart kan auke prosesseringskostnadane og hindre forståinga for dei som ikkje har tilgang til fagtermane. Det kan vere problematisk og gjere at farevarsla vert mindre tilgjengelege for nokon, enn andre. For dei som kan fagterminologien er dette truleg enkel og effektiv kommunikasjon, men for andre kan fagterminologien som ikkje blir forklart vanskeleg. Kva ein skal gjere med dette sjangertrekket vil eg kome inn på i diskusjonskapitelet.

## 6.7 Oppsummering av funn

I analysen har eg undersøkt farevarsla som er publisert på Yr for å svare på fyrste del av problemstillinga om kva som kjenneteiknar sjangeren farevarsel. Gjennom analysen kjem det fram at sjangeren har eit kommunikativt mål på overordna nivå, nemleg at varsla skal bidra til at befolkninga og samfunnet skal kunne sikre liv og verdier når det er venta farleg ver og andre naturfarar. Når ein ser på språkhandlingar finn ein konstative og direktive språkhandlingar, og dette tyder på at sjangeren skal påverke mottakaren. Analysen viser også at det tilsynelatande er nokre ulike mål etter kva farenivå varselet ligg på: På gult nivå skal ein vere merksam, på oransje skal ein vere førebudd, medan på raudt nivå skal ein iverksette tiltak.

Til trass for tilsynelatande ulike mål knytt til farenivå og at farevarsla vert sendt ut av to ulike aktørar, verkar sjangeren å ha ein tydeleg og “streng” struktur. Tidlegare i analysen såg ein at det er overskriftene som dannar stega i tekstane, og i figur 10 har eg samanfatta stega saman med dei elementa eg fann gjennom å kategorisere dei illukosjonære språkhandlingane, og andre opplysningar frå CAP-formatet. Figur 10 er eit forslag til sjangerskjema for farevarsla. Der har eg lagt inn både dei ulike stega, kva overskrift som steget startar med, og kva som kan eller eventuelt skal vere med i varsla. Dei fleste varsla har med alle stega, med unntak av snøskredvarsla som ikkje har steg 3 med konsekvensar. I kvart av stega kan ein ha med ulike element, til dømes kan steg 3 som omhandlar konsekvensane ha med element som knytt til transport og reising, utsett bygningar og infrastruktur, ustett naturområde eller andre konsekvensar. Stega ein finn i sjangeren, kan samanliknast med PL-modellen, som er ein god

Figur 10 Sjangerskjema for farevarsla på Yr

|               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
|---------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>STEG 1</b> | <b>Hovudoverskrift</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Faregrad</li> <li>- Ver/naturfarefenomen</li> <li>- Ikon</li> </ul> Kan ha: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Adjektiv knytt til faregrad</li> <li>- Område</li> </ul>                                                            |
| <b>STEG 2</b> | <b>Anbefalingar</b> Kan ha anbefalingar knytt til: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Transport og reising</li> <li>- Unngå ferdsel</li> <li>- Følg med</li> <li>- Følg myndigheites instruksjonar</li> <li>- Andre tiltak</li> <li>- Beredskap</li> <li>- Konsekvensar i anbefalingane</li> </ul> |
| <b>STEG 3</b> | <b>Konsekvensar</b> Kan ha konsekvensar knytt til <ul style="list-style-type: none"> <li>- Transport og reising</li> <li>- Utsett bygningar og infrastruktur</li> <li>- Utsett naturområde</li> <li>- Andre konsekvensar</li> </ul> Ein kan også ha noko som liknar anbefalingar                         |
| <b>STEG 4</b> | <b>Skildring</b> Kan ha med informasjon om <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva fare det er snakk om</li> <li>- Kva område det gjelder</li> <li>- Når faren gjelder/ er verst</li> <li>- Tall</li> </ul>                                                                                         |
| <b>STEG 5</b> | <b>Område</b> Skal ha med: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva område varselet gjelder for</li> <li>- URL</li> </ul> Kan ha med <ul style="list-style-type: none"> <li>- Illustrasjon</li> </ul>                                                                                                |
| <b>STEG 6</b> | <b>Tidsperiode</b> Kan ha med <ul style="list-style-type: none"> <li>- Når faren aukar</li> <li>- Når faren er over</li> <li>- Når faren går føre seg</li> </ul>                                                                                                                                         |
| <b>STEG 7</b> | <b>Faregrader</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Så mange faregrader fenomenet kan ha</li> </ul>                                                                                                                                                                                               |

modell for argumenterande teksttypar. I analysen finn ein fleire steg som overlappar med komponentane i modellen, men rekkefølga er ulik sett opp mot den vanlege rekkjefølga ein finn for komponentane i PL - modellen. Ut ifrå analysen liknar farevarsla på eit baklengs blokkmønster. Kva struktur sjangeren bør ha vil eg drøfte i neste kapitel.

Kven som er intendert mottakar, er både sentralt for å svare på problemstillinga om kva som kjenneteiknar farevarsla som eigen sjanger, og for å svare på forskingsspørsmålet om korleis ulike språkhandlingar vert brukt i farevarsla for å få fram faretypen, anbefalt handling og konsekvensar og kven desse språkhandlingane er retta mot. Farevarsla skal nå ut til ulike delar av samfunnet. Gjennom analyse av teksten kjem det fram at mottakargruppa vert bestemt ut ifrå geografi og tid, altså at varsla er mest relevant for dei som er i området som farevarselet gjeld, i den tidsperioden varselet er gyldig. Det er likevel ikkje slik at alle anbefalingane og all informasjonen som kjem fram i varsla, er like relevant for alle. Dette kjem særleg godt fram gjennom analysen og kategoriseringa av dei illokusjonære språkhandlingane under overskrifta *Anbefalingar*. Kva anbefalingar og

språkhandlingar som er relevant for kvar enkelt mottakar, kan vere vanskeleg å forut sjå.

Varsla er allsidig, og all informasjonen er ikkje like nyttig for alle.

Eit anna forskingsspørsmål handlar om kva fagterminologi ein finn i sjangeren, og kor mykje av teksten som er fagtermar. Analysen viser at det er ein god del bruk av fagtermar, og at

desse i stor grad ikkje vert forklart. I analysen har eg ikkje tatt stilling til kva som er forståelege og ikkje forståelege fagtermar. Ut ifrå analysen kan ein seie at bruk av fagtermar er eit kjenneteikn ved varsla, og det kan vere ei potensiell hindring for forståinga. Ein finn også bruk av setningsfragment i sjangeren, som også kan seiast å vere eit sjangertrekk. Desse sjangertrekka vil også bli tatt opp og drøfta i neste kapitel.

## 7 Diskusjon

Problemstillinga for oppgåva er *Kva kjenneteiknar sjangeren farevarsel på Yr og korleis kan eventuelt farevarsla forberast med tanke på forståelegheit?* I dette kapitelet vil den andre delen av problemstillinga stå i fokus, saman med forskingsspørsmålet *Korleis kan eventuelle klarspråksråd gjere varsla meir forståeleg for mottakaren?* Ut ifrå analysen kan ein seie at farevarsla er ein argumenterande og fagleg sjanger. Sjangeren skal kommunisere ut fagleg forankra prognosar om veret og presentere desse saman med fagleg vurderte konsekvensar og anbefalingar. I farevarsla eg har analysert, kan ein finne fleire moglege hindringar og trekk ved sjangeren som kan auke prosesseringskostnaden, og dermed gjere teksten vanskelegare å forstå for nokre mottakarar. Moglege utfordringar handlar både om bruk av punktlistar, ordval, setningsstruktur og tekstens sjangerskjema. I denne delen vil eg diskutere potensielle problem farevarsla har ut ifrå sjangeranalysen i førre kapitel og kome med ulike løysningar som kan vere aktuelle for å betre varsla med tanke på forståelegheit. Eg startar kapitelet med å diskutere om det er snakk om berre éin sjanger eller om det eigentleg er snakk om fleire. Deretter går eg vidare til å diskutere sjangerens struktur, før eg til slutt tar føre meg setningsfragment og ordnivå. Det er viktig å få fram at dette er ein teoretisk diskusjon, og at det er eit behov for å brukarteste og undersøke meir i befolkninga om kor «skoen trykker».

### 7.1 Kommunikativt mål

I fyrste del av analysen undersøkte eg kva som er det kommunikative målet til farevarsla. Overordna kan ein seie at MET og NVE har eit felles mål for sjangeren. Gjennom farevarsla ynskjer dei å betre moglegheitene for å sikre liv og verdiar, i tillegg til å minske skadeomfanget ved farleg ver og naturfarar i Noreg. I analysen undersøkte eg både farevarsla tekstinternt og teksteksternt. Eit spørsmål ein kan sitte igjen med etter analysen, er om det eigentleg er snakk om berre éin sjanger. I 6.1.1 kom det fram at dei ulike farenivåa ser ut til å oppfordre til ulik respons. Ut ifrå delar av analysen verkar det som at farevarsel på gult farenivå skal gjere mottakaren merksame, oransje nivå skal gjere at mottakaren førebur seg, og på raudt nivå skal ein innføre tiltak. Eg meiner det er forskjell på å vere merksam og måtte sette i gang tiltak. Dette gjer at ein må stille seg to spørsmål, det eine er om det er snakk om fleire sjangrar, som er knytt til farenivå, og det andre er om måten sjangeren er utforma på i dag, er passande for å nå dei ulike kommunikative måla.

For å ta det fyrste spørsmålet: Er det snakk om fleire sjangrar? Eg vil argumentere for at det er snakk om berre éin sjanger, til tross for at det kan verke som at dei ulike farenivåa har ulike kommunikative mål. Når ein ser på det overordna kommunikative målet til sjangeren, er målet til MET å «bedre mulighet til å sikre liv og verdier, og begrense skadeomfang ved farlige værforhold» (Meteorologisk institutt, 2023). Også NVE sine varsel har eit liknande overordna mål, nemleg «å hindre tap av liv og verdier knytt til snøskred, flom, jordskred, fjellskred og isforhold i Norge» (Varsom, u.d-a). Det vil seie at det overordna målet er å hindre tap av liv og verdier, og avgrense skadeomfang, men at dei ulike nivåa og naturfarane, kan gjere at det er ulike tiltak som skal til for å nå det målet.

Eit anna argument for at det er snakk om berre éin sjanger er at farevarsla er ganske like på tvers, til tross for at det er varsel på ulike nivå, og med ulike avsendarar. Analysen viser at varsla er like med tanke på form og innhald. I analysen fokuserte eg særleg på tekstane under overskriftene *Anbefalinger*, *Konsekvenser* og *Beskrivelse*, sidan desse tekstane vert utforma av MET og NVE og vil variere frå varsel til varsel. Likevel finn ein mange likskapar i korleis varsla vert utforma, kva illokusjonære språkhandlingar som vert brukt, kor ein finn dei ulike språkhandlingane og kva desse språkhandlingane handlar om. Det kan vere eit argument for at det er snakk om éin sjanger, sidan det ser ut som at dei har same kommunikative mål. Eg har likevel ikkje nok variasjon i varsla til å seie det sikkert. Det kan vere meir variasjon i andre varsel, og det er mogleg at ein finn fleire skilnader dersom ein samanliknar varsla etter farge.

Når det kjem til det andre spørsmålet, om sjangeren er passande for å nå dei eventuelt ulike kommunikative måla som er knytt til farenivå, vil eg ut ifrå analysen svare nei. I analysen har mange av varsla vore på gult farenivå. Når ein les anbefalingane, gjev ikkje dei inntrykk av at ein berre skal følge med, og vere merksam. Det er nokre anbefalingar om å følge med og vere merksam, som «Hold deg oppdatert om utviklingen av været og værvarselet» (MET6), men det står også ting som til dømes «Beskytt sårbare installasjoner og gjenstander som ikke tåler den ventede snømengden» (MET1) og «Vær forsiktig med åpen ild» (MET3), som krev noko meir av mottakaren enn å vere merksam. Dette kan tyde på at skildringa av dei ulike nivåa, ikkje samspelet heilt med korleis sjangeren faktisk fungerer, og at det krev noko meir enn å vere å vere merksam for å nå det som er sjangerens mål, nemleg å sikre liv og verdier. Ut ifrå at sjangeren har eit overordna nivå som er likt for varsla, og at varsla ofte krev noko meir av mottakaren enn å vere merksam, vil eg fortsette å behandle alle farevarsla som éin sjanger.

## 7.2 Struktur

Det er ulike måtar å nå det kommunikative målet på, og struktur er ein viktig faktor. Det er viktig å diskutere kva struktur som er best egna for å fremje det kommunikative målet til sjangeren. I 4.2 såg ein at Språkrådet har fleire råd for korleis ein kan lage orden i teksten, og at desse råda kan vere motstridande. Språkrådet sine klarspråksråd fremjar både at ein skal ha ein logisk struktur, og at det viktigaste skal kome fyrst. For å nå sjangerens kommunikative mål på tenesta Yr, har farevarsla ein fast struktur. I analysen såg ein at ein bruker ulike element som vert bestemt gjennom CAP-formatet, som igjen vert presentert med ein fast struktur. Ut ifrå analysen kan ein seie at sjangerskjemaet i varsla består av sju steg som ser slik ut 1) Hovudoverskrift, 2) Anbefalingar, 3) konsekvenser, 4) Skildring, 5) Område, 6) Tidsperiode og 7) Faregrader. Sjangerskjemaet passer til denne komponentstrukturen: Situasjon: *varselets hovudoverskrift* → Løysning: *anbefalingar* → Problem: *konsekvenser* → Situasjon: *beskrivelse og området*, og at dette liknar eit baklengs argumenterande blokkmønster. Om det er ein god struktur eller ikkje, vil eg drøfte vidare i kapitlet.

For å kunne drøfte kva som er ein god struktur, må eg fyrst finne ut av kva som eigentleg er det eller dei viktigaste elementa i farevarsla. Når ein ser på Helbig (2019) si undersøking av farevarsla, kjem det fram at for brukarane er det ikkje heilt klart kva som er dei viktigaste elementa i varsla, eller kva struktur dei føretrekkjer. I samandraget av intervjuet skriv han blant anna at «De forskjellige delene i et farevarsel virker like viktig. Noen liker å se anbefalingen med en gang, slik at de vet hva de må gjøre, mens andre liker å se grunnlaget for varslet og velge selv hva som må gjøres for å forhindre skader» Helbig (2019, s. 61). Noko liknande trekkjer Sivle (2023b) fram i si drøfting av eit eksperiment der deltakarane får byggje sitt eige varsel. Undersøkinga viser at det er stor variasjon i kva deltakarane ynskjer å ha fyrst. Dette kan eventuelt tyde på to ting: Det eine er at det er uklart for brukaren kva som er dei viktigaste elementa i varsla, det andre er at det er ulike preferansar i kva som er sett på som ein logisk struktur.

Ut ifrå sjangerens noverande struktur og layout verkar det som at det er anbefalingane og konsekvensane som er viktigast ut ifrå avsendarens auge. Desse elementa vert framheva gjennom punktlistene, og dei står tidleg i teksten. I foredraget til Sivle (2023b) trekkjer han også fram at det vart gjort endringar i varsla i 2023, der konsekvensane og anbefalingane vart plassert tidlegare i varsla for å gjere dei meir synlege. Denne endringa var blant anna gjort grunna funna til Weyrich et al. (2018). Weyrich et al. kom fram til at det var elementa som sa

noko om konsekvensane veret ville ha, og elementa som kom med råd om tiltak, som hadde best effekt for å få folk til å handle når det vart sendt ut eit farevarsel. Når ein les farevarsla som ein argumenterende teksttype, er det også naturleg at konsekvensane og anbefalingane er dei mest sentrale elementa, da problemkomponenten og løysningskomponenten er dei viktigaste komponentane i ein argumenterende teksttype.

For å samanfatte kan ein seie at anbefalingane og konsekvensane står fram som dei viktigaste elementa i farevarsla, og at sjangeren dermed har ei struktur som set det viktigaste elementa fyrst. Eg vil vidare diskutere om strukturen bør endrast til ein meir prototypisk argumenterende komponentstruktur, eller om det viktigaste bør fortsette å stå fyrst.

### 7.2.1 Argumenterende Bølgemønster

Blokkmønster og bølgemønster er, som vist i 3.3.2, to ulike skjema for argumenterende tekstar som representerer to ulike måtar å bevege seg mot løysninga på. Blokkmønster har ein etablert orden, og løysningskomponenten kjem mot slutten. Den vanlege rekkefølga for blokkmønsteret er: 1) situasjon, 2) problem, 3) løysning og 4) evaluering, men ikkje alle komponentane er obligatoriske, og ein finn noko variasjon i skjemaet (Vagle et al., 1993, s. 210-214). For å lage eit bølgemønster deler ein opp komponentane og lagar fleire mindre blokkmønster som følger etter kvarandre. I analysen kom det fram at strukturen til varsla liknar mest eit argumenterende blokkmønster, men at ein også kan finne tendensar til bølgemønster i nokre av varsla, men dette vert ikkje så synleg grunna punktlistene som skil informasjon som egentleg høyrer saman.

Eit argumenterende bølgemønster kan vere ein god struktur for varsla, da ein får presentert ulike problem, saman med løysningar som høyrer til det problemet. For å få til eit argumenterende bølgemønster i farevarsla må ein slå saman konsekvensar og anbefalingar. I nokre av varsla finn ein allereie nokre døme på det. I 6.3.1.7 kom det fram at det var nokre konsekvensar under overskrifta *Anbefalinger*. Når desse vart undersøkt nærmare, viste det seg at dei hang tett saman med anbefalingane, og at dei fungerte som ei grunngeving for råda, eller ein kan kategorisere dei som eit problem. Denne samanhengen kom likevel ikkje klart fram grunna punktlista, som gjorde at ein les dei som separerte punkt, og ikkje samanhengande tekst.



Sjølv om ein finn døme i teksten som liknar bølgemønsteret, kan det likevel vere ei utfordring å endre strukturen til eit bølgemønster slik varsla ser ut no. I 6.3 analyserte eg og kategoriserte eg dei illokusjonære språkhandlingane. Kategorien transport og reising brukte eg som kategori både for språkhandlingane i anbefalingane og konsekvensane. I kategorien transport og reising hadde MET både anbefalingar og konsekvensar i kategorien, medan NVE berre hadde konsekvensar i kategorien transport og reising. I dei andre kategoriane opererer eg med ulike namn på kategoriane for dei to overskriftene *anbefalinger* og *konsekvenser*. Det kan tyde på at det ikkje alltid er eit ein-til-ein-forhold mellom problem- og løysningskomponenten i varsla. Kategoriane er ulike fordi det ikkje gjekk an å bruke dei same kategoriane for dei ulike delane i teksten. For å lage eit bølgemønster må ein arbeide med kva konsekvens som krev kva anbefaling, altså kva problem som høyrer til kva løysning. Fordelen med dette mønsteret er at årsaka til anbefalingane kan komme tydelegare fram om det som høyrer saman, står saman. Dette kan lette lesinga, og gjere det meir forståeleg. For å kome med eit døme på korleis dette kan sjå ut har eg valt å ta utgangspunkt i MET8 og NVE4

Figur 11 MET8

#### Farevarsler i Norge

**Ventes: Kraftige vindkast (deler av Nord-Salten, Ofoten og Ser-Troms)**  
Gult nivå

**Anbefalinger**

- Sikre løse gjenstander
- Unngå unødvendig ferdsel på utsatte steder
- Følg råd og sjekk status fra transportaktører
- Sjekk veimeldinger (175.no)
- På forhånd vurder tiltak for å begrense skade

**Konsekvenser**


- Løse gjenstander kan blåse avgårde
- Mulighet for kansellerte avganger for ferje, fly eller annen transport
- Broer kan bli stengt
- Enkelte reiser vil kunne få lenger reisetid
- Strømforsyningen kan bli påvirket, for eksempel som følge av trær som knekker eller kommer i kontakt med strømmettet
- Enkelte veier kan bli stengt på grunn av trær eller andre objekter i veibanen

**Beskrivelse**

Fra tirsdag kveld til onsdag morgen ventes lokalt kraftige vindkast på 27-30 m/s fra øst.

**Område**

Gjelder for deler av Nord-Salten, Ofoten og Ser-Troms  
[\[met.no\]](#)



**Tidsperiode**

- tirsdag 19. september kl. 18:00 - faren øker
- onsdag 20. september kl. 08:00 - faren over

**Faregrader**

- ☑ Gult - kraftige vindkast
- 🟠 Oransje - svært kraftige vindkast
- 🔴 Rødt - ekstremt kraftige vindkast

Les mer om nivåene på [bjelke.vr.no](#)

I figur 11 kan ein sjå varselet til MET8. Eg skal vidare kome med forslag til korleis denne teksten kan bli gjort om til eit meir bølgete argumenterande mønster. Mine forslag vil bli presentert i kursiv. Først kan ein gje ei generell skildring for gje mottakaren ei forståing for kva situasjon som er venta: *Frå tysdag kveld til onsdag morgon er det venta lokalt kraftige vindkast på 27/30 m/s frå øst*. Deretter kan ein presentere eit problem og ei løysning: *Vinden kan føre til at lause gjenstandar kan blåse av stad. Straumforsyninga kan verte påverka, til dømes som følge av tre som knekkjer eller kjem i kontakt med strømmettet. For å redusere skadane, tilrår vi at du sikrar lause gjenstandar*

og vurderer andre tiltak som kan minske skadane. Deretter kan ein presentere neste problem og løysning: *Det kan hende at avgangar for ferje, fly eller anna transport vert kansellert. I tillegg kan enkelte bruar og vegar bli stengt. Det kan føre til lengre reisetid. Unngå difor unødvendig ferdsel på utsette stader. Følg råd og sjekk status frå transportaktørar og vegmeldingane på 175.no.* Forslaga står i stil til måten meteorologar og hydrologar skriv, og ein kunne truleg også kome med fleire innspel og råd som kunne vere relevant. Eg har valt å ligge meg tett opp til varsla, fordi eg ikkje har kompetanse til å legge til råd, eller konsekvensar.

Figur 12 NVE4

Onsdag 23. august

**Ventes: Jord- og flomskredfare**  
Oransje nivå

**Anbefalinger**

- Hold deg oppdatert om utviklingen av været, skred- og flomsituasjonen, og følg med på værradaren
- Hold deg unna bratte skrånningar, samt bekker og elveløp med stor vannføring
- Hold stikkrenner, kummer og andre vannveier fri for grus, søppel, kvist og løv
- Tette vannveier med oppdemmet vann kan forårsake skred
- Beredskapsmyndigheter skal vurdere fortløpende behov for beredskap og forebyggjende tiltak
- Kraftig erosjon i vassdrag kan stedvis utløse mindre utglidningar, som kan redusere stabiliteten langs vassdraget
- Vær spesielt oppmerksom på slike utglidningar i områder hvor det er kartlagt kvikkleire, og i områder med marine avsetningar
- Varsle beredskapsansvarlig i kommunen ved observasjon av slike hendelser

**Konsekvenser**

- Fiere skredhendelser er forventet
- Noen kan få store konsekvenser
- Utsatt bebyggelse kan bli berørt
- Framkommelighet på veg eller jernbane kan bli redusert
- Langs vassdrag i flomområdene kan stor vannføring føre til utgraving av masser ved foten av skrånningar
- Rask senkning av vannstanden etter flom kan også forårsake lokale utglidningar
- Flomskred har lang rekkevidde og kan gå ned i dalbunnen selv om det løses ut høyt i terrenget

**Beskrivelse**

Det ventest regn og stedvis kraftige regnbyger frå onsdag ettermiddag, opp mot 50-60 mm/døgn, kan hende med 70 mm lokalt. Grunnvannstanden og vannmetningsgraden i bakken er allerede svært høyt. Bratte skrånningar, samt bekker og elveløp med stor vannføring er spesielt utsatt.

**Område**

Gjelder for Deler av Sar-Trøndelag  
[\[varsom.no\]](#)

**Tidsperiode**

- onsdag 23. august kl. 13:00 - faren øker
- torsdag 24. august kl. 19:00 - faren over

**Faregrader**

- Gult - skredfare
- Oransje - stor fare
- Rødt - ekstrem skredfare

Les mer om nivåene på [hjelpe.vr.no](#)


I nokre av varsla kan det vere meir utfordrande å forstå kva problem som høyrer til kva løysning. I Figur 12 ser ein varsel NVE4, dette varselet er eit døme på eit varsel, der eg ikkje helt forstår kva konsekvens som høyrer til kva anbefaling. Ein kan moglegvis slå saman nokre av elementa i anbefalingane og konsekvensane slik at det står noko slikt: *Det er venta fleire skredhengingar, og nokre kan få store konsekvensar. Mellom anna kan utsett bygningar bli råka, og framkommelighet på veg eller jernbane kan bli redusert. Vi anbefalar at du held deg oppdatert om situasjonen og følger med på værvarslinga.* Og ei anna problem- og løysningskomponent kunne vore: *Tette vatnveger med oppdemma vatn kan føre til skred. Hald derfor stikkrenner, kummer og andre vatnvegar fri for grus, søppel, kvist og lau.* Her har eg

berre kome med nokre dømme på element som kan høyre saman, da det ikkje var så lett for ein ikkje-ekspert å skjønne kva som er viktig å få med, eller kva som faktisk kan høyre saman.

Eit anna spørsmål er om denne endringa i det heile tatt er mogleg med det CAP-formatet som vert brukt i dag. Som tidlegare nemnt, finn ein dømme på bølgemønster i nokre av farevarsla, ,

Figur 13 Skisse til nytt farevarsel

Figuren er henta fra Stimulab prosjektet sin sluttrapport, og er brukt med tillatelse frå Sivle (2024)



men dette er da bølger som står i anbefalingane. Avsendar har altså lagt inn konsekvensar i anbefalingane, men som vist i 2.2.1 skil CAP klart mellom konsekvensar og anbefalingar gjennom å bruke ulike kodar, og eg veit i skrivande stund ikkje om det er mogleg å endre formatet slik at eit argumenterande bølgemønster er mogleg. Truleg er det mogleg, men det krev endringar i programmet ein brukar når ein skal lage varsla.

I figur 13 kan ein sjå eit forslag til endring av farevarsla sin struktur, og overskrifter. Skissa er laga i samband med Stimulab prosjektet, som eg skreiv om innleiingsvis. Det er eit tverrfagleg prosjekt som har undersøkt farevarsla og dei har kome med fleire forslag til forbetringar. Skissa viser noko som liknar på bølgemønster. Først vert det presentert ei skildring av kva som er venta, dette står under overskrifta «Svært mye regn». Deretter vert to problem og løysningar til problema presentert. Det fyrste

problemet- og løysningskomponenten finn ein under overskrifta «Vanskelige kjøreforhold», og det neste problem- og løysningskomponenten står under «Fare for vannskade». Eg meiner at skissa får tydelegare fram kva problem som høyrer til kva løysning. Dette kan bidra til å letta lesinga, prosesseringskostnadane, og forståinga, da ein lettare forstår kva konsekvens, altså kva problem, som høyrer til kva løysning.

### 7.2.2 Argumenterende blokkmønster

Slik sjangeren ser ut i dag, liknar han som sagt på eit slags baklengs blokkmønster. I analysen kom det fram at varsla har denne komponentstrukturen: situasjon, løysning, problem, situasjon. Det første situasjonskomponenten består berre av overskrifta til varselet. Eg meiner at mønsteret kan gjere teksten vanskelegare å forstå, fordi ein risikerer å mangle den bakgrunnskunnskapen om situasjonen som ein treng for å tolke det resterande varselet. Dersom ein ikkje har klart å danne seg eit situasjonsbilete ut ifrå det ordinære vervarselet, kan anbefalingane og konsekvensane, altså løysninga og problemet, komme brått på og dei kan vere vanskeleg å forstå ut ifrå kontekst. Dette mønsteret kan også gjere at ein bryt med forventingane til ein argumenterende tekst, noko som kan auke prosesseringskostnaden, men ein kan også ha blitt vant til denne strukturen, slik at det ikkje har noko påverking. Å endre på rekkefølga i varsla slik at situasjonskomponenten vert presentert først, deretter problemkomponenten, og til slutt løysningskomponenten, kan vere ei løysning som kan bidra til å lette lesinga, og gje mottakaren tilstrekkeleg bakgrunnskunnskap til å forstå det resterande varselet. For å få til ei slik endring må ein endre kva rekkefølge ein presenterer dei ulike sjangerstega på i varsla. Ein kan til dømes fyrst ha hovudoverskrifta til varselet, deretter skildringa, før ein til slutt får konsekvensane og anbefalingane, altså problem og løysninga. Vidare vil eg utforske ei slik løysning.

Det er truleg ikkje nødvendig at alt som har med situasjonen å gjera, kjem fyrst. I analysen kategoriserte eg hovudoverskrifta, *beskrivelse* og *område*, med unntak av URL-en, som ein del av situasjonskomponenten. Dersom alt dette vert plassert i starten av varselet, kan det gjere at teksten vert framtung før ein kjem til poenget, og dei elementa som har best effekt for at folk skal iverksette tiltak. Det kan bli særleg langt med tanke på kor lang skildringa kan vere, sjå til dømes NVE5 i vedlegg 1. Når ein ser varsla på Yr, vil området som oftast ligge i konteksten til teksten, da ein finn varsla i det vanlege vervarselet og deretter må klikke seg vidare inn på varselet for å lese det. For varsla ein finn på sida med oversikt over alle farevarsla på Yr (u.d), står området i parentes i hovudoverskrifta. Eg meiner derfor det er noko unødvendig å ha området langt oppe i varselet, sjølv om det kan seiast å vere ein del av situasjonskomponenten.

Uansett om området vert ein del av skildringa fremst i varsla eller ikkje, bør ein passe på at dei ulike elementa ikkje vert for lange. Ein kan spørje seg om det eigentleg er nødvendig med så lange situasjonsskildringar som ein finn i nokre av varsla, og kven dei er retta mot. Sidan

farevarsla er ein digital sjanger som heng saman med det ordinære farevarselet, kan ein tenke seg at brukaren av varsla allereie kan ha danna seg eit situasjonsbilete ut ifrå den vanlege vervarslinga. Det kan hende at det ikkje er så nødvendig at situasjonen kjem fyrst. Det kjem an på kor god ein er til å danne seg ei situasjonsforståing ut ifrå det vanlege vervarselet. Det er også nokre varsel som er aktuelle sjølv om det til dømes er strålende sol, og null i vind, fordi det tidlegare har regna mykje og det framleis er flaum. Det vil seie at faren ikkje er over sjølv om veret har endra seg. Eg trur derfor at mange kan ha nytte av situasjonsskildringa, for å skape ei felles forståing før ein kjem med problem- og løysningskomponenten.

Å endre strukturen til eit mønster som likner blokkmønsteret, ser ut til å vere mogleg å gjere med det CAP-formatet som vert brukt i dag, da elementa passar godt til skjemaet. Det ein finn under overskriftene *Konsekvenser*, *Anbefalinger* og *Beskrivelse*, er alle ulike element i CAP-formatet, noko som gjer at ein berre må endre rekkefølga på elementa i sjølve presentasjonen av varsla. Dette er også ein struktur som har blitt brukt tidlegare i farevarsla, fram til våren 2023, da dei

endra rekkefølga og byrja å presentere anbefalingane og konsekvensane i punktlistar. Ein kan sjå det gamle formatet i figur 14. Som ein ser i figuren består varselet av ei hovudoverskrift, skildring av situasjonen, *Område*, *Anbefaling* og *Konsekvenser* før ein til slutt har kva nivå faren låg på. Dette formatet meiner eg fungerte betre, fordi det har ein meir logisk struktur, sett opp mot det typiske blokkmønsteret ein finn i PL-skjemaet. Eit problem med den gamle måten å presentere varsla på er at konsekvensane og anbefalingane bli mindre synlege, og dette kan vere problematisk da det ifølge Weyrich et al. (2018) er dei elementa som har størst effekt på mottakarens handling. Det verkar derfor føremålstenleg at desse elementa er godt synleg. Eit forslag kan vere å behalde punktlistane, sidan dei bidrar til å framheve dei viktigaste elementa. I analysen kom det fram at bruken av punktlistar kan vere problematisk og vidare vil eg drøfte det.

Figur 14 Eldre farevarsel

Ventes: Jord- og flomskredfare (Nordvestlandet og deler av Trøndelag)  
Gult nivå

Faren for jordskred øker pga av vedvarende mye regn i perioden torsdag kveld til lørdag kveld. Vannmetningsgraden i bakken er høy. Det er store lokale forskjeller i nedbørprognosene pga at det ventes bygenedbør (se regnvarsel fra MET på varsom.no for mer informasjon). Bratte skråninger, samt bekker og elveløp med stor vannføring er spesielt utsatt.

Område  
Gjelder for Nordvestlandet og deler av Trøndelag.  
[\[varsom.no\]](https://varsom.no)

Anbefaling  
Hold deg oppdatert om utviklingen av været, skred- og flomsituasjonen, og følg værradaren. Hold stikkrenner, kummer og andre vannveier fri for snø/is, grus, søppel, kvist og løv. Tette vannveier med oppdemmet vann kan forårsake skred.

Konsekvenser  
Skredhendelser kan forekomme. Utsatte bane- og vegstreknninger kan bli stengt.

De tre nivåene  
 Gult - moderat fare  
 Oransje - stor fare  
 Rødt - ekstrem fare  
Les mer om nivåene på [hjelpe.yr.no](https://hjelpe.yr.no)

### 7.3 Punktlistor

I analysen fann eg at både konsekvensane og anbefalingane i farevarsla på Yr vart presentert i punktlistor, og at det nokre gonger kunne vere problematisk. Det er fleire klarspråksråd om korleis ein skal bruke og utforme punktlistor. Det kan vere fleire fordeler med å bruke ei punktliste. Dei kan blant anna vere nyttige når ein skal framstille viktig informasjon på ein klar måte, og særleg når det er ei form for oppramsing. Punktlistene kan vere meir oversiktlege og lettare å lese enn samanhengande tekst. Dette betyr likevel ikkje at det er fritt fram, og at det alltid er riktig å bruke punktlistor. Punktlistene bør sparast til det viktigaste og utformast på riktig måte (Språkrådet, u.d).

I drøftinga over om struktur kom eg fram til at konsekvensane og anbefalingane såg ut til å vere dei viktigaste elementa i farevarsla, noko som gjer at MET og NVE tilsynelatande bruker punktlistor i farevarsla på ein god måte, da det bidrar til å framheve dei viktigaste elementa i teksten. Samtidig kom det fram i analysen at måten punktlistene vart brukt på, ikkje alltid presenterte informasjonen i varsla på ein god måte. I nokre av punktlistene forsvinn til dømes noko av samanhengen mellom punkta. I tillegg viste analysen at punktlistene består av ulike typar setningar. I punktlistene finn ein både utsegnsetningar, setningsfragment og imperativsetningar. Dei fleste imperativsetningane var i anbefalingane, men det kunne også snike seg inn utsegnsetningar. I anbefalingar var det særleg kategorien *beredskap*, og *konsekvensar i anbefalingane* som skilte seg ut. Konsekvensane kunne bestå av utsegnsetningar og setningsfragment.

Når ein ser på klarspråksråda, har dei ikkje noko forbod mot den eine eller andre typen setningar når ein skal lage punktlistor, men anbefalinga er, som sett i 4.5, å vere konsekvent og berre ha punkter på same nivå. Det vert ikkje alltid følgt i farevarsla, og det kan vere forstyrrende og uheldig for forståinga. Punkta kan blant anna hindre viktige samanhengar for å forstå varsla, i tillegg til at punkta kan opplevast som rotete. Dersom ein skal utnytte punktlistene si affordans vil eg argumentere for at ein må endre måten ein utformar punkta på. Slik det ser ut i dag, kan det verke som at MET og NVE ikkje har endra måten dei utformar sjangeren på etter endringa i 2023, der dei innførte punktlistor på Yr sine tenester. Noko av årsaka kan vere at varsla er presentert ulikt i dei ulike tenestene. Til dømes presenterer farevarsla på Varsom seg i ei anna rekkefølge og utan punktlistor. Det bør truleg siktast mot ei felles løysning, der alle enten bruker punktlistor, eller brødtekst, og at ein tilpassar og skriv tekstane deretter.

## 7.4 Mottakarbevisstheit

I analysen undersøkte eg også kven som ser ut til å vere intenderte mottakarar. I analysen kjem det fram at det vert påverka av fleire faktorar. MET har i utgangspunktet ei brei mottakargruppe som omfattar heile samfunnet, medan NVE ser ut til å prioritere beredskapsaktørar, men at varsla deira også kan vere relevante for andre delar av befolkninga. Varsla på Yr er tilgjengeleg for alle, men er også geografisk og tidsmessig knytt til ulike stader og tidspunkt. Dette gjer at farevarsla er mest relevant for dei som er i det aktuelle området eller planleggar å vere der når faren oppstår. At farevarsla skal nå ut til ei stor mottakargruppe, vert reflektert i mangfaldet av anbefalingane. Når eg til dømes analyserte anbefalingane i 6.3.1, fann eg ut at nokre av anbefalingane var svært generelle og gjeld mange, medan andre er meir spesifikke og gjeld nokon få. Til dømes er kategorien *transport og reising* primært til dei som skal reise, og særleg dei som skal køyre sjølv, medan andre tiltak kan gjelde mange. I tillegg kan nokre av anbefalingane verke motstridande eller uklare i forhold til kven som er den tiltenkte mottakaren. I varsel NVE5 skal ein til dømes både halde seg unna elvar og bekkar med stor vassføring, og ein skal sikre og flytte verdier bort frå utsette område, altså langs elver og bekker. I andre varsel har ein sett at det er uklart kven anbefalingane er for, til dømes varsla som har anbefaling om reinsing av stikkrenner eller andre veger vatnet tar, som vist i 6.4.2.

Det at farevarsel er ei form for massekommunikasjon, er ei utfordring for sjangeren når ein ser den opp mot klarspråksråda. Massekommunikasjon er, som Nord (2017, s. 15) får fram, ei stor utfordring når ein skal skrive gode tekstar. Problemet er at når ein skal nå breie målgrupper, endar det som oftast med at teksten, eller varselet i dette tilfellet, ikkje passar særleg godt for nokon. At farevarsla har så brei mottakargruppe, meiner eg er ei av dei største utfordringane for sjangeren. Dette skapar utfordringar på fleire språklege nivå. Ulike delar av befolkninga har ulik bakgrunnskunnskap og ordforråd og vil derfor ha behov for ulik informasjon. Videre vil eg diskutere problemet med du-tiltale som er eit typisk klarspråksråd, før eg ser nærmare på andre språklege nivå som også kan ha betydning for mottakaren.

### 7.3.1 Du- tiltale og direktive språkhandlingar

I analysen kom det fram at dei intenderte mottakarane for varsla er knytt til både til tid og stad, altså kva område varselet er relevant for, og at ein må vere på det området. Dette betyr likevel ikkje at andre ikkje kan ha interesse av å lese varsla. Det kan til dømes vere interessant

å sjekke om ein har kjente i eit område der det er eit farevarsel, eller om ein skal vurdere om ein skal reise ein plass eller ikkje. I tillegg er varsla meint både for beredskapsaktørar, næringsliv og vanlege folk. I klarspråksråda for krisekommunikasjon anbefaler Språkrådet (2020) å bruke tiltaleforma *du* når ein vender seg til mottakaren. I dei direktive språkhandlingane i varsla vert *du-et* underforstått. Som ein såg i 6.3.1, er dei direktive språkhandlingane ein finn i varsla, som oftast realisert gjennom imperativsetningar. I analysen såg ein også at språkhandlingane var retta mot ulike grupper som dei ulike anbefalingane var relevante for. Imperativsetningar har normalt eit underforstått subjekt som oftast eit *du* eller *de*, altså andre person fleirtal eller eintal (Faarlund et al., 1997, s. 954). På grunn av det underforståtte *du-et* ein finn i dei direktive språkhandlingane, kan ein seie at dei har ei implisitt *du*-tiltaleform.

Både *du*-tiltale og imperative setningar kan bli problematisk. Bruken av *du*-tiltale i massekommunikasjon er omdiskutert, blant anna fordi *du*-tiltalen ofte endar med å vende seg til ein lesar som ikkje kjenner seg igjen i tiltalen, og ein endar ofte opp med at ingen kjenner seg heilt igjen i *du-et* (Nord, 2017, s. 15). Tekstane med *du*-tiltale vender seg til lesaren, men risikerer altså å treffe dårleg. Det kan bety at dei direktive språkhandlingane ikkje er så gode til å skilje mellom kven den intenderte mottakaren er, og alt vert på ein måte retta mot den som les, og lesaren må sjølv avgjere om det er nokre av anbefalingane som i det heile tatt er relevante. Når ein ikkje er tydeleg på kven anbefalingane er intendert til, og alt på ein måte refererer til lesaren, kan det bli lettare for at ein ikkje berre ignorerer det som ikkje er retta mot seg, men at ein ignorerer anbefalingane som ein bør følge. I analysen er anbefalingane om å *rense stikkrenner* eit godt døme. NVE brukar imperativsetning, medan MET bruker ein passiv konstruksjon, og likevel kan begge bli ignorert fordi det er uklart kven som skal gjere det.

Eit viktig spørsmål er korleis ein kan unngå problemet, og at den intenderte mottakaren forstår at det gjeld han eller henne. Tønnesson (2021, s. 214) meiner at ein nokre gongar kan differensiere og kommunisere særskilt med enkelte grupper og dele opp teksten deretter. Det vil seie at avsendaren i ein og same tekst kan differensiere og tydeleggjere kven ein vendar seg til. Til dømes er det mange konsekvensar og anbefalingar som er retta mot reisande, inkludert dei som skal køyre sjølv. Da kan dette samlast og det kan tydeleggjerast at desse anbefalingane gjeld dersom du skal reise til dømes kan det stå «til dei som skal reise anbefaler vi ...» eller «til beredskap anbefaler vi ...». Akkurat korleis dette skal gjerast, er ikkje klart,



men ei moglegheit er å samle det som høyrer saman og vere meir eksplisitt i høve til kven det gjeld, slik som ein gjer i det argumenterande bølgeomønsteret, og som ein såg døme på i figur 13. Kategoriane eg har laga i 6.3 kan også brukast til å identifisere ulike grupper av mottakarar.

## 7.4 Setningsfragment og fagterminologi

Analysen tyder på at farevarsla er ein såkalla økonomisk sjanger. Med dette meiner eg at tekstane er korte, men likevel tettpakka med informasjon. Det kan vere fleire årsaker til at teksten vert så tettpakka. I analysen undersøkte eg både bruken av fagterminologi og setningsfragment, som er to aspekt ved sjangeren som kan bidra til at sjangeren vert tettpakka med informasjon. At informasjonen er så tettpakka kan vere både bra og dårleg. Det vil kome an på mottakaren, og kor mykje bakgrunnskunnskap mottakaren har på feltet.

### 7.4.1 Setningsfragment

I analysen fann eg fleire døme på bruk av setningsfragment. Dette gjaldt ikkje alle varsla, men ein del. Ein finn døme på setningsfragment både under *Konsekvenser*, nokre døme under *Beskrivelse* og eit døme under *Anbefalinger*. Setningsfragmenta var stort sett utbygde substantivfrasar med fleire tillegg. I tillegg er det nokre andre døme på setningsfragment med ein annan struktur. Ut ifrå klarspråksråda hos Breivega et al. (2010) skal ein unngå setningsfragment, men det kjem ikkje klart fram kvifor det er slik. Samtidig er ikkje bruken så uvanleg som ein skulle tru. Vinje (2014) får fram at det er vanleg å bruke setningsfragment i friare stilartar som aviser, skjønnlitteratur og reklame. Han meiner også at bruken ikkje alltid er klandreverdig, fordi det kan vere nyttig når ein skal auke tempoet og skrive kort. Bruken av setningsfragment verkar mindre er kanskje mindre vanleg i fagtekstar. Eit spørsmål vert da om det er føremålstenleg med setningsfragment i ein sjanger som farevarsel. Sjangeren er i utgangspunktet ein relativt kort sjanger som gjev eit raskt bilete av situasjonen. Det at sjangeren skal vere så effektiv, kan vere ein forklaring på bruken av setningsfragment.

Når ein ser på Nordman (1994, s. 142) si undersøking av svensk vervarsling i aviser, finn ho også bruk av setningsfragment i vervarslinga i to av avisene. Nordmann hevdar at det er den vanlege måten å presentere prognosane for veret på. Dette kan tyde på at bruk av setningsfragment er vanleg i vervarsling. Likevel kan også bruken hindre forståing og skape forvirring i teksten. Det er viktig å spørja seg kva setningsfragment gjer med farevarsla og

forståinga. Setningsfragmenta manglar ulike syntaktiske ledd. Det kan bidra til at viktige aktørar, og kausale og temporale samanhengar ikkje kjem klart fram, og det kan dermed påverke prosesseringskostnaden. Eventuelt kan det også bidra til å hindre forståinga. Når ein bruker setningsfragment bør ein vere bevisst på kva som vert utelat. Nokre av desse problema får ein også når ein brukar punktlistar. Det er vanskeleg å kome med konkrete svar på om setningsfragmenta er effektivt språkbruk eller om det bidrar til å hindre forståinga av farevarsla. Tekstar er komplekse, og det er mykje som spelar inn. Bruken av setningsfragment bør studerast nærmare og testast på brukarane, for å finne ut om dei er til hinder for forståinga, eller om dei fungerer effektivt.

#### 7.4.2 Fagtermar

Eit anna aspekt som kan gjere sjangeren økonomisk, er orda. Eit problem når ein skal nå ut til massane, handlar om ordforrådet. Det er fleire aspekt med orda som kan hindre forståing, men eg har undersøkt bruk av fagtermar. I analysen kom det fram at det blir brukt ein del fagtermar. Farevarsla i analysen varierte i kor stor prosentdel som var fagtermar, delen låg mellom 3,8% -13,6%. Det er sannsynleg at ein god del av fagtermene er forståelege for mange av mottakarane, da ver er eit hyppig diskutert tema i kvardagen til nordmenn. I *Aftenposten* vert statsmeteorolog Kristian Gislefoss sitert på at «Nordmenn er sykkelig opptatt av været. Man skal lete lenge etter et folkeslag som er verre» (Fallsen, 2021). Det er likevel sannsynleg at det er ein del termar som ikkje er like allmennkjente, eller som har ei meir presis tyding i den faglege samanhengen, enn det ein finn i den daglegdagse samtalen om været. Eg trur at ord som *snøskredproblem* og dei orda som høyrer til: *Vedvarende svakt lag (flakskred)*, *våt snø (flakskred)*, og *Fokksnø (flakskred)* kan vere utfordrande å forstå. Andre ord som kan vere vanskeleg å forstå kan vere, *NN54*, *NN2000*, *konventeringsfaktor* og *værradar*.

Orda tilknytt snøskred er truleg vanskelege for dei som har lite erfaring med snø, og snøskredfare. På nettsida Varsom forklarar dei at snøskredproblem handlar om «(...)hvilke oppbygning av snødekket og hvilke snøtyper som mest sannsynleg er årsaken til at et skred vil løsne» (Varsom, u.d-d). Denne tydinga kjem ikkje klart fram når termen vert brukt i farevarsla, sjølv om ein veit både kva eit snøskred er, og kva eit problem kan vere, gjev ikkje ordet nødvendigvis mening. Derfor meiner eg at *snøskredproblem* kan vere vanskeleg. Dei resterande orda om snøskred som eg nemnte ovanfor, kan også være vanskeleg å forstå, da dei

forutset god kunnskap om ulike typar snø, og kva type skred dei kan lage. Dei andre orda kan også vere vanskeleg. Særleg NN54, NN2000 er ord eg ikkje trur folk flest kjenner, sjølv om mange bruker *meter over havet*, som er oppgitt i NN2000 og tidlegare NN54. *Værradar* har eg tatt med som mogleg vanskeleg, fordi ordet truleg skal vise til <https://www.yr.no/nb/kart/radar> som viser data frå verradaren, men dersom ein skal finne denne sida på Yr, trykkjer ein ikkje på noko som heiter verradar, men på «kart».

Å bruke fagtermar er ofte effektive, og det gjer at tekstane vert tettpakka. For dei som har god kjennskap til termane, vil det gjere teksten både effektiv og presis, men for andre kan bruken gjere teksten vanskeleg og utilgjengeleg. Maagerø & Skjelbred (2010, s. 133) trekk fram at når mottakaren ikkje forstår fagterminologien, kan det fungere ekskluderande. Det gjer at ein ikkje får same tilgang og nytte av varsla og det kan vere problematisk når varsla skal nå ut til ulike delar av samfunnet. Eit viktig spørsmål er kva skal ein gjere med dei fagtermene som er meir ukjente, når ein skal nå ut til både fagpersonar og lekmenn. Når ein skriv til ei brei målgruppe, er klarspråksrådet at ein skal tilpasse teksten til mottakaren med minst forkunnskapar (Breivega et al., 2010). Dette er noko ein må tenkja på når ein skriv ein fagtekst som skal nå ut bredt, men det er utfordrande å få til. Det er vanskeleg å føresjå kva som er vanskeleg å forstå for mottakaren, særleg når ein sjølv kan mykje om tema. Det finst likevel nokre ulike måtar og råd for korleis ein kan løyse problema med fagtermar. Ei løysning er å sløyfe fagtermar og erstatte dei med daglegdagse ord. Å fjerne alle fagtermar er ikkje ein optimal løysning, det kan føre til at tekstane vert svært lange, særleg om tekstane skal oppretthalde sin presisjon (Breivega et al., 2010). Det at tekstane vert for lange er uheldig, da ein ofte mister lesaren.

Det er likevel ikkje nødvendigvis slik at ein må avslå ideen om å erstatte fagtermar med meir daglegdagse ord. Sivle og Aamodt (2019, s. 438) får fram fleire aspekt ein må ta stilling til dersom ein vil bruke vanlege ord i vervarslinga. Eit problem dei trekk fram, er at vanlege ord har ulike tydingar for ulike folk, og kan også variere ut ifrå kva sosial gruppe ein høyrer til på grunn av personlege verdiar og erfaringar. Eit spørsmål dei undersøker, er korleis ein kan auke lesbarheita ved å bruke daglegdagse ord, og samtidig redusere variasjonar i tolkinga som ikkje var intendert. Noko som vert trekt fram i artikkelen, er å bruke grafikk til å redusere variasjonen i tolkingane. Sidan eg ikkje har sett på det multimodale, har eg i denne oppgåva lite grunnlag for å seie noko om samspelet mellom dei ulike grafiske elementa og teksten, men det kan tenkjast å vere ei god løysning. Dette forutset, som Sivle og Aamodt (2019, s.

439) får fram, at ein klarar å lage eit varsel som kombinerer grafikk, tal og tekst på ein tiltalende måte som er enkel å lese. Undersøkinga til Sivle og Aamodt tar føre seg vervarsling og ikkje farevarsla spesielt, men eg meiner at drøftinga og føringane dei kjem med, kan ha overføringsverdi til farevarsla. I farevarsla i dag vert det brukt mykje tekst til å formidle fare, konsekvensar og anbefalingar. God grafikk kan truleg bidra til å lette lesinga av farevarsla.

Dersom ein likevel vil behalde fagtermene, finst det fleire potensielle løysningar. Eit klarspråksråd er å ha ordforklaringar fyrste gong ordet vert introdusert i teksten. Det vil gjere at ein i tillegg til konstative og direktive språkhandlingar vil få bruk for kvalifiserande språkhandlingar. Definisjonar er ein type kvalifiserande språkhandling, fordi dei skaper ein ny verkelegheit, eller bestemmer korleis eit ord skal bli forstått i ein spesifikk samanheng. Å legge inn ei ordforklaring eller ein definisjon av ordet fyrste gong det vert brukt, kan vere ei løysning for å gje alle brukarane lik tilgang til termene. I 6.6 såg ein at det i nokre varsel blir brukt svært mange fagtermar. Dersom alle termene skal verte forklart fyrste gongen i kvart varsel, kan det gjere teksten lang, noko som kan gjere at ein mister lesaren. I tillegg kan setningsstrukturen verte meir komplisert. Dersom ein skal gjere dette, bør ein undersøke fagterminologien nærmare for å finne ut kva termar som treng å bli forklart, og kva termar som også vert brukt i daglegspråket med ein lik eller liknande nok betydning. Dette kan gjerast både gjennom korpusundersøkingar, eller gjennom å brukarteste. Nylenna (2011) har til dømes undersøkt forståing av fagterminologi i helse gjennom å undersøke 1000 personar si forståing av fem vanlege medisinske faguttrykk.

Ei anna klarspråksråd er å ha lett tilgjengelege ordlister som ein kan gå inn på når ein vert usikker på eit ord. NVE har blant anna laga ordlister til flaumvarsla og jord- sørpe- og flaumskredvarsla sine. Desse ordlistene er i dag vanskeleg tilgjengelege, da ein sjølv må vite at dei eksisterer, og gå inn på Varsom for å finne dei. For å gjere desse ressursane meir tilgjengelege, kan ein lenke ordlistene direkte i varsla. I ordlistene til NVE vil eg tørre å påstå at det manglar fleire termar som *erosjonsskade*, og at ordforklaringane er noko kompliserte og ser ut til å vere sikta mot andre fagfolk heller enn lekmenn. *Utglidning* vert til dømes definert slik: «**Utglidning** er en glidende (plan eller skålformet) og grunn bevegelse i løsmasser med liten utstrekning. Opptrer ofte i leirterreng og fyllinger» (Varsom, u.d-c). Denne definisjonen verkar litt komplisert. Når eg som lekmann les dette aukar ikkje forklaringa forståinga mi noko særleg. Eit anna døme er *Flom*, som vert definert slik:

«**Flom** er en forholdsvis stor vannføring i en elv. I enkelte elver med naturlige eller kunstige bredder, kan det være praktisk å definere flom som en vannføring som går over breddene. Imidlertid kan andre årsaker enn stor vannføring ofte forårsake mer lokale oversvømmelser, for eksempel ved oppstuvning på grunn av ismasser i elveløpet, utrasinger av masser som for en tid demmer opp elven, kulverter eller rør med redusert kapasitet, eller høyt tidevann nær utløpet. Flom kan også defineres kvantitativt i forhold til størrelse og statistisk gjentaksintervall. En middelflom (normal flom) defineres som gjennomsnittet av høyeste vannføring hvert år i en hel årrekke» (Varsom, u.d-b).

Dette er ei veldig lang forklaring med det som kan sjå ut som ulike definisjonar og forståingar av termen *flaum*, noko som kan bidra til forvirring. Ut ifrå desse døma er eg usikker på kven som er intendert mottakar for ordlistene til NVE. Det er også brukt nokre illustrasjonar i ordlistene, og desse kan gjere definisjonane meir tilgjengelege for folk flest. Likevel verkar som at definisjonane er retta mot andre fagfolk, heller enn lekfolk. I *Norsk medisinsk leksikon* har dei arbeidd med definisjonar og fagartiklar som skal nå ut både til fagfolk og lekfolk, og det verkar som at dei i stor grad har lykkast med dette. Artiklane vert brukt av ungdomsskuleelevar, andre lekfolk og fagfolk. Hiis (2021, s. 107) trekk fram at når ein skriv for både fagfolk og lekfolk står i ein skvis mellom dei faglege presise definisjonane og det som er allment forståeleg. I *Norsk medisinsk leksikon* har dei valt den meir allment forståeleg definisjonen, fordi ein har moglegheit til å utdjupe definisjonen seinare i artikkelen. Ofte deler ein også opp definisjonane i fleire ledd (Hiis, 2021, s. 107). Å velje ein allmenn forståeleg definisjon er truleg lurt også for MET og NVE.

Det er fleire måtar å lage gode definisjonar og ordforklaringar på. For å forklare ord godt og lage gode definisjonar meiner Breivega et al. (2010) at ein bør bruke ordbøker og oppslagsverk. Breivega et al. trekk også fram at det er viktig å gje lesaren definisjonar og ikkje berre døme på bruk av termane. Målet med ordforklaringane er at dei skal hjelpe og ikkje forvirre. Når ein lagar definisjonar og ordforklaringar, skal brukaren sleppe å slå opp andre ord som vert brukt i forklaringa. Det er også viktig å få teste ordforklaringane på dei som skal bruke dei. Det kan vere tidkrevjande for MET og NVE å skrive definisjonar og legge inn desse kvar gong ein sender ut eit varsel. Dersom det er teknologisk mogleg, kunne ein ha gjort eit termarbeid med gode definisjonar, og gjort det slik at orda automatisk fekk ei ordforklaring i varsla. Eventuelt kan ein lage lister og bruke dei meir manuelt i arbeidet, slik at orda vert forklart på ein forståeleg måte kvar gong.

virusene og på hvilken måte.

– Kan man gi noen råd om kosthold og livsstil ut fra funnene i deres studie?

– En sunn livsstil påvirker ikke bare bakteriene i tarmen. Det påvirker også virus, sier Rounge og påpeker at resultatene i høyeste grad er aktuell for mange tarmsykdommer – som irritabel tarmsyndrom og inflammatorisk tarmsykdom.



Figur 15 dømme på hybrid løysning henta frå Dyregrov, 2024.

Sidan farevarsla er digitale tekstar, kan det vere mogleg å lage ei hybrid løysning. Fleire nettaviser har starta med å markere orda, slik at ein kan trykkje på dei å få opp ei forklaring utan at ein går ut av artikkelen. Eit døme på ei slik løysning kan ein sjå i figur 16, henta frå *Bergens Tidende*. I artikkelen har dei markert fagord i blått og ein kan trykkje på i, for å få opp ein ordforklaring, utan at ein går ut frå sida. Dersom ei slik løysning er mogleg, vil tekstane kunne vere effektive og økonomiske for dei som kan fagtermane, og dei som ikkje har den bakgrunnskunnskapen, får lettare tilgang til varsla. For at det skal ha ein god effekt for fagtermane, er det viktig at orda forklarast godt. I tillegg er det viktig at teksten fungerer godt utan å opne definisjonane.

For å oppsummera kan ein seie at det er mykje fagterminologi som vert brukt i varsla, og dette kan vere til hinder for forståing. For å få til ei god løysning for fagtermane bør ein undersøke termane vidare for å finne ut kva termar som er vanskelege og ukjente for ulike brukargrupper. I tillegg bør ein arbeide med å lage gode definisjonar, som er lett tilgjengelege og som kan bidra til å auke forståinga.

#### 7.4.2.1 Termbruk i teksten

Eit anna interessant funn eg gjorde i analysen, var bruken av termar i hovudoverskrifta i varsla og termbruken i skildringa. I 6.3.3 kom det fram at det ikkje alltid er samspel mellom termen som vert brukt i hovudoverskrifta til varsla, og termane som vert brukt i delen som gjev ei skildring av faren. Ifølge Colleuille et al. (2017) er overskrifta ein fast tekst knytt til faren det er meldt om, og skildringa i farevarsla skal gje ei kort skildring av faren som beskriver hendinga, og brukaren skal få fleire detaljer om faren.

Eit klarspråksråd hos Språkrådet (u.d) er å vere konsekvent i ordvalet. Det vil seie at ein ikkje skal bruke fleire ulike ord på same ting, eller fenomen. I analysen finn eg nokre døme der det ser ut til å ha vore uklart kva term ein skal bruke. I farevarsla for skogbrann bruker dei omgrepet *skogbrannfare* i overskrifta, medan i skildringa er det snakk om lokal *gress- og*

*lyngbrannfare*, og i varselet om styrtregn bruker dei *svært kraftige regnbyger* i staden for omgrepet *styrtregn* i skildringa. Dette kan gjere det vanskelegare for mottakaren å forstå relasjonane mellom dei ulike orda i teksten. I ordlista på Varsom står det at «**Styrtregn/skybrudd/ Kraftige regnbyger** er intens nedbør, oftest på sommeren (...)» (Varsom, u.d-b). Dette gjev inntrykk av at *kraftige regnbyger* og *styrtregn* er synonym. At styrtregn og kraftige regnbyger vert brukt som synonym, er ikkje sikkert at brukaren veit, og det kan auke prosesseringskostnadane.

I analysen finn eg også nokre tilfelle der termen som vert brukt i overskrifta ikkje vert brukt i skildringa av veret. Døme på det finn ein blant anna i NVE sine varsel om flaumfare. Som eg påpeikte i analysen, kan dette bidra til å auke prosesseringskostnadene, da mottakaren sjølv må pusle saman at høg *vannstand* er det same som flaum. I analysen gjorde eg også interessante funn om varsla for jord-, sørpe- og flaumskred, som kan bidra til å auke prosesseringskonstanden. Det eine varselet inneheld ei skildring der ein skriv om berre to av skredtypane, medan det andre varselet ikkje nemner noko om skred, men skriv om regn. Det er ingen klarspråksråd som går akkurat på dette, men om ein ser til relevante teorien, kan ein tenkje seg at dette bidrar til å auke prosesseringskostnadene. Prosesseringskostnad handlar som tidlegare sagt om den språklege informasjonen, og korleis ein klarer å knyte den informasjonen til den resterande teksten og konteksten. Sidan hovudoverskrifta står så langt unna skildringa til varsla, kan det å bruke same term som i hovudoverskrifta til varsla bidra til å lette prosesseringskostnadene, da det knyter teksten betre saman.

## 7.5 Samanfating av diskusjon

I denne delen har eg diskutert og drøfta ulike aspekt ved sjangeren som kan stå til hinder for forståinga. Eg starta kapitelet med å argumentere for at farevarsle er éin sjanger. Etter det gjekk eg vidare til å diskutere kva struktur sjangeren bør ha. Det er vanskeleg å kome med ein klar konklusjon om kva struktur som er best, men eg har diskutert ulike alternativ som gjer at teksten liknar meir PL-modellen. Deretter gjekk eg vidare og drøfta nokre problem med punktlistene før et til slutt tok føre meg fagtermane. Det er fleire løysningar for kva ein skal gjere med fagtermane, og det krev fleire undersøkingar for å kome fram til gode svar.

## 8 Oppsummering og konklusjon

I denne oppgåva har eg undersøkt problemstillinga: *Kva kjenneteiknar sjangeren farevarsel på Yr, og korleis kan farevarsla eventuelt forbeholdt med tanke på forståelegheit?* Eg tatt utgangspunkt i Swales (1990) og Bhatia (1993) sin forståing av sjangeromgrepet. Dei legg vekt på at sjangrar kjenneteiknast av felles kommunikative mål, og får å nå desse måla går ein igjennom eit sjangerskjema. For å svare på problemstillinga har eg gjennomført ein diskursanalyse kor eg har undersøkt sjangeren både tekstinternt og teksteksternt, og på den måten har eg prøvd å gjere ein tjukk analyse av sjangeren farevarsel. Eg har undersøkt språkhandlingar, sjangerens kommunikative mål, sjangerskjema, setningsfragment og fagtermar. Gjennom å undersøke desse trekka har eg fått innsikt i korleis sjangeren ser ut, og fann nokre trekk ved sjangeren som kan forbeholdt med tanke på forståelegheit.

Undersøkinga viser at sjangeren skal bidra til å sikre liv og verdier og gjer dette gjennom å presentere ei skildring av venta fare, og presentere anbefalingar og konsekvensar. Skildringa og konsekvensane vert presentert gjennom konstative språkhandlingar, medan anbefalingane er direktiver. For å nå det kommunikative målet går ein gjennom ulike steg, som har ei rekke moglege element. Oppsummering av sjangerskjemaet kan ein sjå i figur 10. Sjangerskjemaet viser at det er sju steg i sjangeren. I stega er det ulike kategoriar og element som kan, eller skal vere med. I steg 1 finn ein hovudoverskrifta, som er ein fast tekst, og eit fast ikon som er knytt til fare og faregrad. I tillegg kan steget ha adjektiv knytt til faregrad og ha med område. Steg 2 er anbefalingane, dei skal vere av generell art. Ut ifrå analysen kan anbefalingane vere knytt til transport og reising, unngå ferdsel, følg med, følg myndigheiter instruksjonar, andre tiltak og beredskap. I tillegg kan ein finne nokre konsekvensar i steget sjølv om det er steg 3 som skal presentere konsekvensane. Det 3. steget er som sagt konsekvensane. Det steget kan ha konsekvensar knytt til transport og reising, utsette bygningar og infrastruktur, utsette naturområde eller andre konsekvensar. Det 4. steget er skildringa. I steget kan ein ha med informasjon om kva fare det er snakk om, kva område det gjeld, når faren startar eller er verst, i tillegg til talopplysningar. Steg 5 har overskrifta *Område* og skal ha med kva område varselet gjelder for, og ein URL, og kan ha med ein illustrasjon. NVE legg inn URL [varsom.no] som er lenker til det aktuelle farevarselet på Varsom. MET legg inn URL [met.no] som ifølge innføringa av CAP skal lenke til <https://www.met.no/vaer-og-klima/ekstremvaersler-og-andre-farevarsler>. URL har eg ikkje fått undersøkt noko meir, grunna slike navigeringsmoglegheiter forsvinn når ein tar skjermdumper. Steg 6 er



tidsperioden. I det steget kan ein ha med når faren aukar, når faren er over, eller når faren går føre seg. Det siste steget er faregrader, og det viser kor mange faregrader fenomenet kan ha, og kva faregrad det aktuelle varselet har. Sjangeren har også andre kjenneteikn, som at det er «lov» å bruke setningsfragment, og at det er vanleg å bruke ein del fagtermar.

Gjennom diskusjonen har eg tatt opp fleire trekk ved sjangeren som kan auke prosesseringskostnaden og påverke forståelegheita. I diskusjonen har eg drøfta trekka ved sjangeren opp mot klarspråksråda, som er ei tilnærming til tekst som skal gjere tekstar meir forstålege for mottakaren, i tillegg har eg brukt relevansteorien, og anna relevant teori. Eg har blant anna drøfta sjangerens skjema. Skjemaet liknar eit argumenterande PL-skjema, men har ei anna rekkefølge på komponenten. Rekkefølga i varsla er på den eine sida i takt med klarspråksrådet om å ha det viktigaste fyrst, samtidig som at strukturen kan verke noko ulogisk når ein ser den opp mot vanlege argumenterande teksttypar. Eg har derfor drøfta ulike løysningar for å gjera varsla lettare å forstå. Det er vanskeleg å kome fram til éi bestemt løysning, da varsla går igjennom CAP-formatet, som har bestemte element som skal fyllast ut. I tillegg er det ikkje sikkert at varsla vert lettare å forstå med ein annan struktur, da det er mykje som påverkar forståelegheita. Teksten er blant anna ein skjermttekst, og som ein tidlegare har sett brukar ein skjermttekst annleis enn andre tekstar. Derfor er det ikkje sikkert at eit strengt bølgemønster eller eit strengt blokkmønster er løysninga.

Ei anna utfordring med sjangeren er at den skal nå ut både til andre fagfolk, som beredskapsaktørar, og lekfolk. Ei utfordring handlar ut ifrå analysen om at det nokre gonger er uklart kven anbefalingane er retta mot. Eg har argumentert for at farevarsla bruker ein implisitt du-tiltale gjennom imperativsetningane i anbefalingane, og at dette kan bidra til at varsla treff dårleg. For å betre dette og gjere det klarare kan ein kommuniserer særskilt med enkelte grupper. Korleis dette skal sjå ut i praksis er ikkje klart. Ei anna utfordring knytt til massekommunikasjon handlar om fagtermane. I analyse materialet mitt er det brukt mange fagtermar. Det kan skape utfordringar, da fagterminologi kan gjere varsla mindre tilgjengelege for brukarar som ikkje kan termene. Eg har drøfta nokre ulike løysningar i oppgåva, som bør utforskast meir. I undersøkinga mi har eg til dømes berre identifisert nokre fagtermar som kan tenkjast å vere vanskelege, og det er blant anna behov for å undersøke kva termar som faktisk er vanskelege og ukjente for ulike brukargrupper.

Det er viktig å få fram at det berre er nokre trekk ved sjangeren som er undersøkt, og at desse trekka berre er teoretisk diskutert opp mot klarspråksråda og relevanteorien. Det er behov for å undersøke fleire språklege trekk ved sjangeren farevarsel, og å undersøke korleis folk forstår og brukar varsla. Det multimodale bør også undersøkast nærmare, blant anna samspelet mellom ulike teiknsystem, og korleis fargar og illustrasjonar bidrar i sjangeren og for forståinga. Eit anna trekk som bør undersøkast nærmare, er kohesjonsmekansimer, altså korleis ein skapar samanheng i teksten. Det kan også ha stor påverking på korleis ein forstår farevarsla.

# Litteraturlista

- Alme, B. & Sande, Ø. (1988). *Massekommunikasjon*. Folkets breviskole.
- Andersen, Ø. (2015). Fagspråk som forskningsdisiplin (1. del). *Hermes (Århus, Denmark)*, 2(3), 73-98. <https://doi.org/10.7146/hjlc.v2i3.21404>.
- Askehave, I. & Nielsen, A. E. (2005). Digital genres: a challenge to traditional genre theory. *Information technology & people (West Linn, Or.)*, 18(2), 120-141. <https://doi.org/10.1108/09593840510601504>.
- Austin, J. L. (2006/1962). How to do things with words I A. Jaworski & N. Coupland (Red.), *The Discourse Reader* (2. utg., s. 55-65). Routledge Taylor & Francis Group.
- Bekkelund-Eriksen, E. (2021). Klarspråk i NAV. I E. Hem & M. Nylenna (Red.), *Helsespråk* (s. 192-200). Det norske medicinske Selskab.
- Bhatia, V. K. (1993). *Analysing genre : language use in professional settings*. Longman.
- Breivega, K. R. & Johansen, S. P. (2016). Frå sjanger til teksttype i skriveopplæringa? *Norsklæraren*, 40(2), 50-62.
- Breivega, O., Senje, A. A., Aasen, K., Eckhoff, H. M., Reksten, T. S. & Språkrådet. (2010). *Klarspråk i praksis : håndbok i godt forvaltningsspråk*. Kunnskapsforlaget, Språkrådet.
- Colleuille, H., Engeset, R., Kosberg, S., Orthe, N.-K., Agersten, S., Korsmo, H., Haugen, G. M. & Thomsen, U. O. (2017). *Samordning av farevarsling ved MET og NVE. Innføring av CAP (Common Alert Protocol)* (No. [20]/[2017]). MET report.
- Digdir. (2022). *Meteorologisk institutt: Effektiv håndtering av naturfare - forsterket lokal innsats (en fare-lokal innsats)* Digdir. Henta 21.03.24 frå <https://www.digdir.no/stimulab/meteorologisk-institutt-effektiv-handtering-av-naturfare-forsterket-lokal-innsats-en-fare-lokal/3605>.
- Dyregrov, S. (2024, 29. februar) Stor norsk studie på tarmvirus overrasker. Tre ting i livsstilen vår ser ut til å påvirke. *Bergens tidende*. <https://www.bt.no/sprek/i/wA7eRM/stor-norsk-studie-paa-tarmvirus-overrasker-tre-ting-i-livsstilen-vaar-ser-ut-til-aa-paavirke>.
- Engeberg, J. (2007). *Introduktion til fagsprogslingvistikken*. Academica.
- Fallsen, W. F. (2021, 28. juni) Sjekker du værmeldingen flere ganger daglig? Da er du nok «yroman». *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/amagasinet/i/X8vVag/sjekker-du-vaermeldingen-flere-ganger-daglig-da-er-du-nok-yroman>.
- FN. (2024). *Klimaendringer*. FN-Sambandet. Henta 20.03.24 frå <https://fn.no/tema/klima-og-miljoe/klimaendringer>.
- Faarlund, J. T., Lie, S. & Vannebo, K. I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Universitetsforlaget.
- Grice, H. P. (2006/1975). Logic and conversation. I A. Jaworski & N. Coupland (Red.), *The Discourse Reader* (2. utg., s. 66-77). Routledge Taylor & Francis Group.
- Helbig, F. (2019). *Fare, vær og varsel - En kvalitativ studie av vanlige brukeres forståelse av multimediale farevarsler* [Masteroppgave, Universitetet i Bergen]. Bergen Open Research Archive. <https://bora.uib.no/bora-xmlui/handle/1956/20901>.
- Hiis, H. (2021). Helsespråk i et allmennleksikon. I E. Hem & M. Nylenna (Red.), *Helsespråk* (s. 101-111). Det norske medicinske Selskab.
- Jensen, O. A., Devoli, G., Rustad, B. K., Verhage, A., Viklund, M., Larsen, J. O. & Kristensen, L. L. (2015). *Terminologi for naturfare. Naturfareprosjektet: Delprosjekt 1 Naturskadestrategi*. (90/2015 Rapport). NVEs hustrykkeri. [https://publikasjoner.nve.no/rapport/2015/rapport2015\\_90.pdf](https://publikasjoner.nve.no/rapport/2015/rapport2015_90.pdf).

- Kjøll, G. & Falkum, I. L. (2014). Kognitiv pragmatikk og relevanstheori. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 32(2), 173-196.
- Kress, G., Van Leeuwen, T. & Kress, G. (2021). *Reading images : the grammar of visual design* (3. utg.). Routledge.
- Krøgli, I. K., Devoli, G., Borsányi, P., Engeset, R. & Majala, G. D. (2020). *Effektiv kommunikasjon av naturfarevarsel fra NVE : hvordan kan NVE best formidle naturfarevarsler?* (NVE Rapport nr. 21/2020). NVEs hustrykkeri.
- Kulbrandstad, L. A., Kinn, T. & Kulbrandstad, L. A. (2016). *Språkets mønstre : norsk språklære med øvingsoppgaver* (4. utg.). Universitetsforlaget.
- Ledin, P. (1996). *Genrebegreppet: en forskningsöversikt* (Rapporter från projektet svensk sakprosa ; 2). Institutionen för nordiska språk. <https://oru.diva-portal.org/smash/record.jsf?pid=diva2%3A679560&dsid=-5986>.
- Ledin, P. & Machin, D. (2015). HOW LISTS, BULLET POINTS AND TABLES RECONTEXTUALIZE SOCIAL PRACTICE: A multimodal study of management language in Swedish universities. *Critical discourse studies*, 12(4), 463-481. <https://doi.org/10.1080/17405904.2015.1039556>.
- Lind, M. (2005). Språk som handling og tekst. I K. E. Kristoffersen, H. G. Simonsen & A. Svee (Red.), *Språk: En grunnbok* (s. 39-63). Universitetsforlaget.
- Meteorologisk institutt. (2017). *Om Meteorologisk institutt*. Meteorologisk institutt. Henta 11.04.24 frå <https://www.met.no/om-oss/om-meteorologisk-institutt>.
- Meteorologisk institutt. (2021). *Regn*. Meteorologisk institutt. Henta 05.03.24 frå <https://www.met.no/vaer-og-klima/ekstremvaervarsler-og-andre-farevarsler/vaerfenomener-som-kan-gi-farevarsel-fra-met/farevarsel-for-nedbor>.
- Meteorologisk institutt. (2022). *Formidling av farevarsler* Meteorologisk institutt. Henta 21.03.24 frå <https://www.met.no/nyhetsarkiv/formidling-av-farevarsler>
- Meteorologisk institutt. (2023a). *Faregradering i farger* Meteorologisk institutt. Henta 11.4.24 frå <https://www.met.no/vaer-og-klima/ekstremvaervarsler-og-andre-farevarsler/faregradering-i-farger>
- Meteorologisk institutt. (2023b, 05.12.2023). *Værfenomener som kan gi farevarsel fra MET*. Henta 05.03.24 frå <https://www.met.no/vaer-og-klima/ekstremvaervarsler-og-andre-farevarsler/vaerfenomener-som-kan-gi-farevarsel-fra-met>.
- Maagerø, E. & Skjelbred, D. (2010). *De mangfoldige realfagstekstene: om lesing og skriving i matematikk og naturfag*. Fagbokforlaget.
- Neußner, O. (2021). Early warning alerts for extreme natural hazard events: A review of worldwide practices. *International journal of disaster risk reduction*, 60, 102-295. <https://doi.org/10.1016/j.ijdr.2021.102295>
- Nord, A. (2017). *Klarspråksarbeite och yrkeslivsskrivande: En forskningsöversikt* (Rapporter från Språkrådet; 7) Språkrådet. <http://urn.kb.se/resolve?urn=urn:nbn:se:sprakochfolkminnen:diva-8>.
- Nordman, M. (1994). Minilekter: om de små textgenrens språk. <https://urn.fi/URN:NBN:fi-fe2018061926035>.
- Norsk Naturskadepool. (2024). *Naturskadetopp i 2023*. Norsk naturskadepool. Henta 07.02.24 frå <https://www.naturskade.no/nyheter/2023/naturskadetopp-i-2023/>.
- NVE (2015, 01.02.2024). *Dette er NVE*. Norges vassdrags- og energidirektorat. Henta 11.04.24 frå <https://www.nve.no/om-nve/dette-er-nve/>.
- Nylenna, M. (2011). Medisinsk fagspråk - gradvis mer folkelig og forståelig? *Michael quarterly*, 8(3), 370-382.
- Olsson, S. V. & Kristensen, M. (2024, 04.01.24). 1014 farevarsler i fjord - psykologiprofessor kritisk til mediens håndtering. *NRK*, henta 03.04.24 frå

- <https://www.nrk.no/norge/1014-forevarsler-i-fjor--psykologiprofessor-kritisk-til-mediernes-handtering-1.16702443>.
- Reite, T. (2016, 27.12.2016). Nyttårsorkanen gav oss bedre varsling. *NRK*. Henta 20.11.23 frå <https://www.nrk.no/mr/xl/nyttarsorkanen-gav-oss-betre-varsling-1.13289683>.
- Renkema, J. & Schubert, C. (2018). *Introduction to discourse studies*. John Benjamins Publishing Company.
- Schwebs, T. & Otnes, H. (2006). *Tekst.no : strukturer og sjangrer i digitale medier* (2. utg.). Cappelen akademisk forlag.
- Searle, J. R. (1976). A classification of illocutionary acts. *Lang. Soc*, 5(1), 1-23. <https://doi.org/10.1017/S0047404500006837>.
- Sivle, A. D. (2023a, 8. desember). farevarsel - naturfare. I *Store norske leksikon*. Henta 05.01.2024 frå [https://snl.no/farevarsel\\_-\\_naturfare](https://snl.no/farevarsel_-_naturfare).
- Sivle, A. D. (2023b). *Farevarsling 2.0. Fra et varsel folk forstår, til et varsel de kan bruke* Klarspog 2023. Henta 01.04.24 frå <https://klarsprog2023.arnastofnun.is/optagelser-fra-konferencen/>.
- Sivle, A. D. & Evans, A. K. D. (2021). Værvarsling. I *store norske leksikon*. Henta 02.04.24 frå <https://snl.no/v%C3%A6rvarsling>.
- Sivle, A. D. & Kolsto, S. D. (2016). Use of online weather information in everyday decision-making by laypeople and implications for communication of weather information. *Meteorological applications*, 23(4), 650-662. <https://doi.org/10.1002/met.1588>.
- Sivle, A. D., Kolstø, S. D., Hansen, P. J. K. & Kristiansen, J. (2014). How Do Laypeople Evaluate the Degree of Certainty in a Weather Report?: A Case Study of the Use of the Web Service yr.no. *Weather, climate, and society*, 6(3), 399-412. <https://doi.org/10.1175/WCAS-D-12-00054.1>.
- Sivle, A. D. & Uppstad, P. H. (2018). Reasons for relating representations when reading digital multimodal science information. *Visual communication*, 17(3), 313-336. <https://doi.org/10.1177/1470357218763330>.
- Sivle, A. D. & Aamodt, T. (2019). A dialogue-based weather forecast: adapting language to end-users to improve communication. *Weather*, 74(12), 436-441. <https://doi.org/10.1002/wea.3439>.
- Språkløva. (2021). *Klart språk* (LOV-2022-12-20-115). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/2021-05-21-42/§9>.
- Språkrådet. (2010). *Klar, men aldri ferdig : en praktisk veileder i klarspråksarbeid*. Språkrådet.
- Språkrådet. (2020). *Råd om klarspråk i kriseid*. Språkrådet. [https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/statssprak/22020/statssprak-2-2020\\_kriseklarsprak\\_plakat.pdf](https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/statssprak/22020/statssprak-2-2020_kriseklarsprak_plakat.pdf).
- Språkrådet. (u.d-a). *Enkel sjekklister*. Klarspråk. Henta 07.04.24 frå <https://www.sprakradet.no/klarsprak/om-skriving/sprak-i-lover-og-forskrifter/skriverad/enkel-sjekklister/>.
- Språkrådet. (u.d-b). *Klarspråk - hva og hvorfor?* Språkrådet. Henta 30.01 frå <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Det-offentlige/Klarsprak/>.
- Språkrådet. (u.d-c). *Kort om klarspråk*. Klarspråk. Henta 13.02.24 frå <https://www.sprakradet.no/klarsprak/om-klarsprak/kort-om-klarsprak/>.
- Språkrådet. (u.d). *Punktlistor*. Språkrådet. Henta 07.04.14 frå <https://www.sprakradet.no/sprakhjelp/Skriveregler/Punktlistor/>.
- Sveen, A. (2005). Pragmatikk. I K. E. Kristoffersen, H. G. Simonsen & A. Sveen (Red.), *Språk En grunnbok*. Universitetsforlaget.
- Svennevig, J. (2020). *Språklig samhandling : innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse* (3. utg.). Cappelen Damm Akademisk.

- Svennevig, J., Sandvik, M. & Vagle, W. (1995). *Tilnærminger til tekst : modeller for språklig tekstanalyse*. Landslaget for norskundervisning, Cappelen akademisk forlag.
- Swales, J. (1990). *Genre analysis : English in academic and research settings*. Cambridge University Press.
- Trikkonen-Condit (1985) *Argumentative text structure and translation*. [Doktorgradsavhandling, Jyväskylä yliopisto]. JYX Digital. <https://jyx.jyu.fi/handle/123456789/69760>.
- Tønnesson, J. L. (2021). Ti teser om klart språk I E. Hem & M. Nylenna (Red.), *Helsespråk* (s. 212-220). Det norske medicinske Selskab.
- United Nations Office for Disaster Risk Reduction. (2023). *The Common Alerting Protocol (CAP) The international standard format for emergency alerting* United Nations Office for Disaster Risk Reduction (UNDRR). Henta 05.04.24 frå <https://www.undrr.org/early-warnings-for-all/common-alerting-protocol>
- Vagle, W., Sandvik, M., Svennevig, J. & Fjernord. (1993). *Tekst og kontekst : en innføring i tekstlingvistikk og pragmatikk*. Landslaget for norskundervisning Cappelen.
- Varsom. (u.d-a). *Dette er varsom*. Varsom. Henta 20.03.24 frå <https://www.varsom.no/om-varsom/dette-er-varsom/>.
- Varsom. (u.d-b). *Ordliste for flom*. Varsom. Henta 26.04.24 frå <https://www.varsom.no/flom-og-jordskred/ordliste/ordliste-for-flom/>.
- Varsom. (u.d-c). *Ordliste for jord-, sørpe- og flomskred*. Varsom. Henta 26.04.24 frå <https://www.varsom.no/flom-og-jordskred/ordliste/ordliste-for-jord-sorpe-og-flomskred/>.
- Varsom. (u.d-d). *Snøskredproblemer*. Varsom. Henta 06.05.24 frå <https://www.varsom.no/snoskred/snoskredskolen/snoskredproblemer/>.
- Varsom. (u.d-e). *Varslingsnivåer for flom- og jordskredvarsling*. Varsom. Henta 22.04.24 frå <https://www.varsom.no/flom-og-jordskred/varslingsnivaer-i-farger/>.
- Varsom (u.d-f) *Snøskredproblemer*. Varsom. Henta 22.04.24 <https://www.varsom.no/snoskred/snoskredskolen/snoskredproblemer/>
- Vinje, F.-E. (2014). *Riktig norsk* (4. utg.). Vidarforlaget.
- Wengelin, Å. (2015a). Klarspråksråd behöver undersökas. *Klarspråk 2*(2015), 2-2. <https://gup.ub.gu.se/publication/225190>.
- Wengelin, Å. (2015b). Mot en evidensbaserad språkvård? En kritisk granskning av några svenska klarspråksråd i ljuset av forskning om läsbarhet och språkbearbetning. *Sakprosa*, 7(2), 1-17.
- Weyrich, P., Scolobig, A., Bresch, D. N. & Patt, A. (2018). Effects of Impact-Based Warnings and Behavioral Recommendations for Extreme Weather Events. *Weather, climate, and society*, 10(4), 781-796. <https://doi.org/10.1175/WCAS-D-18-0038.1>.
- Wilson, D. & Sperber, D. (1990). Outline of Relevance Theory. *HERMES - Journal of Language and Communication in Business*, 3(5), 35-56. <https://doi.org/10.7146/hjlc.v3i5.21436>.
- Wilson, D. & Sperber, D. (2004). Relevance Theory. I L. Horn & G. Ward (Red.), *The Handbook of Pragmatics* (s. 607-632). Blackwell.
- Yr, (u.d) *Farevrasel i Norge*. NRK og Meteorologisk institutt. <https://www.yr.no/nb/farevarsler>
- Aamodt, T. (2013). *Meningsfullt værvarsel? : et semiotisk blick på de utfordringer og muligheter som o ved formidling av værvarsler* [Masteroppgåve, Universitetet i Agder]. Master's theses in Social Communication. <http://hdl.handle.net/11250/139440>

# Vedlegg 1: transkriberte farevarsel

NVE1 snøskred henta 30.03.23 frå yr.no/nb/farevarsler :

## Pågår: Betydelig snøskredfare (Tromsø)

Oransje nivå

### Anbefalinger

- Ferdsel i skredterreng krever solid kunnskap, erfaring i rutevalg og evne til å identifisere skredproblem.
- Generelt anbefales det å unngå skredterreng.
- Skred kan også treffe enkelte skredutsatte veier og en sjelden gang bebyggelse.

